



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 38

(2008–2009)

Om samarbeidet i NATO i 2008

Innhald

1	Vurderingar og framtidsperspektiv	5	8	Den sivile dimensjonen	27
			8.1	Sivil beredskap	27
			8.2	Kvinner, fred og tryggleik	27
2	NATO-operasjonar og norsk engasjement	9	8.3	Menneskehandel	27
2.1	Afghanistan (ISAF)	9	8.4	NATO-innsats i humanitære kriser ..	28
2.2	Kosovo (KFOR)	11	9	Militær omforming	29
2.3	NATO-operasjonen i Middelhavet (OAE)	11	10	Reform av NATO-hovudkvarteret	31
2.4	Innsats mot sjørøveri utanfor Afrikas Horn	12			
2.5	Treningsoppdraget i Irak	12	Vedlegg		
3	Samarbeidet med andre organisasjonar	13	1	Erklæring frå toppmøtet, Bucuresti 3. april 2008 Ved stats- og regjeringssjefane som deltok på møtet i Nordatlantisk råd	32
3.1	Sivil-militært samvirke – ei samla tilnærming	13	2	Strategisk visjon for ISAF, Bucuresti 3. april 2008 Erklæring frå stats- og regjeringssjefane i landa som medverkar til ISAF, den internasjonale NATO-leidde tryggingstyrken under FN-mandat i Afghanistan	42
3.2	Samarbeidet med EU	13	3	Erklæring frå formannen, Bucuresti 4. april 2008 Møte i NATO–Russland-rådet på stats- og regjeringssjefnivå	45
3.3	Samarbeidet med FN	14	4	Fellesfråsegn, Bucuresti 4. april 2008 Møte i NATO–Ukraina-kommisjonen på stats- og regjeringssjefnivå	47
3.4	Samarbeidet med AU	14	5	Erklæring frå formannen, Brussel 13. juni 2007 Møte i NATO–Russland-rådet på forsvarsministernivå i NATO-hovudkvarteret	49
3.5	Samarbeidet med OSSE	15	6	Fellesfråsegn, Brussel 13. juni 2008 Møte i NATO–Ukraina-kommisjonen på forsvarsministernivå i NATO-hovudkvarteret	50
4	Samarbeidet med Russland	16	7	Fråsegn, Brussel 19. august 2008 Møte i Nordatlantisk råd på utanriksministernivå i NATO-hovudkvarteret	52
5	Forholdet til landa på Balkan, Ukraina og Georgia	18	8	Sluttkommuniké, Brussel 3. desember 2008 Møte i Nordatlantisk råd på utanriksministernivå i NATO-hovudkvarteret	54
5.1	Balkan	18			
5.1.1	MAP-prosessen (Albania, Kroatia og Makedonia)	18			
5.1.2	Partnerskapslanda på Vest-Balkan (Serbia, Bosnia-Hercegovina og Montenegro)	19			
5.2	Samarbeidet med Ukraina	19			
5.3	Samarbeidet med Georgia	20			
6	Partnersamarbeidet	21			
6.1	Euroatlantisk partnerskapsråd (EAPC)	21			
6.2	Dei vesteuropeiske partnerlanda	22			
6.3	Tilhøvet til middelhavslanda og Midtausten	22			
6.4	Tilhøvet til globale NATO-partnarar	22			
7	Nye trygging utfordringar	24			
7.1	Missilforsvar	24			
7.2	Rustingskontroll, nedrusting og ikkjespriing	24			
7.3	CFE-avtalen	25			
7.4	Energitrygging	25			
7.5	Vern mot dataangrep	26			

9	Fråsegn frå leiaren, Brussel 3. desember 2008 Møte i NATO–Georgia-kommisjonen på utanriksministernivå i NATO- hovudkvarteret	62
---	--	----

10	Fråsegn frå leiaren, Brussel 3. desember 2008 Møte i NATO–Ukraina-kommisjonen på utanriksministernivå i NATO- hovudkvarteret	64
----	--	----

St.meld. nr. 38

2008–2009

Om samarbeidet i NATO i 2008

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 15. mai 2009,
godkjend i statsråd same dagen
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Vurderingar og framtidsperspektiv.

Samarbeidet i NATO blei i 2008 særleg prega av toppmøtet i Bucuresti 3. april, utviklinga i Afghanistan og tilhøvet til Russland. Bucuresti-møtet var det andre i ein serie på tre toppmøte som starta med toppmøtet i Riga i november 2006 og blei avrunda med 60-årsjubileumsmøtet i Strasbourg/Kehl i april 2009. Mens det i Riga blei fokusert på omforming og tilpassing av alliansen til ein ny tryggingsspolitisk kvar dag og nye oppgåver, stod utvidinga av alliansen, saman med operasjonen i Afghanistan, sentralt på dagsordenen i Bucuresti.

Det viktigaste utfallet av dette møtet mellom allierte stats- og regjeringssjefar var likevel stadfestinga av viljen hos dei 26 medlemslanda til å bruke NATO som den sentrale ramma for transatlantisk og tryggingsspolitisk samarbeid og dialog. Dette byggjer på ei kollektiv erkjenning av at dei tryggingsspolitiske utfordringane dei allierte står overfor, best kan handterast på grunnlag av eit breitt transatlantisk interesse- og verdifellesskap.

Sidan 2001 er NATO utvida med til saman 12 land, og NATO har no 28 medlemsland. Denne utvidinga har vore viktig for europeisk og regional stabilitet og tryggleik og medverka vesentleg til euroatlantisk integrasjon og gjennomføring av nødvendige reformer i dei nye medlemslanda. I Bucuresti fekk Albania og Kroatia medlemskapsinvitasjonar. Albania og Kroatia hadde begge vist vilje og evne til å ta på seg dei pliktene NATO-med-

lemskapen inneber, gjennom reformer knytte til forsvarssektoren, demokratisering og rettsstatsbygging, men også gjennom omfattande deltaking i NATO-operasjonar. Reformarbeidet vil bli følgd opp også etter den formelle tiltredinga, som fann stad på toppmøtet i april i år.

Makedonia er kvalifisert på same grunnlag som Albania og Kroatia, men Hellas blokkerte for ein invitasjon i Bucuresti fordi dei ikkje godtek det konstitusjonelle namnet på staten. At utvidingsrunden ikkje kunne fullførast, var uheldig for den stabiliseringsinnsatsen NATO kan yte på Balkan. Spørsmålet kjem til å bli ståande på dagsordenen i alliansen, og dei to partane vil bli utsette for aukande press for å komme fram til ei bilateral løysing.

Sjølv om utvidinga danna eit naturleg bakteppe for Bucuresti-toppmøtet, stod også andre og politisk sett endå meir utfordrande spørsmål på saklista. Dei mest sentrale var tryggingss- og stabiliseringsoperasjonen i Afghanistan, forholdet til Russland og samarbeidet med Georgia og Ukraina. Vedtaket om at desse to landa vil bli medlemmer i NATO etter å ha gjennomført nødvendige reformer innanfor ramma av søkjarlandsprogrammet, var nok den enkeltsaka som fekk mest offentleg merksemd.

Også i 2008 stod allianseoperasjonane sentralt i verksemda i NATO, ikkje minst gitt den vanske-

lege tryggingssituasjonen i Afghanistan og uvisse knytt til utviklinga i Kosovo etter sjølvstendeerklæringa.

Eit eige Afghanistan/ISAF-møte under Bucuresti-toppmøtet, der mellom andre FNs generalsekretær Ban Ki-Moon deltok, var eit uttrykk for samhaldet i det internasjonale engasjementet for stabilitet og utvikling i Afghanistan. Det var brei semje om å styrkje vektlegginga av afghansk kapasitetsutbygging og eigarskap, å samordne militær og sivil innsats og å leggje til grunn eit regionalt perspektiv i handteringa av konflikten. Alt dette er premisser som er avgjerande for at Afghanistan skal utvikle ein berekraftig statsstruktur, og har lenge vore vektlagde frå norsk side.

På toppmøtet blei det erkjent at det er langt igjen til berekraftig stabilitet i Afghanistan. Reell afghansk eigarskap, også i tryggingssektoren, står sentralt. Innsatsen for å byggje opp den afghanske hæren har så langt vore vellukka, og afghanske styrkar deltek no i over 70 % av alle ISAF-operasjonar. Innsatsen på dette feltet vil bli utvida og blir ei sentral oppgåve for NATO også i tida framover.

Ved å ta på seg ei meir leiande rolle i ein breiare internasjonal innsats fekk FN ein klarare profil. Dette opna samtidig for eit betre og vidare sivil-militært samarbeid, med afghanske styresmakter som ein stadig meir sentral aktør. Utnemninga av den norske diplomaten Kai Eide til spesialutsending for FNs generalsekretær og leiar for FN-arbeidet i landet blei positivt motteken, også i alliansen.

På norsk side er vi særleg opptekne av behovet for å avgrense dei sivile tapa så mykje det på nokon måte lèt seg gjere. Det er brei semje om dette i alliansen. Situasjonen har betra seg, men vidare innsats er påkravd. Noreg vil halde oppe engasjementet sitt i dette spørsmålet.

Diskusjonane om byrdefordeling mellom NATO-landa i Afghanistan har vore mindre framtreddande i 2008, sjølv om USA og andre allierte som er engasjerte i sør, deriblant Canada, Danmark, Nederland og Storbritannia, framleis etterlyser større vilje hos andre allierte til å gjere sitt i dei mest utfordrande områda. Amerikanarane vil bidra med fleire styrkar i 2009 og kjem til å forvente auka militær og sivil innsats frå andre allierte. Ei vellukka gjennomføring av vala i andre halvår 2009 blir viktig for vidare framgang i Afghanistan. Støtte til trygging av valprosessen er høgt prioritert i NATO og frå norsk side. Det er òg auka merksemd om den regionale situasjonen og kva nabolanda har å bety for utviklinga i Afghanistan. Pakistan står sentralt i denne samanhengen, og det vil bli lagt vekt på å vidareutvikle det militære og politiske samarbeidet med Islamabad.

I Kosovo har det i løpet av 2008 knytt seg uvisse til korleis regjeringa i Beograd ville stille seg til situasjonen etter at Kosovo erklærte seg sjølvstendig, og korleis overgangen mellom politistyrkar frå FN (UNMIK) og EU (EULEX) ville verke inn på rolla til KFOR. På bakgrunn av ei fleirtydig forståing FN oppnådde med Beograd, nedfelt i den såkalla sekspunktsplanen, har det vore mogleg for EULEX å etablere seg i nord. Beograd meiner at dette er ei vidareføring av UNMIK-nærværet for å implementere tryggingsrådsresolusjon 1244, mens Pristina oppfattar nærværet som ein konsekvens av sjølvstendeerklæringa. Situasjonen på bakken i det hovudsakleg serbiskbefolkta Nord-Kosovo er difor i realiteten førebels uavklart.

EULEX ser i første rekkje på seg sjølv som ein opplærings- og overvakingssstyrke til støtte for Kosovos eigen politistyrke. EULEX har såleis eit langt meir avgrensa mandat enn UNMIK. KFOR kan bli nøydd til å gripe inn i vanskelege situasjonar på eit tidlegare stadium enn før. Spørsmålet om korleis EULEX fungerer, blir eit element i vurderingane av om KFOR skal haldast på dagens nivå.

Erfaringane frå Afghanistan og Kosovo har skapt forståing blant dei allierte av behovet for nært samarbeid med andre internasjonale organisasjonar, NGO-ar og lokale aktørar i krisehandteringsoperasjonar. Sivil og militær innsats må sjåast i samanheng på alle nivå i planlegging, gjennomføring og oppfølging skal ein oppnå varig stabilitet og utvikling. Effektiv internasjonal koordinering og samarbeid med ei klar rollefordeling vil både gi betre resultat og vere meir kostnadseffektivt. Denne erkjenninga er i samsvar med eit konsekvent norsk engasjement.

Likevel lukkast det heller ikkje i 2008 å utvikle samarbeidet mellom NATO og EU vidare. Den uløyste konflikten på Kypros er ei sentral årsak til at ikkje alle medlemsland i EU og NATO kjem til semje om eit institusjonelt samarbeid. Dermed blei ambisjonen om å byggje ein strategisk fellesskap, basert på ei felles tilnærming til felles utfordringar og ei arbeidsdeling som speglar kompetansen og ressursane til dei to organisasjonane, heller ikkje oppnådd i 2008. Dette er opplagt ein uheldig situasjon som krev merksemd framover. Noreg og dei fire andre nordiske landa la i november fram forslag i NATO og EU med sikte på å styrkje samarbeidet. Frankrike har fremja forslag i same lei. Frå norsk side vil det framleis bli arbeidd for å betre situasjonen, men utan ei positiv utvikling på Kypros blir det neppe særleg framgang i dette spørsmålet.

På den andre sida blei tilhøvet mellom NATO og FN styrkt i 2008. Ei felleserklæring om eit meir

formelt og utvida samarbeid blei underteikna av generalsekretæra i dei to organisasjonane i samband med opninga av FN's generalforsamling 23. september 2008. Frå norsk side blir det lagt stor vekt på å utvikle tilhøvet ytterlegare, både når det gjeld innsatsen i Afghanistan spesielt og på eit meir overordna nivå, med tanke på framtidige utfordringar.

Tilhøvet mellom NATO og Russland blei betrakteleg forverra i 2008. Medverkande årsaker til dette var russiske utsegner om eit moratorium på gjennomføringa av Avtalen om konvensjonelle styrkar i Europa (CFE-avtalen), negative reaksjonar på planane om å utvide det amerikanske rakettskjoldet til Europa og usemje i spørsmålet om Kosovo. Russisk misnøye med NATO-relasjonane til Georgia og Ukraina var med og gjorde tilhøvet endå meir komplisert og vekte spesielt sterke reaksjonar hos nokre av dei nyare medlemslanda. Dei fleste av desse spørsmåla verka samlande for alliansen, men det er usemje om korleis NATO skal stille seg til Georgia og Ukraina og deira ønske om ei tettare integrering med alliansen. I Bucuresti blei kompromisset eit vedtak som gir Georgia og Ukraina klare medlemskapsperspektiv, men utan at søkjarlandsstatus (MAP – Membership Action Plan) er innvilga. Heller ikkje på utanriksministermøtet i desember 2008 var det semje i MAP-spørsmålet. Derimot samla ministrane seg om å styrkje NATO-støtta til reformprosessane i dei to landa, mellom anna ved å oppgradere NATO-Ukraina-kommisjonen (NUC – NATO-Ukraine Commission) på linje med den nyetablerte NATO-Georgia-kommisjonen (NGC – NATO-Georgia Commission). Oppgraderinga gir NUC nye oppgåver i og med fråsegna i Bucuresti om at Ukraina vil bli medlem av NATO. Etter dette skal Ukraina førebu seg gjennom heilskepelege årsplanar (ANP – Annual National Programme). NUC får oppgåva med å behandle og følgje opp desse planane.

Krigen mellom Russland og Georgia i august førte til ein omgåande og samstemd reaksjon frå NATO. Alliansen retta sterk kritikk mot den russiske invasjonen av Sør-Ossetia og Abkhasia og fordømde seinare den påfølgjande russiske anerkjeninga av dei to utbrytarregionane som uavhengige statar. Det viste seg likevel snart at det var usemje om korleis vedtaket frå det ekstraordinære utanriksministermøtet 19. august 2008 om den vidare handteringa av tilhøvet til Russland var å forstå. USA og enkelte andre allierte ville meir eller mindre fryse dette tilhøvet. Fleire allierte i det vestlege Europa, deriblant Noreg, var på si side opptekne av å halde ved like den politiske dialogen, mellom

anna for å kunne fremje samordna, kritiske synspunkt.

I løpet av hausten blei det klart for dei fleste allierte at NATO ikkje var tent med å følgje ei isolasjonslinje. På utanriksministermøtet 3. desember 2008 blei det oppnådd semje om at samarbeidet gradvis skulle takast opp att. Dette verka i utgangspunktet samlande, men det viste seg snart at det var ulike oppfatningar om korleis semja skulle følgjast opp. Det er liten tvil om at forholdet til Russland blir krevjande å handtere for alliansen også i tida framover. For Noregs del er dette ei heilt sentral problemstilling i NATO. Frå norsk side må det haldast fast ved at det er viktig å føre ein dialog med Russland samtidig som NATO gir klare politiske signal i spørsmål der allierte er usamde med Russland. I denne samanhengen er det positivt at USA under president Obama klart har signalisert vilje til å betre forholdet til Russland.

Sommaren 2008 la Noreg fram eit forslag om å styrkje NATOs profil i nærområda. Hovudformålet er å klargjere at NATO har fokus på og varetek kjerneoppgåvene sine som forsvarsallianse, også med sikte på å gi NATO større legitimitet hos publikum i medlemslanda. Det norske initiativet har fått brei støtte, men enkelte allierte har sett på det med ein viss skepsis, i første rekkje i frykt for at det vil kunne ta merksemd og ressursar bort frå NATO-operasjonane.

Orienteringane om nordområdespørsmål som utanriksministeren heldt for NATO-rådet i november 2007 og januar 2009, var med og auka merksemda og kunnskapen om desse spørsmåla i NATO og manifesterte det sterke norske engasjementet i denne regionen. Andre land med interesse i regionen, blant dei USA, Canada og Danmark, meiner òg at NATO skal ha merksemd på nordområda, og det er no klart at alliansen vil vurdere mogelege implikasjonar av dei klimatiske og geopolitiske endringane i regionen.

Enkelte har peika på faren for at større merksemd om enkeltregionar i alliansen kan føre til auka regionalisering i tryggingspolitikken. Noreg har difor lagt vekt på å skilje mellom nærområdeinitiativet, som omfattar heile allianseområdet, og spørsmålet om korleis NATO kan engasjere seg i nord. For Noreg er det viktig at eit slikt engasjement legg vekt på samarbeid med Russland.

Då USA tidleg i 2007 vedtok å innleie bilaterale konsultasjonar med Tsjekkia og Polen om bygging av infrastruktur i dei to landa som ein del av eit amerikansk missilforsvarssystem, endra det rammene for diskusjonen i NATO. På toppmøtet i Strasbourg var alliansepartnerane samde om at eit slikt forsvarssystem kan vere ein del av den omfat-

tande løysinga ein treng for å møte eventuelle rakettåtak. Ballistiske missil er ein reell trussel. Med støtte i prinsippet om alliansesolidaritet bestemte toppmøtet at ein skal gå vidare med den utgreiinga som alt er i gang om korleis alle medlemslanda kan verte dekte, også dei som ikkje kjem inn under eit eventuelt utvida amerikansk missilforsvarssystem. Det gjeld Bulgaria, Hellas, Romania og Tyrkia. Dette utgreiingsarbeidet skal gi grunnlag for den vidare diskusjonen og for eit eventuelt politisk vedtak i framtida. Det var semje om å sjå på ei utviding av det amerikanske systemet som eit viktig bidrag til forsvar av allierte land.

Noreg har vore skeptisk til planane om eit allianseomfattande missilforsvar, og vi har understreka at politiske, økonomiske og tekniske implikasjonar må utgreiast grundig før det kan gjerast eit politisk vedtak. Samtidig har viljen hos USA til å rådføre seg med Russland om dei amerikanske planane fått sterk støtte. I Strasbourg støtta stats- og regjeringssjefane eit samarbeid med Russland basert på opne tilhøve og gjensidige tillitsbyggjande tiltak. I samband med dette blei det gitt uttrykk for vilje til å sjå på om eit amerikansk, eit alliert og eit russisk missilforsvar kunne knytast saman. Spørsmålet må sjåast i samanheng med ei rekkje andre tryggingsspolitiske utfordringar, og signal om at Obama-administrasjonen vil sjå dette spørsmålet i samanheng med forholdet til Russland, er interessante i så måte.

Mot slutten av året førte også den aukande sjørørverksamda i farvatna utanfor Somalia til at NATO, til liks med EU og fleire enkeltland, engasjerte seg i kampen mot denne verksemda. NATO-engasjementet skjedde etter oppmoding frå FNs generalsekretær og for å ha ein internasjonal maritim styrke på plass i området i påvente av at EU skulle utplassere sin operasjon ATALANTA for å verne dei humanitære forsyningane frå FNs matvareprogram (WFP). Engasjementet blei avslutta i desember, rett før EU-operasjonen vart innleidd. Noreg har meldt inn ein fregatt til operasjon ATALANTA. Diskusjonen om NATOs bidrag til kampen mot sjørøveri har halde fram inn i 2009. Alliansen har vedteke å bruke delar av sine ståande maritime styrkar til antipiratooperasjonar utanfor Somalia i ein periode i første halvår 2009.

Stats- og regjeringssjefane gav på toppmøtet i Strasbourg/Kehl NATO-rådet i oppdrag å starte arbeidet med eit nytt strategisk konsept for alliansen. Det noverande konseptet stammar frå 1999 og er utarbeidd før den første utvidingsrunden i NATO, altså under heilt andre tryggingsspolitiske føresetnader enn dei som gjeld i dag. Utgangspunktet for dette arbeidet vil vere erklæringa om tryggleiken i alliansen frå toppmøtet i Strasbourg/Kehl. Denne omtaler m.a. det transatlantiske forholdet, alliansesolidariteten, NATOs rolle innanfor rustingskontroll og nedrusting, ei open innstilling overfor nye medlemmer på eit kvalifisert grunnlag, nye tryggingstruslar som terrorisme og masseødeleggingsvåpen, trugsmål mot energitryggleiken, tryggingssutfordringar med konsekvensar for alliert territorium, reform av NATOs struktur, samarbeid med andre internasjonale aktørar, forholdet mellom NATO og EU, samarbeidet med partnerlanda, forholdet til Russland og premisser for å utarbeide eit nytt strategisk konsept. Frå norsk side blei det lagt spesiell vekt på våpenkontroll, nedrusting og ikkjespriing, forholdet til Russland, omtalen av kjernevåpenkapasiteten og nærområdeinitiativet. I arbeidet med det strategiske konseptet vil det frå norsk side vere viktig å vidareføre vektlegginga av desse elementa.

Jubileumstoppmøtet i 2009, som av symbolske årsaker vart halde på grensa mellom Tyskland og Frankrike, kan sjåast som eit vitnemål om transatlantisk samhald gjennom 60 år. Også i åra framover vil NATO vere det sentrale forumet for transatlantisk dialog og samarbeid på det tryggingsspolitiske området. Samtidig kan ein komme til å sjå ei styrking av EU si tryggingsspolitiske rolle. Den transatlantiske dimensjonen er berebjelken i alliansen. Frå norsk side blir det lagt avgjerande vekt på å halde oppe eit sterkt amerikansk engasjement i Europa. Signala frå den nye amerikanske administrasjonen tyder på eit auka og positivt engasjement. Ny fransk deltaking i dei militære NATO-strukturane vil òg styrkje samarbeidet. Eit truverdig NATO krev at alle allierte opplever organisasjonen som relevant i handteringa av tryggingsspolitiske utfordringar dei meiner vedgår dei. Dette stiller krav til fleksibilitet og vedvarande politisk og militær omstilling.

2 NATO-operasjoner og norsk engasjement

2.1 Afghanistan (ISAF)

Den breie internasjonale innsatsen for å medverke til tryggleik, gjenreising og utvikling i Afghanistan er blitt ytterlegare forsterka i 2008. Politisk blei det særleg viktig at FN vedtok å ta på seg ei meir leiande rolle. I NATO er semja om premissane for allianseinnnsatsen styrkt, med vektlegging av ei heilskapleg internasjonal tilnærming, afghansk kapasitetsbygging og eigarskap og ei regional tilnærming. Dette er i samsvar med synspunkt som lenge har vore fremja frå norsk side.

Tryggingssituasjonen er svært krevjande. Det gjer det sjølvstøtt vanskelegare å etablere og gjennomføre nødvendige gjenreisings- og utviklingsprosjekt. Situasjonen i sør og aust var den største utfordringa også i 2008, men det er store variasjonar i desse områda òg. Over 70 % av alle tryggingssituasjonar relaterte hendingar finn stad i berre 10 % av distrikta, i hovudsak i sør og aust, der om lag 6 % av befolkninga bur. I store delar av Afghanistan er det difor akseptable rammevilkår for utvikling. Den norske regjeringa har lagt stor vekt på at mykje er oppnådd på relativt kort tid i Afghanistan, men at vedvarande internasjonal innsats blir nødvendig for å konsolidere og styrkje framgangen.

Den FN-mandaterte internasjonale stabiliseringsstyrken (International Security Assistance Force – ISAF) blei i løpet av 2008 utvida med om lag 12 000 soldatar, og ved årsskiftet 2008/2009 bestod styrken av i underkant av 55 000 soldatar. Heile 41 ulike nasjonar bidrog, deriblant Finland og Sverige. På amerikansk side er det beslutta å sende eit stort tal nye soldatar til Afghanistan i 2009. Det er komme signal frå Washington om at ein der ventar at også andre allierte aukar nærværet. Dette inneber at ISAF vil auke kraftig i omfang dei kommande par åra. Samtidig kjem det samla amerikanske bidraget til å utgjere ein relativt større del av den totale styrken enn i dag.

Militær innsats er nødvendig for å etablere tryggingssmessige rammevilkår som gjer det mogeleg å nå dei måla Afghanistan og det internasjonale samfunnet har sett seg, som blei formulerte under London-konferansen i januar 2006. Den gradvise styrkinga av NATO-engasjementet har

difor også fått norsk støtte. Samtidig har ein frå norsk side understreka det avgjerande i ein styrkt sivil og politisk innsats over tid for å lukkast i Afghanistan. Dette byggjer på det synet regjeringa legg til grunn og som dei allierte deler, nemleg at konflikten ikkje kan løysast med militære middel åleine, og at tryggleik og utvikling må sjåast i samanheng. På støttekonferansen i Paris i 2008 gav regjeringa difor tilsegn om å bidra med 750 millionar kroner årleg i fem år. Noreg har òg teke til orde for at det internasjonale samfunnet må støtte opp under afghanske freistnader på å få i stand politiske forsoningsprosessar.

Som fleire andre land har Noreg arbeidd for ei sterkare rolle for FN i Afghanistan, mellom anna for å leggje til rette for sterkare koordinering av den internasjonale innsatsen. Difor var det svært positivt at FN i 2008 vedtok å ta på seg ei tydelegare leiarrolle i Afghanistan. Ved at den norske diplomaten Kai Eide blei utnemnd til spesialutsending for generalsekretær Ban Ki Moon, fekk FN og den internasjonale innsatsen ein klarare profil og ein markant talsmann. Det lukkast òg å skaffe fram dei nødvendige ressursane for å kunne gjennomføre ei styrking av FN-sendelaget UNAMA. I 2008 er samarbeidet mellom NATO og FN styrkt både i Brussel, Kabul og New York. På toppmøtet i Bucuresti blei det halde eit breitt samansett møte om Afghanistan der FNs generalsekretær, EU, Verdsbanken og alle troppebidragsytarar til den NATO-leidde ISAF-operasjonen deltok. Møtet viste brei semje om FNs nye og styrkte rolle når det gjeld bistandskoordinering og samarbeid mellom internasjonale aktørar og mellom det internasjonale samfunnet og den afghanske regjeringa. Frå norsk side har det vore eit hovudpoeng også i NATO at FN ikkje kan lukkast på desse områda utan at dei ulike aktørane i Afghanistan innordnar seg etter FNs leiande og koordinerande rolle. I 2009 vil regjeringa framleis leggje avgjerande vekt på at alle aktørar må akseptere og opptre i samsvar med prioriteringane til Afghanistan og FN.

I Bucuresti vart det òg vedteke ein strategisk politisk-militær plan for NATO-engasjementet i Afghanistan dei nærmaste åra. Noreg spela ei aktiv rolle i utarbeidinga, særleg for å styrkje vektleg-

ginga av ei heilskapleg tilnærming. Planen er eit detaljert styringsverktøy for NATO og skal leggje til rette for at ISAF på best mogeleg måte støttar opp om den internasjonale innsatsen elles og om Afghanistans nasjonale utviklingsstrategi, som det internasjonale samfunnet forplikta seg til i erklæringa frå den store støttekonferansen i Paris 12. juni 2008. I planen, som stadfester NATO's langsiktige engasjement, er afghansk eigarskap og kapasitetsbygging og ei breiare regional tilnærming framheva som føresetnader for å stabilisere situasjonen i Afghanistan.

Eit hovudelement under toppmøtet i Bucuresti var vedtaket om at NATO skal styrkje innsatsen for å byggje opp den afghanske hæren. Dette blir sett på som ein avgjerande føresetnad for at Afghanistan på sikt kan overta ansvaret for sin eigen tryggleik. ISAF er no sterkt engasjert i trening av dei afghanske styrkane, både gjennom særskilde opptreningslag og gjennom regulære fellesoperasjonar. I tillegg bidreg NATO til oppbygging av sentrale institusjonar som er nødvendige for at Afghanistan på sikt skal kunne sikre sitt eige land.

Dei afghanske styrkane har hatt god framgang. Dei deltek i over 70 % av alle ISAF-operasjonar og leier planlegginga og utføringa av over halvparten av desse. Framleis er det behov for langsiktig støtte, ikkje minst fordi styrkane skal utvidast i tal til om lag 134 000 soldatar. Dei multietniske afghanske styrkane har legitimitet i den afghanske befolkninga. Over tid vil ein fullt utrusta og opplært afghansk hær vere ein sentral aktør for å sikre eit stabilt Afghanistan.

Angrepet på Serena hotell i Kabul 14. januar 2008 var ei påminning om at opprørsgruppene er i stand til å gjennomføre aksjonar også i hovudstaden. Auka bruk av sjølvmondsangrep og vegbomber og tettare samarbeid mellom Taliban og andre væpna grupper vil framleis vere ein stor trussel mot befolkninga og det internasjonale nærværet. Regulære kamphandlingar med opprørsstyrkar er no sjeldnare. Ei sentral oppgåve i tida framover blir å hindre asymmetriske angrep og regulære terrorhandlingar. Godt trena og erfarne internasjonale styrkar vil vere nødvendige for å handtere denne typen truslar.

I 2008 har det framleis vore episodar med sivile tap under militære operasjonar. Dette har utløyst sterke reaksjonar både i Afghanistan og mange NATO-land. Saman med ei rekkje andre allierte har Noreg spela ei aktiv rolle for å sikre at ISAF gjer alt i si makt for å unngå sivile tap. Regjeringa legg stor vekt på dette, først og fremst av humanitære årsaker, men òg for å unngå at ISAF får svekt legitimitet i Afghanistan og hos troppe-

bidragsytande land. Det er inga usemje i NATO om dette, heller ikkje på militær side. Dei operative prosedyrane for ISAF for å unngå sivile tap blei ytterlegare stramma inn i 2008. Det medførte at situasjonen betra seg noko. Regjeringa vil ha eit stadig fokus på denne utfordringa og til kvar tid vurdere ytterlegare tiltak som kan hindre sivile tap.

Konflikten i Afghanistan er ikkje minst prega av utfordringar i nabolandet Pakistan. Samanhengen mellom opprøret i Afghanistan og verksemda til militante islamistar i delar av Pakistan krev tettare samarbeid med pakistanske styresmakter. Den lange og porøse grensa mellom landa er svært vanskeleg å kontrollere, og gamle konflikthar i nokon grad prega samarbeidet landa imellom. Regjerings- og presidentskiftet i Pakistan synest å ha lagt til rette for ein betre dialog mellom leiingane i landa, noko som alt har fått positive følgjer for det konkrete samarbeidet om grenserelaterte spørsmål. Som eit ledd i det overordna siktemålet om å styrkje samarbeidet om tryggingsspørsmål i grenseområda, har NATO ein tett dialog med pakistanske militære leiarar. Frå norsk side er det argumentert for eit gradvis styrkt samarbeid mellom NATO og Pakistan, også på sivil side.

Slik regjeringa ser det, kan fleire av problema i Afghanistan berre løysast dersom alle sentrale regionale aktørar er involverte. Eit breitt regionalt samarbeid i spørsmål som tryggleik, flyktningar, kamp mot narkotika, grenseoverskridande kriminalitet, energi og miljø bør støttast av det internasjonale samfunnet. I tillegg til Pakistan bør dei fem sentralasiatiske landa og Iran, Kina, India og Russland engasjerast tettare. Mens den pågåande NATO-dialogen med Pakistan og dei fem sentralasiatiske landa er blitt følgd opp gjennom 2008, har dialogen med andre aktørar vore mangelfull. Frå norsk side har det vore vist til at andre internasjonale konflikthar ikkje må få stå i vegen for ein konstruktiv dialog med aktørar som kan spele ei positiv rolle i forhold til Afghanistan. I så måte er det gledeleg at stadig fleire aktørar no tek til orde for at ei breiare regional tilnærming er nødvendig.

Eit svært viktig grenseoverskridande problem er den omfattande narkotikatrafikken. Etter transitt gjennom nabolanda endar store delar av narkotikaen frå Afghanistan til slutt opp i vestlege land. Sjølv om Afghanistan framleis er den klart største produsenten av opium i verda, er det verdt å merkje seg overslag som går ut på at produksjonen har minka med 6 % frå 2007 til 2008. Det var òg positivt at talet på narkotikafrie provinsar auka frå 13 til 18. Gitt den klare samanhengen som eksisterer mellom narkotikaindustrien og opprørsverksemda, blei det under forsvarsministermøtet i Budapest

vedteke at land som deltek i ISAF, i ein prøveperiode vil engasjere seg meir aktivt mot foredling og transport av narkotika, til støtte for og i samarbeid med afghanske styresmakter.

Som åra før har Noreg i 2008 ytt betydelege og viktige militære bidrag. Samtidig har den norske støtta til sivil gjenreising og utvikling auka til om lag 750 millionar kroner årleg, noko som gjer Noreg til ein betydeleg bidragsytar. I det nordlege Afghanistan, og spesielt i provinsen Faryab, har Noreg vidareført ein militær og sivil innsats. Langsiktig arbeid, kontinuitet og lokalkunnskap gir her eit solid grunnlag for det norske engasjementet.

Den norske hurtigreaksjonsstyrken i Mazar-e-Sharif i Balkh-provinsen blei trekt tilbake sommaren 2008, mens eit logistikkelement og stabsoffiserar framleis har tilhald der. I tillegg stiller Noreg med personell til eit trenings- og mentoringslag (Operational Mentoring and Liaison Team – OMLT), som trenar og rettleier personell i den afghanske hæren. I mars blei ei spesialstyrkeining send til Kabul-regionen for ein periode på 18 månader. Den same styrken har operert her tidlegare. Bidraget er høgt verdsett av afghanske styresmakter og i NATO.

Også i 2008 leidde Noreg det såkalla stabiliseringslaget (Provincial Reconstruction Team – PRT) i Meymaneh i Faryab-provinsen. Gjennom langvarig innsats i dette området har Noreg medverka til at Faryab er relativt langt framme når det gjeld sivil utvikling, mellom anna skuledekning. I tillegg til dei om lag 300 norske soldatane i stabiliseringslaget er det knytt politi- og utviklingsrådgivarar til eininga. Ei endring av grensa mellom Faryab- og Badghis-provinsane førte til at Noregs PRT i Meymaneh fekk ansvaret for tryggleiken i Ghowrmach-distriktet, der Taliban har hatt fotfeste i lang tid.

2.2 Kosovo (KFOR)

Sjølvstendeerklæringa som Kosovo la fram 17. februar 2008, kom etter at ei internasjonal gruppe samansett av EU, USA og Russland til fånyttes hadde prøvd å nå fram til ei forhandlingsløyseing på spørsmålet om Kosovos framtidige status hausten 2007. Ved årsskiftet 2008/2009 hadde Noreg og 52 andre land, deriblant alle allianselanda så nær som Hellas, Romania, Slovakia og Spania, anerkjent Kosovo som sjølvstendig stat. At ikkje alle har gjort det, gjer diskusjonen i NATO om premissane for alliansenærveret i landet vanskeleg.

NATOs trygging- og stabiliseringsoperasjon i Kosovo (KFOR) omfatta ved årsskiftet 2008/2009 i

underkant av 16 000 soldatar. Det er positivt at toppmøtet i Bucuresti og det seinare utanriksministtermøtet i desember stadfeste ei brei semje om å vidareføre KFOR-engasjementet på ein slik måte at det sikrar operasjonen legitimitet i alle folkegrupper i Kosovo.

Primæroppgåva til KFOR er å medverke til å sikre stabiliteten i landet og å beskytte innbyggjarane. Alliansen har i tillegg teke på seg oppgåver i samband med nedlegging av den eksisterande tryggingstyrken i Kosovo og oppretting av ein ny styrke, «Kosovo Security Force» (KSF). Den nye styrken har primært sivilforsvarsoppgåver. Han skal òg lærast opp i ikkje-offensive krisehandteringsoppdrag, men mandatet omfattar eksplisitt ikkje opprørskontroll. KSF blei operativ 20. januar 2009. NATO skal hjelpe til med å byggje ein demokratisk kontrollstruktur for styrken og bistå med trening og opplæring av personell. Serbiske styresmakter hevdar på si side at styrken manglar legitimitet.

Det norske bidraget til KFOR bestod i 2008 av seks stabsoffiserar i KFOR-hovudkvarteret og eit mindre etterretningsselement. Noreg sekunderte i tillegg to sivile ekspertar til NATO-eininga for oppbygging av ein demokratisk kontrollstruktur for Kosovos nye tryggingstyrke.

Etter å ha prøvd i lengre tid greidde FN å framforhandle ein avtale med Serbia som gjorde at EU kunne overta oppgåvene etter FN i Kosovo (UNMIK). EU-operasjonen i Kosovo (EULEX) blei sett i gang 9. desember 2008 og blir EUs største sivile operasjon med eit mannskap på nærmare 3000. Det er viktig at det blir etablert ei klar ansvarsfordeling mellom EULEX og KFOR.

2.3 NATO-operasjonen i Middelhavet (OAE)

Etter terrorangrepet i New York 11. september 2001 etablerte NATO ein maritim operasjon i Middelhavet, «Operation Active Endeavour» (OAE). Denne har medverka til å styrkje den maritime tryggleiken i dette sjøområdet. I nokre tilfelle, og etter samtykke frå flaggstaten og kapteinen om bord, blir fartøy borda. Sidan OAE blei sett i gang, er over 100 000 fartøy overvaka, og om lag 148 er borda.

På grunnlag av erfaringa frå OAE har NATO styrkt si evne til å handtere maritime trygging utfordringar. Nye operasjonskonsept og teknologibaserte overvakingssystem er blitt utprøvde i eit krevjande område. Det har gitt betre oversikt over sjøtrafikken og trusselbiletet i Middelhavet. Kom-

petanseoppbygginga har vore til stor nytte for alliansen og dei enkelte allierte. Det er brei semje om at operasjonen skal vidareførast.

Partnerland har dei siste åra vist interesse for å dra nytte av NATOs erfaringar frå OAE, og fleire har stilt med fartøy til operasjonen. Også landa i Middelhavsregionen viser positiv interesse. Dette kan vere med og vidareutvikle NATO-samarbeidet med partnerane innanfor Middelhavsdialogen, og illustrerer at middelhavslanda ønskjer eit samarbeid for å slå tilbake terrorismen. I 2008 har Georgia og Marokko utvikla eit tettare formalisert samarbeid med NATO om OAE. Russland har òg delteke i OAE, og erfaringane med dette har vore positive på militær side, men som følgje av Georgia-krigen blei ikkje det maritime russiske bidraget teke imot hausten 2008.

Frå norsk side har vi i fleire år delteke i OAE med ubåtar, fregattar, missiltorpedobåtar og maritime overvakingssfly. I 2008 stilte Noreg med ubåten KNM Ula i perioden 11. februar til 11. juni.

2.4 Innsats mot sjørøveri utanfor Afrikas Horn

FNs generalsekretær bad 25. september 2008 NATO om å eskortere dei maritime hjelpesendingane til Somalia i regi av FNs matvareprogram (WFP). Bakgrunnen var ønsket om å verne dei mot den aukande sjørøvartrusselen utanfor kysten av Somalia.

På dette grunnlaget vedtok NATO-rådet å setje i verk operasjonen «Allied Provider» (OAP) 8. oktober. NATOs ståande maritime styrkar (SNMG 2) blei på kort tid gjorde tilgjengelege for eskorteoppdraget. Det blei lagt til grunn at OAP

skulle avsluttast når EU sette i verk sin planlagde ESDP-operasjon ATALANTA. Det skjedde 12. desember.

«Allied Provider» er eit eksempel på ei ny rolle for NATO og ei ny side ved alliansens engasjement i Afrika. Det var brei støtte for operasjonen blant dei allierte. Den norske handelsflåten er ein stor brukar av Suezkanalen. Regjeringa er sterkt oppteken av å sikre flåten, også gjennom NATO når det ligg til rette for det politisk. Frå norsk side blei det difor arbeidd aktivt for at NATO som ein av fleire aktørar skulle ta på seg eskorteoppdraget for FN, og at NATO skulle koordinere innsatsen med EU. Noreg hadde ikkje tilgjengeleg kapasitet til å delta i NATO-operasjonen på det aktuelle tidspunktet, men har meldt inn ein fregatt til EU-operasjonen ATALANTA. Seinare har NATO vedteke både å bruke delar av sine ståande maritime styrkar til antipiratoperasjonar utanfor Somalia i ein periode i første halvår 2009 («Allied Protector») og å setje i gang ein langsiktig antisjørøvaroperasjon utanfor Afrikas Horn.

2.5 Treningsoppdraget i Irak

Treningsoppdraget i Irak (NTM-I) blei oppretta under NATO-toppmøtet i Istanbul i juni 2004. NTM-I skal gjennom opplæring medverke til at irakiske tryggingstyrkar på sikt kan ta ansvaret for tryggingsoppgåvene i eige land. Noreg ytte heller ikkje i 2008 treningsinnsats eller økonomisk støtte til NTM-I. På toppmøtet i Bucuresti blei det vedteke at ein skulle vidareføre og styrkje NTM-I ut 2009 og arbeide for eit tettare og meir strukturert samarbeid med Irak innanfor NATOs partnerskapsramme.

3 Samarbeidet med andre organisasjonar

3.1 Sivil-militært samvirke – ei samla tilnærming

Erfaringane frå Afghanistan, men også Kosovo, har skapt forståing blant allierte av behovet for nært samarbeid med andre internasjonale organisasjonar, NGO-ar og lokale aktørar i krisehandteringsoperasjonar. Dette byggjer på ei brei erkjenning av at ei samla tilnærming til internasjonale operasjonar, der ein ser sivil og militær innsats i samanheng på alle nivå i planlegging, gjennomføring og oppfølging, er nødvendig for å oppnå varig stabilitet og utvikling. Militære verkemiddel åleine er ikkje nok. Denne erkjenninga er i samsvar med eit konsekvent og vedvarande norsk syn.

Regjeringa legg stor vekt på at det må vere eit klart skilje mellom sivil og militær innsats. Difor bør NATO i utgangspunktet ikkje engasjere seg i funksjonar som overlappar innsatsen til FN og andre sivile aktørar, mellom anna på det humanitære området. Etter norsk syn er dette ikkje minst viktig for å unngå samanblanding og rolleforvirring som kan setje dei humanitære aktørane i fare.

Samtidig er det frå norsk side lagt vekt på at tryggingssituasjonen på bakken i enkelte tilfelle kan vere så krevjande at militære styrkar unntaksvise vil måtte bidra med ein viss gjenreisingsinnsats til støtte for eller i mangel av sivile aktørar. Ved større humanitære operasjonar bør dessutan NATO på førespurnad kunne støtte andre aktørar, som etter jordskjelvet i Pakistan i februar 2006.

På grunnlag av eit vedtak på toppmøtet i Riga i november 2006 kom dei allierte på toppmøtet i Bucuresti til semje om ein handlingsplan for NATOs bidrag til ei samla tilnærming til stabilisering og gjenreising i operasjonar. I handlingsplanen er det lagt spesiell vekt på behovet for å leggje til rette for jamlege politiske og praktiske konsultasjonar med andre internasjonale organisasjonar, i første rekkje EU, FN og Verdsbanken, i planlegging og gjennomføring av operasjonar. Planen legg òg opp til auka erfaringsutveksling og felles øvingar og opplæring med dei andre organisasjonane. Dette er i samsvar med norske posisjonar.

I tillegg til sjølve handlingsplanen blei det under toppmøtet slått fast at den pågåande NATO-

operasjonen i Afghanistan treng tett koordinering og samarbeid med UNAMA. Også i NATOs strategiske politisk-militære plan for ISAF-operasjonen, som blei vedteken under toppmøtet, blei det lagt avgjerande vekt på sivil-militært samvirke. Noreg var ein pådrivar i dette arbeidet også i 2008, og vi var spesielt opptekne av å styrkje NATO i evna til å samarbeide meir effektivt med andre internasjonale organisasjonar, spesielt FN og EU.

3.2 Samarbeidet med EU

Dessverre lét det seg heller ikkje i 2008 gjere å utvikle det institusjonelle og praktiske samarbeidet mellom NATO og EU i nemneverdig grad, trass i at 21 allierte også er medlemmer av EU. Dermed var det institusjonelle samarbeidet som før hovudsakleg avgrensa til den EU-leidde stabiliseringsoperasjonen i Bosnia-Hercegovina (EUFOR ALTHEA) og konsultasjonar om utviklinga av militære kapasitetar. ALTHEA er no den einaste operasjonen som blir gjennomført etter den såkalla Berlin Pluss-ordninga, som nettopp opnar for støtte frå NATO til militære operasjonar som EU planlegg og leier.

Ein sentral grunn til den fastlåste situasjonen var det problematiske forholdet mellom Tyrkia og EU, som i stor grad er ein konsekvens av Kyproskonflikten. Haldningar hos Hellas og Kypros må òg sjåast i dette lyset og gjorde sitt til manglande framgang. Enkelte land har dessutan halde att for eit utvida samarbeid mellom NATO og EU for å verne om EU som sjølvstendig tryggingsspolitisk aktør.

Dette inneber at ambisjonen om å byggje ein strategisk fellesskap basert på ei felles tilnærming til felles utfordringar og ei arbeidsdeling som speglar kompetansen og ressursane til dei to organisasjonane, heller ikkje kunne oppfyllast i 2008. Dertil var nasjonale posisjonar til hinder for at NATO og EU kunne utvikle optimale samarbeidsmekanismar mellom KFOR og EULEX i Kosovo. Av same årsak var det liten framgang med omsyn til å utvikle eit tettare samarbeid mellom ISAF og EUPOL i Afghanistan. Samtidig ser vi ei rekkje

eksempel på godt praktisk samarbeid mellom personell frå NATO og EU i operasjonane. Det er først og fremst det strategiske nivået i planlegging, gjennomføring og oppfølging av operasjonar som er ramma av manglande formalisering.

Frankrikes nyorientering mot NATO og president Sarkozys ambisjonar om å styrkje relasjonane mellom NATO og EU kom særleg til uttrykk under den franske formannskapet i EU i andre halvdel av 2008. Også frå norsk side blei det i 2008 arbeidd aktivt for å styrkje samarbeidet, mellom anna gjennom tett dialog med den franske formannskapet. Eit felles brev frå utanriksministrane i Finland, Sverige og Noreg sette spørsmålet på dagsordenen under den transatlantiske middagen på NATOs utanriksministermøte 6. mars 2008. Initiativet vart seinare følgd opp i form av eit innspel med konkrete forslag som Danmark og Island òg stod bak. Dei grunnleggjande problemstillingane er likevel så pass komplekse og krevjande å handtere, både i NATO og EU, at resultata så langt har vore få.

Noreg er nært knytt til det trygging- og forsvarspolitiske samarbeidet EU (ESDP) og deltek i dei to sivile ESDP-operasjonane i Afghanistan, men avslutta bidraget til ALTHEA i 2008. Norsk deltaking med 150 soldatar i den nordiske innsatsstyrken på 1500 personar som var i beredskap i første halvår 2008, gav direkte tilgang til ein vesentleg komponent i trygging- og forsvarspolitikken i EU. Regjeringa vil leggje stor vekt på å vidareføre samarbeidet innanfor denne ramma fram mot neste beredskapsperiode for gruppa i 2011. Den bilaterale avtalen med EUs organ for samarbeid om utvikling av kapasitetar (European Defence Agency) har styrkt tilknyttinga til ESDP ytterlegare.

3.3 Samarbeidet med FN

Samarbeidet på bakken mellom NATO og FN blei vidareført i 2008. Det var særleg viktig i samband med dei FN-mandaterte NATO-operasjonane i Afghanistan og Kosovo. Under planlegginga og gjennomføringa av desse operasjonane var det blitt stadig klarare at samarbeidet mellom dei to organisasjonane måtte styrkjast på strategisk nivå. Regjeringa såg eit slikt tettare samarbeid som naturleg ut frå behovet for ei samla tilnærming til internasjonal krisehandtering. Frå norsk side blei det i eit meir langsiktig perspektiv òg lagt vekt på behovet for eit meir formalisert samarbeid gjennom å etablere samarbeidsstrukturar som kan lette koordinert innsats i kommande operasjonar.

På denne bakgrunnen var det gledeleg at ei felleserklæring om eit meir formelt og utvida samarbeid blei underteikna av generalsekretærane i dei to organisasjonane i samband med opninga av FN's generalforsamling 23. september 2008.

I 2008 la Noreg særleg vekt på at FN måtte styrkje nærværet og den koordinerande rolla si i Afghanistan. I den samanhengen blei det påpeika at alle aktørar, deriblant NATO og dei enkelte allierte, måtte vise praktisk vilje til å la seg koordinere. Regjeringa argumenterte for at generalsekretæren i FN måtte utnemne ein ny spesialutsending til Afghanistan med mandat til å styrkje den samla internasjonale koordineringa. Utnemninga av den norske diplomaten Kai Eide blei difor sett som positiv med norske auge og blei godt motteken av andre allierte. Frå norsk side blei det lagt stor vekt på at FN skulle stille dei nødvendige ressursane til rådvelde for spesialutsendingen.

3.4 Samarbeidet med AU

NATO innleidde eit praktisk samarbeid med Den afrikanske unionen (AU) våren 2005 på grunnlag av ei oppmoding frå AU om å yte støtte til transport av styrkar frå afrikanske land til AU-operasjonen i Sudan (African Union Mission in Sudan – AMIS). Etter førespurnad frå AU i mai 2007 vedtok NATO òg å yte troppettransport til AU-operasjonen i Somalia (African Union Mission in Somalia – AMISOM), fram til årsskiftet 2007–2008. Parallelt med forlenkinga av mandatet til AMISOM blei støtta suksessivt vidareført i 2009. Støtta til AMIS og AMISOM var koordinert med EU og FN.

På eit møte i april 2008 oppmoda den nyvalde presidenten for AU-kommisjonen, Jean Ping, generalsekretær de Hoop Scheffer om ei vidareutvikling av samarbeidet med NATO i operasjonaliseringa av AUs «African Standby Force» (ASF). Denne oppmodinga etterkom NATO. Vidare, etter ei ny oppmoding frå AU, vedtok NATO-rådet 22. oktober 2008 å bistå med støtte til transport av militært materiell til AMISOM. Støtta har etter kvart også omfatta noko opplæring av AU-offiserar. På førespurnad frå FN deltok NATO i den internasjonale innsatsen mot sjørøveri utanfor kysten av Somalia hausten 2008. Dette var bakgrunnen for semja blant allierte utanriksministrar i desember 2008 om å medverke til maritim kapasitetsbygging i AU, igjen på førespurnad.

Støtta til AU var i utgangspunktet ikkje uproblematisk i alliansen, då enkelte allierte har prøvd å halde NATO unna ei rolle i Afrika til fordel for eit breiare engasjement frå EU-hald. Regjeringa har

på si side lagt stor vekt på at NATO måtte etterkomme oppmodingane frå AU. Særleg gjennom samarbeid på opplæringssida kan alliansen vere med og setje dei afrikanske landa betre i stand til å i vareta eigen tryggleik. Samtidig har det vore semje i alliansen om at støtta til AU må vere basert på prinsippet om afrikansk eigarskap, vere etterspørselsdriven og ta omsyn til sensitiviteten på afrikansk side.

Den norske ambassaden i Addis Abeba har sidan 2005 vore NATO-kontaktambassade for AU. Denne sivile funksjonen blei vidareført i 2008 og inn i 2009, og AU samarbeidde her med det militære sambandselementet i NATO. Ambassaden var såleis med og la til rette for den jamlege kontakten mellom NATO og AU. NATO var svært nøgd med den støtterolla ambassaden spela.

3.5 Samarbeidet med OSSE

NATO-samarbeidet med OSSE er avgrensa. Det går i stor grad føre seg på bakken, og berre i lite omfang mellom hovudkvartera. Også i 2008 var samarbeidet særleg tett på Vest-Balkan, og då spesielt i Kosovo og Bosnia-Hercegovina. I tillegg var det god kontakt i Sentral-Asia, Sør-Kaukasus og Moldova, der begge organisasjonane har konkrete og ofte tilstøytande prosjekt innan reform av tryggingssektoren. I tråd med etablert praksis heldt OSSE-formannskapet ved ambassadør Aleksii Härkönen 10. desember 2008 ei orientering for Euroatlantisk partnerskapsråd (EAPC) om viktige saker og prioriteringar i den finske formannskapsperioden. Dåverande OSSE-formann, den finske utanriksministeren Alexander Stubb, gav ei orientering om Georgia på det ekstraordinære NATO-utanriksministermøtet i august 2008.

4 Samarbeidet med Russland

Samarbeidet mellom NATO og Russland går føre seg i regi av NATO–Russland-rådet (NRC). Her er dei allierte og Russland likeverdige partnerar, og avgjerder krev konsensus mellom alle medlemslanda og Russland. Utgangspunktet for samarbeidet er ei gjensidig erkjenning av at NATO og Russland deler mange utfordringar som best kan løysast i fellesskap gjennom dialog og praktisk samarbeid. Grunnakta mellom Russland og NATO (1997) og opprettinga av NRC (2002) utgjer det formelle rammeverket for samarbeidet.

Regjeringa legg stor vekt på den overordna tilitsskapande funksjonen til NRC, på dialogen om felles tryggingsspolitiske problemstillingar og på det praktiske samarbeidet som denne strukturen opnar for.

Kontakten var i første halvdel av 2008 framleis prega av usemje i fleire sentrale tryggingsspolitiske spørsmål. Det var klare motsetnader i synet på NATO-utviding austover, utviklinga i Kosovo, missilforsvar og avtalen om konvensjonelle styrkar i Europa (CFE). Frå russisk side blei det spesielt reagert negativt på georgisk og ukrainsk tilnærming til NATO og vedtaket frå Bucuresti i april, der regjeringssjefane slo fast at Ukraina og Georgia skulle bli medlemmer. Desse problemstillingane blei tekne opp i den fortløpande dialogen i NRC. Her blei det òg diskutert utfordringar der dei allierte og russarane har samanfallande interesser, mellom anna stabilisering av Afghanistan, kamp mot terror, nedrusting og ikkjespriing og sivil krisehandtering.

Den russiske invasjonen av Sør-Ossetia og Abkhasia og andre delar av georgisk territorium 8. august 2008 fekk straks konsekvensar for forholdet. Invasjonen førte til at NATO heldt eit ekstraordinært utanriksministtermøte 19. august. Der blei det vedteke at NRC-samarbeidet skulle nedjusterast inntil vidare, og ein erklærte «no business as usual» overfor Russland. Den russiske reaksjonen lét ikkje vente på seg. 21. august suspenderte Russland det militære samarbeidet med NATO. Utviklinga var eit alvorleg tilbakeslag i tilhøvet mellom NATO og Russland. At Russland deretter anerkjende Sør-Ossetia og Abkhasia som sjølvstendige

statar, noko som blei fordømt av alliansen og dei enkelte allierte, gjorde tilhøvet endå dårlegare.

Utover hausten oppstod ei usemje blant dei allierte om den vidare handteringa av forholdet på grunnlag av vedtaket på utanriksministarmøtet. Bakgrunnen for denne usemja var mellom anna at NATO var vesentleg meir restriktivt i kontakten med Russland enn med EU. I OSSE og Europarådet, der Russland er medlem, heldt samarbeidet fram. Dermed blei NATO etter kvart ståande åleine blant dei regionale organisasjonane med si restriktive tilnærming. I NATO blei det berre halde nokre få møte med Russland av teknisk karakter på arbeidsnivå.

Nokre allierte ville i alle fall på kort sikt ikkje ta opp att samarbeidet i NRC. Også av historiske årsaker reagerte dei svært sterkt på invasjonen og den påfølgjande russiske godkjenninga av utbrytarområda som sjølvstendige statar, og dei meinte at dette måtte få meir langvarige konsekvensar.

Andre allierte såg i NRC eit høve til å formidle også kritiske synspunkt på den russiske handlemåten. Desse var òg opptekne av at samarbeidet med Russland var av langsiktig og grunnleggjande betydning for å kunne løyse sentrale regionale og globale tryggingsspolitiske utfordringar. Frå norsk side blei det lagt stor vekt på desse perspektiva. Sjølv om Noreg støtta ei mellombels avgrensing av samarbeidet, blei det på same tid påpeika at NRC nettopp hadde sin styrke i å opne for dialog og til-litsbygging når motsetningane var sterke. Etter norsk syn var det viktig å ta opp att samarbeidet i NRC, også fordi det opna for ein samla reaksjon frå alliert side på utfordringar prega av usemje.

Regjeringa var oppteken av å vidareføre det praktiske samarbeidet på område der NATO og Russland har felles interesser. Frå norsk side vart det lagt vekt på å stå som vertskap for øvingar og konferansar innanfor ramma av NRC. I første halvdel av 2008 blei det halde ei større ubåtredningsøving i norske farvatn med russisk deltaking, og i 2009 er det planlagt ei sivil krisehandteringsøving i Noreg. Frå norsk side bidrog ein dessutan i 2008 til NRC-prosjektet for opplæring og trening av personell til antinarkotikainnsats i Afghanistan. Forutan dei allierte og Russland omfattar prosjektet Afgha-

nistan, Kasakhstan, Kirgisistan, Tadsjikistan, Turkmenistan og Usbekistan. Det er retta mot eit problem som vedgår alle landa, og er samtidig knytt til ei av dei sentrale utfordringane når det gjeld å skape eit trygt og stabilt Afghanistan. Under toppmøtet i Bucuresti bidrog Russland ved å leggje til rette for auka samarbeid i Afghanistan gjennom inngåinga av en transittavtale for ISAF-materiell over russisk landterritorium. Dette legg til rette for vesentleg kostnadsreduksjon ved transport av visse typar militært materiell til ISAF, føreset at NATO kjem til semje med Kasakhstan og Usbekistan om tilsvarende avtalar. Denne trans-

portruta vil vere eit supplement til transitten via Pakistan.

Regjeringa er òg oppteken av å sjå på utsiktene for samarbeid med Russland innanfor NRC-ramma i nordområda.

Usemja i alliansen om tilnærminga til fornya politisk dialog med Russland heldt seg fram mot utanriksministermøtet i desember 2008. Der blei ministrane samde om at samarbeidet gradvis skulle takast opp att, etter aktiv innsats mellom anna frå norsk side. Eit første uformelt møte på ambassadørnivå blei halde i januar 2009.

5 Forholdet til landa på Balkan, Ukraina og Georgia

5.1 Balkan

Noreg vidareførte i 2008 arbeidet for ei regional NATO-tilnærming overfor landa på Balkan. Regjeringa er oppteken av å unngå at det blir skapt kunstige eller unødvendige skiljelinjer som følgje av at landa har så ulik grad av tilknytning til NATO. Frå norsk side blir det difor lagt vekt på å styrkje samarbeidet med alle Balkan-landa for å bidra til stabilitet på det europeiske kontinentet. I 2008 medverka Noreg såleis både til dei individuelle programma for tryggingssktorreform i regi av NATO og til styrking av regionale samarbeidsforum og prosjekt som støttar opp om tryggingssktorreform.

Toppmøtet i Riga i 2006 tok opp Bosnia-Hercegovina, Serbia og Montenegro som medlemmer i Partnerskap for fred (PFP). Dette programmet gav i si tid alle dei dåverande landa på Balkan ei formell tilknytning til NATO gjennom partnerskapsordningar. Sidan har tempoet i integrasjonsprosessane variert. Albania, Kroatia og Makedonia har i 2008 hatt kandidatstatus gjennom deltaking i NATOs medlemskapsprogram (MAP). Albania og Kroatia fekk invitasjon til medlemskap på toppmøtet i Bucuresti og blei tekne opp som medlemmer på toppmøtet i Strasbourg/Kehl. Samarbeidet med Montenegro og Bosnia-Hercegovina blei oppgradert til såkalla intensivert dialog (Intensified Dialogue – ID) i Bucuresti. Dette er ein mellomstasjon som medfører ei styrking av samarbeidet på vegen mot kandidatstatus. I 2008 blei også samarbeidet med Serbia auka innanfor den gjeldande partnerskapsramma.

5.1.1 MAP-prosessen (Albania, Kroatia og Makedonia)

Regjeringa meiner at NATO-medlemskap for Albania, Kroatia og Makedonia vil innebere eit viktig bidrag til europeisk og regional stabilitet og vere ein naturleg konsekvens av den reformprosessen landa har gjennomgått. Dei har vist vilje og evne til å ta på seg byrdene eit NATO-medlemskap inne-

ber, gjennom deltaking i alliansens operasjonar og annan innsats. Dei har teke på seg og er i ferd med å gjennomføre eit breitt sett reformer både i forsvarssektoren og innanfor demokratisering og rettsstatsutbygging. Eit viktig poeng for NATO er at ein invitasjon til medlemskap ikkje er eit ende punkt for reformene, men ei følgje av at reformene er komne til eit punkt der dei må reknast som irreversible, og at kandidatlandet er i stand til å bidra til det kollektive forsvaret av alliansen. Noreg har aktivt støtta reformprosessane i kandidatlanda både gjennom NATO og bilateralt.

På grunn av den bilaterale konflikten med Hellas om namnespørsmålet lét det seg ikkje gjere i 2008 å komme fram til semje om å invitere også Makedonia som NATO-medlem i Bucuresti. Hellas aksepterer ikkje det konstitusjonelle namnet på Makedonia. Noreg og andre allierte har oppmoda til arbeid for ei snarleg løysing på denne konflikten gjennom dei pågåande forhandlingane i FN-regi. Sluttkommunikeet frå Bucuresti slår fast at Makedonia skal få ein medlemskapsinvitasjon så snart ei gjensidig akseptabel løysing er funnen.

I mars 2008 ble det signert ein avtale mellom Noreg og Makedonia om samdeployering i ISAF på sanitetssida. Dette gjer situasjonen meir føreseieleg for den norske styrken. Makedonia får for første gong høve til å deployere kirurgiske kapasitetar til internasjonale operasjonar, noko som gjer at landet blir meir synleg i NATO og får verdifull operativ erfaring.

Albania og Kroatia tiltredde formelt som medlemmer av alliansen på toppmøtet i Strasbourg/Kehl i april 2009. Dette utvida medlemskapskrinsen i NATO til 28 gjennom den tredje utvidingsrunden sidan Berlinmuren blei riven. Tiltredinga kravde ratifikasjon av tiltredingsprotokollane til Traktaten for det nordatlantiske området (Washington-traktaten av 1949) i alle medlemslanda. For Noregs del gav Stortinget sitt samtykke til ratifikasjon 20. november 2008, og regjeringa ratifiserte deretter tiltredingsprotokollane i statsråd 28. november.

5.1.2 Partnerskapslanda på Vest-Balkan (Serbia, Bosnia-Hercegovina og Montenegro)

Frå alliert side er det lagt vekt på at Serbia og Bosnia-Hercegovina må oppfylle sine plikter overfor FNs internasjonale krigsforbrytardomstol for det tidlegare Jugoslavia (ICTY). Utleveringa av den krigsforbrytaretersøkte Radovan Karadzic og den positive vurderinga av samarbeidsviljen hos serbiske styresmakter som ICTY gav uttrykk for i desember 2008, var viktige framskritt i så måte. Det svekte motstanden hos enkelte allierte mot å styrkje samarbeidet med Serbia. Hausten 2008 gav den serbiske regjeringa på si side uttrykk for at landet ville gjere seg full nytte av PFP-medlemskapen sin, men understreka òg at ein legg alliansefri- dom til grunn for tryggingsspolitikken. NATO er enno lite velsett, mellom anna som følgje av bom- binga i 1999 og støtta til den nye tryggingssstyrken i Kosovo (KSF).

Regjeringa ser på eit stabilt Serbia med sterkast mogeleg tilknytning til euroatlantiske og regionale strukturar som ein føresetnad for varig stabilitet på Balkan. Noreg vidareførte eit omfattande bilateralt program innanfor forsvarssektorreform i landet i 2008. Dette resulterte i støtte til ei rekkje tiltak, særleg på område som auka demokratisk kontroll med væpna styrkar, kapasitetsbyggjande tiltak (mellom anna utdanning for deltaking i fredsopera- sjonar) og spesifikke problemstillingar knytte til konfliktane på 90-talet. Leiarrolla vår i NATO-støt- tefondet for reintegrering av overflødig serbisk for- svarspersonell i sivil sektor stod òg ved lag. Fondet er eit viktig element i forsvarsreformene i Serbia og den vanskelege omstillinga dei væpna styrkane må gjennom. Sidan 2006 har nærmare 2400 tidle- gare tilsette i det serbiske forsvaret fått direkte støtte frå fondet.

Innleiinga av såkalla intensivert dialog med Bosnia-Hercegovina og Montenegro på toppmøtet i Bucuresti kom som følgje av framdrift i forsvars- reformprosessane i begge landa og klart uttrykte ønske frå regjeringane i dei to landa om nærmare integrasjon med alliansen.

Utviklinga i Bosnia-Hercegovina var dessverre framleis prega av aukande polarisering på etnisk grunnlag, ei utvikling som har vart sidan opptakten til parlamentsvalet hausten 2006. Motsetningane gjaldt i hovudsak maktfordelinga mellom entitets- og statsnivå, og dei illustrerte at statsdanninga i Bosnia-Hercegovina framleis er skrøpeleg 13 år etter fredsavtalen i Dayton. Sjølv om det er gjort enkelte framsteg i dei politiske reformprosessane i landet, gjer mangelen på politisk semje om nøkkel-

reformer og det generelt høge konfliktnivået i poli- tikken at vidare framgang er vanskeleg.

Noreg har eit omfattande bilateralt samarbeids- program med Bosnia-Hercegovina og yter mellom anna praktisk bistand til partnerskapsprogrammet med NATO og til forsvarsreformer. Regjeringa ser dette som viktig for å kunne medverke til at landet blir best mogeleg integrert i partnerskapsmekanis- mane og kan nyttiggjere seg den assistansen NATO tilbyr.

EU vidareførte i 2008 det militære engasjemen- tet i Bosnia-Hercegovina (EUFOR ALTHEA) på eit redusert nivå. Det norske bidraget til EU-styrken blei ikkje vidareført i 2008. Sidan 1. januar 2007 har Noreg hatt rolla som kontaktambassade for NATO i Sarajevo. I desember vedtok NATO å vidareføre denne rolla ut 2010. I tillegg gjorde norsk personell teneste ved NATO-hovudkvarteret i Sarajevo. Slik kan vi bidra til og delta i dialogen mellom NATO og styresmaktene.

Noreg støttar aktivt opp om forsvarsreformpro- sessen i Montenegro, mellom anna gjennom ein utsend ekspert frå Forsvarsdepartementet som arbeider som rådgivar i det montenegrinske for- svarsdepartementet. Dette kjem i tillegg til kon- kret bistand innan ei rekkje prosjekt knytte til for- svarsplanlegging og forvaltningsrutinar.

5.2 Samarbeidet med Ukraina

Det omfattande samarbeidet mellom NATO og Ukraina er formalisert gjennom NATO-Ukraina- kommisjonen (NUC). Intensivert dialog og prak- tisk samarbeid vart vidareført i 2008, både på poli- tisk nivå og i ekspertgrupper. Ukraina deltek i alle NATOs internasjonale operasjonar og har som før- ste partnarland sagt seg villig til å stille styrkar til disposisjon for NATOs utrykkingsstyrke (NRF).

Spørsmålet om å gi Ukraina status som kandid- atland innanfor medlemskapsplanen MAP domi- nerte diskusjonane om tilhøvet mellom NATO og Ukraina i 2008. Dette vart ei av dei viktigaste strids- sakene i samband med NATO-toppmøtet i Bucu- resti. Den ukrainske regjeringa gav klart uttrykk for at ho ønskte MAP-status og ytterlegare tilnær- ming. Fleire allierte støtta dette. Andre meinte at Ukraina framleis hadde ugjort reformarbeid som måtte gjennomførast før det kunne bli aktuelt å inn- vilge MAP-status. Desse la òg vekt på at vidare NATO-tilnærming var svært politisk omstridt i Ukraina og splitta befolkninga. Ein annan relevant faktor var det strategiske tilhøvet mellom NATO og Russland, sjølv om det er klart at Russland ikkje har nokon vetorett i spørsmål om NATO-utviding.

Kompromisset i Bucuresti vart at Ukraina og Georgia fekk lovnad om at dei ein gong i framtida ville bli NATO-medlemmer, men at dei ikkje fekk innvilga MAP-status. På utanriksministermøtet i desember 2008 vedtok dei allierte at dei ville syte for auka rådgjeving, assistanse og støtte til reformprosessen i landet, styrkje NATOs informasjons- og kontaktkontor i Kiev og innføre ei ordning med årlege nasjonale program for reformarbeidet og samarbeidet.

Frå norsk side har ein lagt vekt på å vidareføre støtta til reformarbeidet i Ukraina både bilateralt og gjennom NATO. Det blir mellom anna gitt støtte til å byggje opp demokratisk orienterte leiingsstrukturar i forsvarssektoren. I diskusjonane om MAP-spørsmålet har Noreg lagt vekt på behovet for omfattande reformer, politisk stabilitet og folkeleg oppslutnad. Etter norsk syn er det både nyttig og naturleg at NATO tek seg tid til å vurdere alle sider ved tilhøvet til Ukraina før nye avgjerder skal takast. Elles har regjeringa vore oppteken av å bidra til konsensusavgjerder i NATO om utviklinga av tilhøvet til Ukraina.

5.3 Samarbeidet med Georgia

På toppmøtet i Bucuresti fekk Georgia, på same vis som Ukraina, lovnad om at landet vil bli medlem av NATO ein gong i framtida, men det fekk ikkje status som MAP-land. Krigen mellom Georgia og Russland i august 2008 kom av naturlege grunnar til å setje sitt preg på diskusjonane om NATO–Georgia-samarbeidet og om Georgia si vidare NATO-tilnærming.

Som ei direkte følge av krigen kom utanriksministrane i NATO saman til ekstraordinært møte 19. august 2008. Her tok ein unisont avstand frå krigshandlingane, kritiserte den russiske invasjonen av Sør-Ossetia og Abkhasia, uttrykte sterk uro over den humanitære situasjonen og gav støtte til det

arbeidet EU og OSSE hadde sett i verk for å finne ei fredeleg løysing på konflikten. I tillegg vedtok NATO-landa ein pakke med teknisk assistanse til Georgia for å bidra til å gjenopprette livsviktige tenester for sivilbefolkninga i dei krigsråka områda. NATO fordømde dessutan den russiske anerkjenninga av Sør-Ossetia og Abkhasia. Konflikten i Georgia sette òg nye premisser for diskusjonane om NATOs tilhøve til Russland.

Krigen intensiverte diskusjonen om Georgias vidare tilnærming til NATO. Det vart semje på det ekstraordinære utanriksministermøtet om å opprette ein eigen NATO–Georgia-kommisjon (NGC) etter mønster av partnerskapen med Ukraina for å auke samarbeidet og støtta ytterlegare. Spørsmålet om MAP-status stod òg på dagsordenen fram mot utanriksministermøtet i desember. Nokre meinte at den russiske invasjonen hadde aktualisert MAP-spørsmålet og vidare integrering, og at NATO måtte gjere meir for å støtte Georgia politisk. Andre meinte at Georgia hadde behov for omfattande politiske, demokratiske og militære reformer før dette kunne verte aktuelt. Dei allierte utanriksministrane konkluderte med at det ikkje var aktuelt å innvilge MAP-status, men vedtok samstundes å styrkje assistansen ytterlegare, mellom anna gjennom eit årleg nasjonalt program for reformer og samarbeid.

Frå norsk side har ein halde fram med å understreke behovet for ytterlegare reformer i Georgia, ikkje minst når det gjeld utvikling av demokratiske institusjonar og rettsstatsprinsipp. I NATO har Noreg vore særleg aktiv i arbeidet med å utforme kompromiss mellom allierte, slik at Georgia-krigen og den påfølgjande diskusjonen om MAP-status ikkje skulle føre til noka form for splitting i NATO. Noreg var mellom anna ein viktig premissleverandør når det gjaldt utforminga og konkretiseringa av samarbeidet i NGC og NUC, ved at vi før utanriksministermøtet i desember la fram forslag til korleis dette kunne gjerast.

6 Partnersamarbeidet

Samarbeidet med partnerland er eit sentralt element i arbeidet for transatlantisk tryggleik og stabilitet, også utanfor det transatlantiske området. Det overordna målet er å medverke til reform i partnerlanda og å gjere alliansen og partnerane betre i stand til å førebyggje og møte felles tryggingsspolitiske utfordringar. Sidan tidleg på 1990-talet er partnersamarbeidet vesentleg vidareutvikla, mellom anna med ei rekkje nye partnerland.

Partnersamarbeidet omfattar i dag ei stor og differensiert gruppe land som kvar for seg har ulike referanserammer og ambisjonar i sitt samarbeid med NATO, og som til dels er samla i ulike geografisk dikterte, men fleksible strukturar. Fleksibilitet, pragmatisme og ulike prioriteringar ligg difor til grunn for partneraktivitetane. Partnerane vel sjølve kva nivå dei vil samarbeide på.

Partnersamarbeidet omfattar både politisk dialog og praktisk samarbeid. Den politiske dialogen er retta mot aktuelle tryggingsspolitiske problemstillingar av felles interesse og blir ført på ei rekkje nivå og i ulike format. Dei alliansefrie vesteuropeiske partnerlanda Austerrike, Finland, Irland, Sveits og Sverige legg stor vekt på denne dialogen som ein inngang til den transatlantiske tenkinga rundt overordna problemstillingar, mens dialogen med andre partnerland i større grad er retta mot regionale og nasjonale saker.

Det praktiske samarbeidet omfattar støtte frå NATO til forsvars- og tryggingssktorreformer i partnerland, støtte frå partnerland til NATO-operasjonar og utstrekt samarbeid og erfaringsutveksling på ei rekkje andre område. Reformstøtta inngår i breiare reformprosessar i partnerland knytte til politisk omstilling og demokratisering, og medverkar til ei gradvis oppbygging av ein verdifelleskap med dei allierte. Reformarbeidet er spesielt utvikla innanfor rammene av det praktiske samarbeidsprogrammet Partnerskap for fred (PFP) under Euro-Atlantic Partnership (EAP). I 2008 var reformstøtta frå NATO spesielt retta mot Ukraina og Georgia og mot partnerlanda på Balkan og i Sentral-Asia.

Eit vesentleg formål med reformarbeidet er å styrkje samvirkeevna mellom militære styrkar frå NATO og partnerlanda. Partnerane spelar ei

vesentleg rolle i NATO-operasjonane gjennom sine styrkebidrag og er òg med og styrkjer legitimiteten til desse operasjonane. Ved årsskiftet 2008/2009 deltok 16 partnerland i NATO-leidde operasjonar med styrkebidrag som utgjorde i overkant av 7 % av dei samla styrkane. NATO er i stor grad avhengig av partnerbidrag for å gjennomføre operasjonane sine.

I diskusjonen om utviklinga av partnerskapane har USA lagt særleg vekt på forholdet til land som kan yte vesentlege bidrag til NATO-operasjonar, deriblant Australia, Japan, New Zealand og Sør-Korea i tillegg til Finland og Sverige. Andre allierte la vekt på samarbeid med partnerane i det euroatlantiske området. Noreg såg det som særleg viktig å finne den rette balansen mellom styrkt politisk dialog og breitt praktisk samarbeid innanfor dei spesifikke partnerskapane. Behovet for fleksibilitet i samarbeidet med troppebidragsytande land blei understreka, då dette ville medverke til å vitalisere partnerskapane. Noreg tok òg særleg omsyn til ønskemåla til dei nordiske partnerlanda Finland og Sverige.

6.1 Euroatlantisk partnerskapsråd (EAPC)

Euroatlantisk partnerskapsråd (Euro-Atlantic Partnership Council – EAPC) er eit politisk dialogforum der allierte og partnerland møtest for å diskutere felles tryggingsspolitiske utfordringar. Partnerane i EAPC er dei alliansefrie vesteuropeiske landa (Austerrike, Finland, Irland, Sveits og Sverige), kandidatlandet Makedonia, dei tre deltarane i Partnerskap for fred (PFP) på det vestlege Balkan (Bosnia-Hercegovina, Montenegro og Serbia), dei tre landa i Sør-Kaukasus (Armenia, Aserbajdsjan og Georgia) som har individuelle samarbeidsprogram med NATO, dei fem sentralasiatiske landa (Kasakhstan, Kirgisistan, Tadsjikistan, Turkmenistan og Usbekistan) og Malta, Moldova, Kviterussland, Russland og Ukraina. Malta blei gitt status som partnerland på toppmøtet i Bucuresti. Dette er ei ueinsarta gruppe med ulike interesser og behov, og det er difor utfordrande å gjere dialo-

gen substansiell og framtidsretta, også på bakgrunn av at EAPC ikkje er eit forum som kan ta avgjerder. Dette fører ofte til at manglande interesse og substans pregar dialogen.

I 2008 blei det arbeidd vidare med å følgje opp Riga-vedtaka om å gjere konsultasjonane innanfor EAPC meir fokuserte og prioriteringsorienterte, mellom anna gjennom bruk av fleksible møteformat. Ei utfordring har vore å finne fram til saker som kan vere til gjensidig nytte for allierte og partnerane. Ei vellukka eksempel er dialogen med dei fem sentralasiatiske landa om utviklinga i Afghanistan, der også afghanarane deltek. Dette var eit initiativ Noreg var med på å fremje saman med enkelte andre allierte.

6.2 Dei vesteuropeiske partnerlanda

Dei vesteuropeiske partnerlanda Austerrike, Finland, Irland, Sveits og Sverige står i ei særstilling i partnarsamanheng og har i lengre tid medverka betydeleg til NATO-operasjonar på Balkan og i Afghanistan. Dei kan tilby NATO veltrena og velutstyrte styrkar, og bidra deira fyller viktige behov i operasjonane. Samtidig er desse landa aktive i den politiske dialogen og kjem med viktige innspel og synsmåtar.

Noreg var også i 2008 spesielt merksam på svenske og finske synspunkt i diskusjonen om utviklinga av partnerskapen. Regjeringa la særleg vekt på ønsket deira om å bli tettare inkluderte i planlegginga og gjennomføringa av operasjonar. Frå norsk side blei det framheva som fornuftig at dei troppebidragsytande partnerane får større tilgang til relevante diskusjonar og informasjon. Dette gir dei betre høve til å påverke avgjerder som har følgjer for deltakinga deira i NATO-operasjonar. Det vil styrkje motivasjonen til å stille relevante bidrag og sikre operasjonane større legitimitet, utan å røre ved den overordna politiske kontrollen NATO skal ha. Noreg støtta i så måte svenske og finske ønske om rettidig tilgang på relevant informasjon og høveleg innpass i kommandokjeda i NATO.

For Finland og Sverige var deltaking i NATO-operasjonar av stor verdi med tanke på å sertifisere og øve EU-styrkar som skal ta del i ESDP-operasjonar, deriblant den nordiske innsatsgruppa. Deltakinga er òg viktig for å leggje til rette for at dei skal kunne realisere ambisjonen om å få delta i NATOs reaksjonsstyrke (NATO Response Force – NRF). Også av desse grunnane var det i norsk interesse å arbeide for den graden av integrasjon med NATO som Finland og Sverige sjølve ønskjer.

6.3 Tilhøvet til middelhavslanda og Midtausten

Samarbeidet i Middelhavsdialogen (MD) og Istanbul-initiativet (ICI) illustrerer at trusselbiletet i dag gjer stabile og trygge forhold i Middelhavsregionen, Persiagolfen og Midtausten til eit viktig omsyn for dei allierte.

MD omfattar Algerie, Egypt, Israel, Jordan, Marokko, Mauritania og Tunisia og har som ei viktig målsetjing å medverke til tryggleik og stabilitet i regionen, forsterka dialog om felles trygging utfordringar og praktisk samarbeid i forsvars- og tryggingssektoren. MD er òg eit uttrykk for eit gjensidig ønske om samarbeid i kampen mot terror.

Både den politiske dialogen og det praktiske samarbeidet heldt fram med å utvikle seg positivt i 2008. Saman med m.a. Italia, Spania og Storbritannia var Noreg pådrivar for å styrkje samarbeidet. Frå norsk side blei det særleg lagt vekt på å utvikle den politiske dimensjonen, mellom anna med fleire møte på ministernivå.

I 2007 tok elles Noreg, saman med Spania og Sveits, initiativet til det første NATO-støttefondet for eit MD-land. Det har til formål å hjelpe jordaniske styresmakter å fjerne udetonerte eksplosiv i landet og blei sett i verk i 2008.

Istanbul-initiativet (ICI) blei etablert på toppmøtet i Istanbul i 2004. Bahrain, Dei sameinte arabiske emirata (UAE), Kuwait og Qatar deltek i ICI. Samarbeidet er hovudsakleg av praktisk art og baserer seg på årlege program som mellom anna omfattar antiterroriltak, forsvarsreform, ikkjepreiring, sivil beredskap og militært samarbeid. Også i 2008 gav Bahrain, Kuwait og UAE uttrykk for ønske om nærmare samarbeid med NATO, både politisk og praktisk. Dette er ei utvikling som mellom anna er tilskunda av Irak-krigen, regionale stormaktsambisjonar i Iran og tilhøvet mellom sunni- og sjiamuslimske grupper.

6.4 Tilhøvet til globale NATO-partnarar

Globale NATO-partnarar er land utanfor Europa som ikkje deltek i dei formelle partnerskapsstrukturane. Samarbeidet er tufta på felles tryggingsspolitiske interesser og demokratiske verdiar som grunnlag for deltaking i NATOs operasjonar, tryggingssamarbeid og dialog om felles tryggingssutfordringar. Landa ønskjer ikkje eit utvida formalisert samarbeid med NATO, samtidig som dei i varierende grad er opptekne av å ha ein fortløpande dialog om felles tryggingssutfordringar og

eit strukturert praktisk samarbeid. Dialogen er spesielt tett med Australia, Japan, New Zealand og Sør-Korea. Saman med Singapore bidreg desse på ulike måtar til NATO-operasjonen i Afghanistan. NATO har òg i ulik grad uformell kontakt med

fleire andre land, deriblant Brasil, Colombia, Kina, Mexico og Mongolia. Samarbeidet med dei globale partnerane har utvikla seg vidare i 2008 på grunnlag av individuell tilnærming i det omfang den enkelte partner finn passande.

7 Nye trygging utfordringar

7.1 Missilforsvar

Utgreiingane om eit mogeleg territorialt alliert missilforsvar var i utgangspunktet baserte på oppdrag frå stats- og regjeringssjefane frå toppmøta i 2002 og 2006. Men etter at USA innleidde konsultasjonar og seinare inngjekk bilaterale avtalar med Polen og Tsjekkia om å byggje høvesvis utskytingsrampar for avskjeringsrakettar og radaranlegg i dei to landa som ein del av eit amerikansk missilforsvarssystem, vart premissane for diskusjonen i NATO endra. Det gav ikkje lenger mening å drøfte eit eige alliert missilforsvarssystem. I staden vart det ein diskusjon om NATO skulle knyte seg til det amerikanske systemet for å sikre dekning for heile alliansens territorium.

Under toppmøtet i Bucuresti erkjende NATO-landa at spreiding av ballistiske missil utgjer ein aukande trussel. Analysen var at missilforsvar kan utgjere ein del av ein brei respons for å møte denne trusselen og verne om væpna styrkar, territorium og befolkningar. Til grunn for analysen låg også prinsippet om udeleg tryggleik, ein grunnleggjande premiss i NATO-samarbeidet. Det vart ikkje teke noka politisk avgjerd om å byggje opp eit eige missilforsvar i NATO, men det var semje om å utvikle alternativ for ein omfattande missilforsvarsarkitektur. Dette vil vere med og danne grunnlaget for framtidige politiske avgjerdar. Utviklinga av slike alternativ er eit omfattande arbeid som krev vurdering av mange tekniske aspekt.

Frå norsk synsvinkel er det grunn til å vere fornøgd med at det i erklæringa frå toppmøtet i 2009 blir slått så tydeleg fast at ei endeleg avgjerd berre kan takast på grunnlag av ei grundig utgreiing av alle implikasjonar ved saka.

Russland har reagert svært negativt på dei amerikanske planane og oppfølginga i NATO. Dei hevdar at dette endrar den strategiske balansen, og fryktar at det skal svekkje den russiske kjernefysiske avskrekkingsevna. Både NATO og USA har gjort det heilt klart at mogelege missilforsvarsanlegg ikkje vil bli retta mot Russland. USA har med støtte frå allierte også freista å få Russland med i drøftingar om korleis ein kan samarbeide om å møte felles truslar. Noreg har lagt svært stor vekt

på dette. Fleire konkrete framlegg om samarbeid og tillits- og tryggingsskapande tiltak er lagde fram og drøfta i 2008, hovudsakleg bilateralt mellom USA og Russland.

Noreg er eitt av dei NATO-landa som har stilt seg mest kritisk til utviklinga av allierte missilforsvarskapasitetar. Denne haldninga er basert på ei samla vurdering av truslane og faren for at eit slikt system kan føre til eit nytt rustingskappløp. Regjeringa har òg vore betenkt over det generelle tilhøvet til Russland og andre tredjeland og over uvisse som framleis knyter seg til kostnader og teknologiske utfordringar. Noreg har lagt stor vekt på å engasjere Russland i ein tettast mogeleg dialog med NATO i denne saka. Også i 2008 blei desse syna aktivt fremja frå norsk side i alle diskusjonar om temaet i NATO.

7.2 Rustingskontroll, nedrusting og ikkjespreiing

Rustingskontroll, nedrusting og ikkjespreiing har i lang tid vore viktige målsetjingar for NATO og er avgjerande for den overordna tryggleiken til alliansen. NATO-landa har lagt ned ein betydeleg innsats for å fremje desse målsetjingane. Mykje av arbeidet på desse felte har likevel i praksis funne stad nasjonalt og i andre internasjonale forum som FN og OSSE.

Noreg og Tyskland tok i 2007 eit omfattande initiativ for å styrkje NATOs engasjement innan rustingskontroll, nedrusting og ikkjespreiing. Dette bar frukter og vart følgt opp i 2008. Ein omfattande rapport om korleis NATO kunne betre profilen sin på dette feltet, vart vedteken på toppmøtet i Bucuresti. Regjeringa ser ei viktig rolle for NATO i globale rustings- og ikkjespreiingsspmål og vil aktivt følgje opp initiativet også i åra framover.

Som eit resultat av initiativet vart det opna for betre samarbeid og koordinering mellom NATO på den eine sida og FN, OSSE og partnarland, deriblant Russland, på den andre. Det vart semje om å sjå på mogelege tiltak med omsyn til konvensjonelle våpen, kjernefysiske våpen og andre masse-

øydeleggingsvåpen. Ein eigen informasjonsstrategi vart utarbeidd på norsk og tysk initiativ. NATO har så langt ikkje vore effektive når det gjeld å informere publikum om det allierte arbeidet som vert gjort på desse områda. Det kan til dømes vere naturleg å leggje meir vekt på at NATO etter den kalde krigen har gjennomført omfattande reduksjonar i konvensjonelle styrkar og våpen, og at NATO-tilskrivne kjernevåpen er reduserte med meir enn 90 %. I tillegg kjem mykje annan internasjonal innsats, til dømes for ikkjepreiring av masse-øydeleggingsvåpen.

Det viktigaste med det norsk-tyske initiativet var at nedrustingsspora vart sette vesentleg høgare på dagsordenen i NATO, og at både aktivitetane og samarbeidet på dette feltet vart auka og intensiverte. På toppmøtet i Bucuresti gav stats- og regjeringssjefane full tilslutnad til å sjå rustingskontroll, nedrusting og ikkjepreiring som ein naturleg del av NATOs overordna strategi for å sikre fred, tryggleik og stabilitet.

Ei viktig nedrustingssak som stod på NATO-saklista i 2008 var konvensjonen om klaseammunisjon. Denne vart både drøfta politisk og analysert militært, og norske synspunkt vart fremja også i NATO-ramma. Eit særleg relevant spørsmål var interoperabilitet, altså i kva grad konvensjonen ville leggje hindringar i vegen for militært samarbeid i operasjonar der både land som har signert konvensjonen og land som ikkje har signert konvensjonen deltek. Etter at konvensjonsteksten var ferdigforhandla i mai 2008, var det klart for alle paratar at konvensjonen på ingen måte ville hindre NATO-interoperabilitet, og dette blei òg bekrefta på militær side.

Saman med USA leier Noreg i perioden 2008–2009 arbeidet i NATOs Senior Defence Group on Proliferation. Hovudprioriteringane for formannskapsperioden er å fullføre arbeidet med ein overordna NATO-strategi for ikkjepreiring og forsvar mot kjemiske, biologiske, radiologiske og kjernefysiske våpen, og å bidra til auka sivil-militært samarbeid på desse felta.

7.3 CFE-avtalen

Regjeringa ser framleis på avtalen om konvensjonelle styrkar i Europa (CFE-avtalen) som ein tryggingsspolitisk berebjelke i Europa. Sidan avtalen tredde i kraft i 1992, er meir enn 60 000 stridsvogner, pansra kampvogner, artillerieiningar, angrepshelikopter og kampfly fjerna frå europeisk territorium gjennom verifisert destruksjon. Avtalen fastset òg geografisk definerte styrkeavgrensingar og

har omfattande informasjons- og verifikasjonsføresetnader. For Noreg er ikkje minst dei særlege materiellavgrensingane i flankane, og spesielt i nordområda, svært viktige.

Russland suspenderte avtalen i desember 2007, noko verken Noreg eller NATO har akseptert. Bakgrunnen var usemje mellom allierte og Russland om vilkåra for iverksetjing av ein revidert avtale. Både før og etter den russiske suspensjonen har NATO-landa lagt fram samla forslag til løysingar på dei uteståande problema, men det har i 2008 også mangla på russisk vilje til å drøfte dette nærmare. Dei russiske militære handlingane i Georgia bryt òg med prinsippa som CFE-avtalen byggjer på.

Det har vore viktig for både Noreg og andre allierte å unngå ei ytterlegare svekking av avtalen. Difor har NATO vedteke at ein for sin del og inntil vidare vil halde fram med å oppfylle alle forpliktingane i CFE-avtalen og å vidareføre dialogen med Russland. Regjeringa legg stor vekt på dette. Allierte har likevel gjort det klart at denne situasjonen, der NATO-landa oppfyller krava medan Russland ikkje gjer det, er uholdbar i lengda.

7.4 Energitrygging

På toppmøtet i Riga i 2006 vedtok stats- og regjeringssjefane å setje i gang eit arbeid med å vurdere ei mogeleg rolle for alliansen i samband med sikring av kritisk energiinfrastruktur, i erkjenninga av at ustabil tilgang på vitale energiressursar verkar inn på tryggleiken til dei allierte. Det blei lagt til grunn at ei slik rolle føreset at NATO bidreg med meirverdi i ein innsats som skal skje på oppmoding frå medlemslanda og koordinerast med nasjonal og annan internasjonal innsats.

Oppfølginga viste visse motsetningar blant dei allierte med omsyn til ambisjonane for ei slik rolle, primært i kva grad det kan vere aktuelt for NATO å ta stilling til meir politiske konflikhtar knytte til energiforsyning, og kor vidt det kan vere aktuelt for alliansen å ta på seg ei rolle i vern av kritisk infrastruktur også utanfor alliert land- og sjøterritorium. Det var òg usemje knytt til ønske hos enkelte allierte om ei sterkare NATO-rolle som reaksjon på ein eventuell politisk bruk av energiressursar frå russisk side.

Fram mot toppmøtet i Bucuresti blei det utarbeidd ein felles rapport om alliansens rolle i samband med energitryggleik. Sentralt i rapporten står tilrådingar om samarbeid på følgjande område: etterretningsdeling internt i alliansen, informasjonsdeling med partnarlanda, stabilitetsfremjande

tiltak, støtte til konsekvenshåndtering og støtte til vern av kritisk infrastruktur. Etter toppmøtet er det jamleg blitt rapportert til NATO-rådet om tiltaka som er gjennomførte. Det er òg utarbeidd ein samla rapport til stats- og regjeringssjefane i samband med toppmøtet i Strasbourg/Kehl om status for gjennomføringa av tilrådingane frå Bucuresti-toppmøtet.

Som einaste større energieksporande medlemsland i NATO heldt Noreg ein høg profil i diskusjonen. Noreg har støtta forsøka på å definere ei rolle for alliansen, med fokus på vakt- og sikringsoppdrag, støtte til nasjonal innsats og tillitsskapinge samarbeid med ikkje-allierte energinasjonar. Noreg har òg argumentert for ei rolle for NATO i partnarsamanheng, med spesiell vekt på korleis berøringspunkta med Russland kan utnyttast innanfor rammene av NATO–Russland-rådet (NRC).

7.5 Vern mot dataangrep

Arbeidet med vern mot dataangrep («cyber defence») i NATO skaut fart i 2007 i kjølvatnet av angrepet på Estland. Det var semje i alliansen om at dataangrep, anten som enkeltståande og isolerte hendingar eller i kombinasjon med eit væpna angrep, kunne utgjere ei fundamental trygging utfordring. På toppmøtet i Bucuresti blei det semje om ei alliert tilnærming overfor kommunikasjons- og informasjonssystem av kritisk betydning for alliansen. Tilnærminga identifiserer kriterium for bruk, roller og ansvar og ulike prosedyrar til bruk i tilfelle dataangrep. Det er òg etablert ein konsultasjonsmekanisme som grunnlag for iverksetjing og koordinering av tiltak. Mekanismen skal òg kunne brukast av partnarnasjonane og internasjonale organisasjonar ved behov.

8 Den sivile dimensjonen

8.1 Sivil beredskap

Sivil beredskapsplanlegging og sivil krisehandtering er primært eit nasjonalt ansvar, men framveksten av internasjonale terrornettverk og truslar om bruk av masseøydeleggingsvåpen stiller særlege krav som nasjonale ressursar åleine ikkje alltid kan oppfylle. Hovudformålet med den sivile beredskapsplanlegginga i NATO er å samordne og oppnå ein mest mogeleg effektiv bruk av nasjonale sivile ressursar for å støtte opp om dei strategiske allianseoppgåvene og å verne sivilbefolkninga og infrastrukturen i tilfelle naturkatastrofar, krig eller terroranslag. Det sivile beredskapsmiljøet i NATO er aktivt med når alliansen yter bidrag etter humanitære katastrofar.

Sivil beredskap har òg ein vesentleg partnardsjansjon som det største ikkje-militære programmet innanfor EAPC. Det omfattar mellom anna samarbeid om katastrofeberedskap, retningslinjer for bruk av sivile ressursar ved militær krisehandtering og humanitær bistand etter katastrofar. NATOs sivile kriseresponssenter (Euro-Atlantic Disaster Response Coordination Centre – EADRCC) spelar ei viktig koordinerande rolle overfor allierte og partnerland i samband med humanitære kriser.

I tråd med ønsket vårt om å styrkje det praktiske samarbeidet med partnerane var Noreg også i 2008 ein pådrivar i arbeidet med å fullføre felles retningslinjer for å styrkje EAPC-landa i evna til å handtere kjemiske, biologiske, radioaktive og kjernefysiske angrep og ulukker. Det blei sett i gang eit arbeid med å gjennomføre desse retningslinjene innanfor EAPC som vil bli følgt opp frå norsk side.

Frå norsk side var ein elles oppteken av å utvikle samarbeidet om sivil beredskapsplanlegging innanfor ramma av NATO–Russland-rådet. Noreg tek såleis sikte på å stå som vertsnasjon for ei felles sivil krisehandteringsøving i 2010.

8.2 Kvinner, fred og tryggleik

Noreg og nokre andre allierte tok i 2007 til orde for ei aktiv oppfølging frå NATO-hald av tryggings-

rådsresolusjon 1325 om kvinner, fred og tryggleik. På dette grunnlaget fekk dei militære NATO-styresmaktene i oppdrag å utforme konkrete forslag til korleis kjønnspektivet kunne inkludrast i det militære arbeidet, med særleg fokus på alle fasar i NATO-leidde operasjonar. Arbeidet byggjer på ei erkjenning av at ei samla tilnærming til stabilitet og gjenreising også må omfatte kjønnspektivet. Militære retningslinjer for oppfølging av resolusjon 1325 i NATO blei lagde fram 11. mars 2009.

Parallelt med utarbeidinga av allierte retningslinjer tok Noreg, Sverige, Finland, Danmark og Nederland hausten 2008 initiativ til å utarbeide studien NATO in Afghanistan: Resolution 1325 as a tool for enhanced effectiveness. Studien fokuserer på korleis resolusjon 1325 blir følgt opp i PRT-ane som Danmark, Italia, New Zealand, Noreg og Sverige har i Afghanistan. Studien skal munne ut i konkrete tilrådingar. Den skal leggast fram i mai 2009 som eit bidrag til å styrkje NATO-arbeidet med implementeringa av resolusjonen. Studien vil òg bli lagd til grunn for ytterlegare tiltak for å sikre at handlingsplanen til regjeringa blir betre gjennomført i den norske PRT-operasjonen.

8.3 Menneskehandel

NATO-politikken mot menneskehandel blei vedteken på toppmøtet i Istanbul i 2004 etter eit felles norsk-amerikansk initiativ. Han inneber at alliansen aktivt skal vere på vakt mot og reagere på menneskehandel i samband med sine operasjonar. Partnerane i EAPC har slutta seg til initiativet, slik at 50 land i det euroatlantiske området stiller seg bak målsetjinga om nulltoleranse for menneskehandel i samband med NATO-leidde operasjonar. I 2007 blei det utpeika ein eigen koordinator med ansvar for å følgje opp NATO-politikken på området. Mellom anna blei det utført ei spørjeundersøking i mars 2008 om implementeringa av politikken i NATO- og partnerland. Resultata blei lagde fram i ein rapport i februar 2009. Denne anbefalte meir systematisk trening og opplæring i temaet for NATO-styrkar og NATO-institusjonar, standardi-

sert NATO-rapportering om aktuelle tilfelle, betra offentlig kommunikasjon om emnet, og utbreidd samarbeid med andre aktørar på feltet. NATO-rådet har vedteke at anbefalingane skal implementerast. Noreg spelar ei aktiv rolle i dette arbeidet, spesielt med tanke på implementering i NATOs operasjonsplanar.

8.4 NATO-innsats i humanitære kriser

NATO-innsatsen i dei humanitære kriseoperasjonane etter orkanen Katrina i USA i september 2005 og i samband med jordskjelvkatastrofen i Pakistan fram til februar 2006 opna for ein diskusjon om kva rolle NATO skulle spele i humanitære kriser. Noreg har ei positiv innstilling til ei slik støtterolle

basert på den premissen at NATO må tilby meirverdi og ikkje utvikle eigne kapasitetar på det humanitære området. Slik regjeringa ser det, er det svært viktig å unngå duplisering av den innsatsen FN og andre sivile aktørar anten gjer eller kan gjere betre. Frå norsk side blei det vidare lagt vekt på at innsatsen må vere basert på ei oppmoding frå landet som er råka, må vere i tråd med etablerte retningslinjer, må vere koordinert av FN og må sjåast i samanheng med innsats frå andre organisasjonar, også dei humanitære.

9 Militær omforming

Arbeidet med å omforme alliansens og dei alliertes militære strukturar og kapasitetar for å møte ein endra og dynamisk tryggingspolitisk kvardag er i 2008 blitt vidareført langs ei rekkje ulike spor. Arbeidet har mellom anna teke utgangspunkt i vedtaka som blei fatta på toppmøtet i Bucuresti, og har samtidig utgjort ein del av førebuingane til alliansens jubileumstoppmøte i 2009. I sum dreier dette arbeidet seg om å vidareføre utviklinga av militære styrkar og strukturar som er fleksible, anvendelige og deployerbare, med sikte på å kunne løyse heile oppgåvespekteret til alliansen på ein effektiv måte. Fokus er difor ikkje berre på å sikre modernisering gjennom nødvendige investeringar i materiell, men i stor grad å vidareutvikle samarbeid mellom nasjonane, tenlege organisasjonsformer og kompetanse. Også på norsk side legg vi betydelig vekt på desse aspekta, og dei har fått ein sentral plass i den siste langtidsplanen for Forsvaret.

Som eit ledd i drøftinga i NATO om handteringa av felles tryggingsutfordringar tok Noreg i 2008 initiativ til å styrkje fokuset på utfordringane i nærområda til medlemslanda. NATO har i ei årrekke hatt sterkt fokus på å kunne skaffe fram kapasitetar og styrkar for operasjonar på strategisk avstand, som i Afghanistan. Dette har vore ei nødvendig og rett satsing, men har òg medverka til å skape eit visst inntrykk av at NATO primært er ein organisasjon som driv operasjonar i fjerne område. Formålet med nærområdeinitiativet er å påpeike behovet for å vareta NATO-oppgåvene i full breidd også innanfor eige geografisk nærområde. Initiativet set fokus på å forbetre NATOs evne til å handtere tryggingsutfordringar i alliansens nærområde og å styrkje NATO-profilen i medlemslanda, samtidig som ein oppfyller alle tilsegner i samband med internasjonale operasjonar. Viktige element i nærområdeinitiativet er at dei fellesoperative NATO-hovudkvartera (i Nederland og Italia) bør få eit klart geografisk ansvar i høvesvis Nord- og Sør-Europa. Kommandostrukturen i NATO bør knytast tettare til nasjonale fellesoperative hovudkvarter. Det vil gi betre innsikt i tryggingsutfordringane i ulike delar av alliansen. Det er òg foreslått at NATO bør skaffe seg betre situasjonsforståing og analysekapasitet på etterretningssida når det gjeld

alliansens nærområde, og at NATO i større grad bør bli involvert i øvingsaktivitet på alliansens territorium.

Ein av dei mest sentrale prosessane i det forsvarspolitiske samarbeidet i 2008 har vore revisjonen av NATOs forsvarsplanprosess. Denne skal skape eit rammeverk for harmonisering av nasjonal og alliert verksemd. Det krev at prosessen blir gjort meir integrert og heilskapleg ved at dei ulike planmiljøa i alliansen i større grad arbeider saman om framskaffing og utvikling av kapasitetar. Frå norsk side har ein støtta aktivt opp om dette arbeidet. I framkant av toppmøtet i Strasbourg/Kehl i april 2009 blei det oppnådd semje om ein revidert forsvarsplanprosess.

Elles stod arbeidet med å vidareutvikle alliansens hurtigreaksjonsstyrke (NATO Response Force – NRF) sentralt. NRF har vist seg vanskeleg å realisere i samsvar med den opphavlege ambisjonen, mykje på grunn av ressurskrava i samband med operasjonen i Afghanistan. Difor har det vore nødvendig å søkje å skape betre samsvar mellom ambisjonar og ressursar. Arbeidet er ikkje avslutta. Det er brei semje blant dei allierte om at alliansen framleis treng ein slik kapasitet, og frå norsk side har ein spesielt understreka behovet for å gjere NRF til ein mest mogeleg tilgjengeleg og fleksibel kapasitet.

Ei anna hovudmålsetjing er å gjere kommandostrukturen meir effektiv og betre i stand til å leie alliansens militære operasjonar innanfor eit endra tryggingsbilete. Det er oppnådd semje om ei justering av kommandostrukturen, men det blir framleis arbeidd med å vurdere dei ressursmessige konsekvensane av foreslåtte endringar i organisasjon og personelloppsett.

Det er brei semje i alliansen om det operative behovet for alliert luftboren bakkeovervaking, og arbeidet med det fleirnasjonale programmet for å skaffe fram ein slik kapasitet (Alliance Ground Surveillance – AGS) er vidareført. Undervegs har det vore store vanskar med framdrifta i programmet. Trass i at fleire nasjonar har trekt seg, blei det i 2008 gjort større programmessige framskritt, og viktige milepælar blei nådde. Noreg bidrog aktivt til dette.

Det blei òg gjort viktige framskritt i programmet for anskaffing av strategiske transportfly. Noreg, ni andre allierte og partnerlanda Sverige og Finland inngjekk hausten 2008 ein felles, bindande avtale om å skaffe tre C-17 transportfly. Flya skal

kunne brukast av deltakarnasjonane til ulike oppdrag der det er behov for strategisk flytransport, dvs. i oppdrag for NATO, men ved humanitære behov også i regi av EU og FN. Flya skal etter planen leverast i løpet av 2009.

10 Reform av NATO-hovudkvarteret

Generalsekretæren i NATO tok eit fornya initiativ i arbeidet med reform av NATO-hovudkvarteret i siste halvår 2008. Dette arbeidet fekk generell støtte på toppmøtet våren 2009. Det blir lagt opp til endringar i avgjerdsprosessar, stabsstruktur, komitéstruktur og arbeidsprosessar. Behov for rasjonalisering, tydeleggjering av ansvar, tydelegare prioritering mellom oppgåver, auka intern handlefridom for generalsekretæren med omsyn til ressurs- og personelldisponeringar, auka rotasjon av stillingar og ein større grad av interaksjon mellom militær og sivil side er av dei mest framtre-dande endringsforslaga.

Det har vist seg at det i forhold til tidlegare år er ein klart auka reformvilje blant dei fleste nasjonar. Samtidig ser ein heilt klare grenser hos enkelte allierte, spesielt når det gjeld endringar i avgjerdsprosessane og graden av interaksjon mellom sivil og militær side.

Utanriksdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Utanriksdepartementet av 15. mai 2009, om samarbeidet i NATO i 2008 blir send Stortinget.

Vedlegg 1**Erklæring frå toppmøtet, Bucuresti 3. april 2008**

Ved stats- og regjeringssjefane som deltok på møtet i Nordatlantisk råd

1. Vi, stats- og regjeringssjefane i medlemslanda i Det nordatlantiske forsvarssambandet, møttest i dag for å utvide alliansen og ytterlegare styrkje evna vår til å møte dei noverande og framveksande truslane i det 21. hundreåret. Vi tok for oss den monalege framgangen vi har gjort dei siste åra for å omdanne NATO, og var samde om at dette er ein prosess som må halde fram. Vi erkjende den varige verdien av dei transatlantiske banda og av NATO som det sentrale forumet for samråd i tryggingsspørsmål mellom Europa og Nord-Amerika, og stadfeste solidariteten og det indre samhaldet oss imellom og vår forpliktande oppslutnad om den felles visjonen og dei felles demokratiske verdiar som er nedfelte i Washington-traktaten. Prinsippet om den udelelege alliansetryggleiken er grunnleggjande. Eit sterkt kollektivt forsvar av folk, territorium og styrkar er kjerneformålet med alliansen og er og blir vår viktigaste tryggingssoppgåve. Vi gjentek vår tru på formåla og prinsippa i FN-pakta.
2. Vi har i dag invitert Albania og Kroatia til å innleie tiltredingssamtalar med sikte på å bli medlemmer i alliansen. Vi gratulerer dei to landa med dette historiske resultatet, som dei har oppnådd gjennom fleire års hardt arbeid og eit påvist engasjement for vår felles tryggleik og dei felles NATO-verdiane. Når desse nye medlemmene tiltrer, kjem det euroatlantiske området til å bli tryggare for alle, og det vil føre oss nærmare målet om eit Europa som er heilt og fritt og lever i fred.
3. Vi ser fram til toppmøtet i samband med 60-årsjubileet i 2009, som vil understreke den varige verdien av dei transatlantiske banda. Vi held fram med å omdanne alliansen med nye medlemmer, betre svar på trygging utfordringar på grunnlag av lærdom vi har hausta, meir utplaseringsdyktige kapasitetar og nye tilhøve til partnerane våre. På toppmøtet får vi høve til ytterlegare å formulere og styrkje alliansens visjon for rolla han skal ha i arbeidet med å møte dei framveksande utfordringane i det 21. hundreåret og å bevare evna til å utføre heile sitt spekter av oppdrag, idet vi kollektivt forsvarer tryggleiken heime og medverkar til stabilitet ute. Difor ber vi Det faste rådet utarbeide ei erklæring om alliansetryggleiken som kan vedtakast på toppmøtet for å leggje endå betre til rette for denne viktige oppgåva.
4. I Bucuresti har vi teke imot ei rekkje partnerland, generalsekretæren i FN, Ban Ki-moon, og framståande representantar for andre internasjonale organisasjonar. Mange av trygging utfordringane i dag kan ikkje NATO ta hand om åleine. Best kan dei møtast gjennom ein brei partnerskap med verdssamfunnet i vidare forstand, som ein del av ei tilnærming på verkeleg brei front, basert på ei felles forståing av openheit og samarbeid og med fast vilje på alle kanter. Vi er fast bestemte på å fremje fred og stabilitet og å arbeide saman for å møte dei globale utfordringane som stadig sterkare påverkar tryggleiken hos oss alle.
5. Kor godt vi kjem til å lukkast med denne felles innsatsen, er i stor grad avhengig av individuelt engasjement. Vi rosar profesjonaliteten og motet til dei over seksti tusen mennene og kvinnene frå allierte og andre nasjonar som er involverte i NATOs oppdrag og operasjonar. Vi uttrykkjer vår djupaste medkjensle med familiane og dei kjære til dei som har mist livet eller er blitt skadde mens dei har gjort si plikt. Dei skal ikkje ha ofra seg til fånytt.
6. Tryggleiken i det euroatlantiske området og verda elles er nært knytt til ei framtid for Afghanistan som ein fredeleg, demokratisk stat som respekterer menneskerettane og er fri terrortrusselen. Difor er det den internasjonale styrken under FN-mandat, ISAF, som no omfattar 40 nasjonar, vi prioriterer høgast. I samarbeid med afghanarane har vi gjort ein god del framgang, men vi innser at uløyste utfordringar krev ytterlegare innsats. Verken vi eller dei afghanske partnerane våre vil tillate ekstremistar og terroristar å ta tilbake kontrollen over Afghanistan eller å bruke det som base for terror, som er ein trussel mot alle våre folk. Saman med ISAF-partnarane våre og med pre-

sident Karzai som medspelar vil vi komme med ei erklæring om Afghanistan. Denne erklæringa formulerer ein klar visjon styrt av fire prinsipp: eit fast og felles langsiktig engasjement, støtte til utvida afghansk leiarskap og ansvar, ei samla tilnærming frå det internasjonale samfunnet si side med både sivil og militær innsats og auka samarbeid og samhandling med nabolanda til Afghanistan, særleg Pakistan. Vi ser positivt på kunngjeringar frå allierte og partnarar om nye styrkebidrag og andre former for støtte som ytterlegare teikn på at vi står på vårt, og vi ser fram til ytterlegare bidrag. Vi ser òg positivt på utpeikinga av ambassadør Kai Eide til spesialutsending for FN's generalsekretær til Afghanistan og leiar for FN's hjelpestyrke i Afghanistan (UNAMA), som vil skape auka framdrift og samhøyr i den samla internasjonale innsatsen. Vi gler oss over den tilstundande Paris-konferansen som skal vurdere framdrifta i arbeidet med Afghanistan-avtalen (Afghanistan Compact) og styrkje den internasjonale innsatsen i den vidare gjennomføringa av avtalen.

7. Vi held fast ved engasjementet for regional tryggleik og stabilitet på heile Balkan. Vi rosar den raske, upartiske og effektive måten KFOR har takla valden på, og beklagar alle åtak på denne NATO-leidde styrken under FN-mandat og på anna internasjonalt nærvær i Kosovo. Vi gjentek at KFOR, så lenge Tryggingrådet ikkje bestemmer noko anna, blir ståande i Kosovo på grunnlag av tryggingrådsresolusjon (UNSCR) 1244 for å sikre eit trygt og sikkert miljø i Kosovo, der alle mellom anna kan reise fritt.
8. I Kosovo vil NATO og KFOR framleis samarbeide med styresmaktene, og på bakgrunn av operasjonsmandatet sitt vil KFOR, slik det fell seg, samarbeide med og hjelpe FN, EU og andre internasjonale aktørar for å støtte utviklinga av eit stabilt, demokratisk, multietnisk og fredelig Kosovo. Vi støttar FN-tiltak for å sikre respekt for rettsstaten og ber alle partar gå aktivt til verks for å hindre og fordømme vald i Kosovo. NATO og KFOR ser positivt på den moderasjonen styresmaktene i Kosovo har vist til no. Vi ventar at dei held fram med å innfri alle sine tilsegner, særleg når det gjeld rettsstatsprinsippa og vern av etniske minoritetar og samfunn, og likeins vern om historiske og religiøse stader, og kampen mot kriminalitet og korrupsjon.
9. NATO står parat til å gjere sitt i gjennomføringa av framtidige tryggingssordningar. Idet vi min-

ner om UNSCR 1244, merkjer vi oss behovet for å oppretthalde det internasjonale nærværet i heile Kosovo, som mellom anna gjennom grenseovervaking er med og sikrar fri ferdsle og tryggjer transporten av menneske og varer. Vi oppmodar alle aktørar i regionen til å engasjere seg konstruktivt og unngå handlingar eller retorikk som kan undergrave tryggingssituasjonen i Kosovo eller nokon annan del av regionen. KFOR vil vidareføre ein nær dialog med alle partar i tryggingsspørsmål.

10. Informasjonsklimaet i dag, særleg når det gjeld operasjonane i Afghanistan og Kosovo, stiller ekstra krav til eigna, rettidig, presis og lydhøyr kommunikasjon med lokale og internasjonale publikum om NATOs politikk og engasjement i internasjonale operasjonar. Vi gler oss over framgangen i arbeidet med å skaffe NATO auka strategisk kommunikasjonsevne, som mellom anna det hurtigarbeidande Medieoperasjonssenteret er eit døme på. Vi ser òg positivt på at NATO har lansert ein ny TV-kanal på Internett, som skal ha jamlege nyheitsoppdateringar og videorapportar, særleg frå dei ulike regionane i Afghanistan. Vi understrekar at vi vil støtte vidare forbetring av den strategiske kommunikasjonen vår innan toppmøtet i 2009.
11. Erfaringane i Afghanistan og på Balkan viser at verdssamfunnet må samarbeide tett og gå fram på brei front for å lukkast i å møte tryggingssutfordringane i dag og i framtida. Effektiv gjennomføring av ei brei tilnærming krev samarbeid og medverknad frå alle større aktørar, også ikkje-statlege organisasjonar og relevante lokale organ. For å få til dette er det avgjerande at alle større internasjonale aktørar handlar på ein samordna måte og gjer bruk av eit breitt spekter av sivile og militære verkemiddel i ein samordna innsats som tek omsyn til deira ulike sterke sider og mandat. Vi har slutta oss til ein handlingsplan med eit sett pragmatiske forslag til korleis NATO-bidraget til ei samla tilnærming kan utviklast og gjennomførast. Desse forslaga tek sikte på betre og meir konsekvent bruk av NATOs eigne krisehandteringsverktøy og auka praktisk samarbeid på alle plan med andre aktørar der det fell naturleg, mellom anna føreseigner om støtte til stabilisering og gjenreising. Dei knyter seg til område som planlegging og gjennomføring av operasjonar, opplæring og utdanning og auka samarbeid med eksterne aktørar. Vi gir Det faste rådet i oppgåve å gjennomføre denne handlingsplanen som ei prioritert sak og å halde han under kon-

- tinuerleg oppsyn idet ein tek omsyn til alle relevante tendensar og til lærdom som er hausta.
12. Vi gler oss over meir enn ti års samarbeid mellom FN og NATO til støtte for FN i arbeidet for å sikre internasjonal fred og tryggleik. Vi har utvikla eit operativt samarbeid om fredsbevaring gjennom dei NATO-leidde operasjonane under FN-mandat på Balkan og i Afghanistan. Desse felles erfaringane har demonstrert verdien av effektiv og rasjonell samordning mellom dei to organisasjonane. Vidare samarbeid vil medverke vesentleg til å takle truslane og utfordringane som verdssamfunnet må svare på. NATO stadfester si tru på formåla og prinsippa i FN-pakta, mellom anna utøving av den grunnleggjande retten til individuelt eller kollektivt sjølvforsvar som artikkel 51 i FN-pakta anerkjenner, slik det kjem til uttrykk i Washington-traktaten. Hovudansvaret for å oppretthalde internasjonal fred og tryggleik ligg hos FN's tryggingråd.
13. NATO spelar òg ei rolle ved å medverke til at nasjonane gjennomfører UNSCR 1373 og tilknytte tryggingrådsresolusjonar i kampen mot terrorisme, og støttar ikkjespreiing av masseødeleggingsvåpen ved å gjere sitt til at nasjonane gjennomfører UNSCR 1540.
14. Tilhøvet mellom NATO og EU dekkjer eit vidt spekter av spørsmål av felles interesse med omsyn til tryggleik, forsvar og krisehandtering, mellom anna kamp mot terrorisme, utvikling av samspelande og gjensidig forsterkande militære kapasitetar og sivil kriseplanlegging. Det vellukka samarbeidet vårt på Vest-Balkan, mellom anna med EU-operasjonen Althea gjennom Berlin-Pluss-ordningane, bidreg til fred og tryggleik i regionen. På bakgrunn av felles verdiar og strategiske interesser arbeider NATO og EU side om side i sentrale krisehandteringsoperasjonar og vil halde fram med det. Vi erkjenner at eit sterkare og meir effektivt europeisk forsvar tilfører verdi ved at det skaffar kapasitetar til å møte dei felles utfordringane både NATO og EU står overfor. Vi støttar difor opp om gjensidig forsterkande innsats med sikte på det. Skil dette og framtidige samarbeidssatsingar lukkast, krev det auka engasjement for å sikre effektive samarbeidsmetodar. Difor er vi fast bestemte på å forbetre den strategiske partnerskapen mellom NATO og EU slik våre to organisasjonar er samde om, for å oppnå tettare samarbeid og større effektivitet ved å opptre ope og såleis unngå unødig dobbeltarbeid, samtidig som vi respekterer autono-
- mien til begge organisasjonane. Eit sterkare EU vil ytterlegare bidra til vår felles tryggleik.
15. Vi fordømmer på det sterkaste all terrorisme, utan omsyn til ytringsform og motiv. Nasjonane våre er fast bestemte på å kjempe mot denne plaga, individuelt eller kollektivt, så lenge det trengst og i samsvar med folkeretten og FN-prinsippa. Terroristar bruker ei rekkje konvensjonelle våpen og taktikkar og prøver kanskje å bruke masseødeleggingsvåpen for å true freden og tryggleiken internasjonalt. Vi legg stor vekt på å verne folk, territorium, infrastruktur og styrkar mot følgjene av terroriståtak. Vi vil halde fram med å utvikle og medverke til politikk som kan førebyggje og motverke spreiing, med sikte på å hindre terroristar i å få tak i og bruke masseødeleggingsvåpen. Vi vil òg halde fram med å støtte arbeidsprogrammet vårt for å utvikle avanserte kapasitetar til forsvar mot terroriståtak, mellom anna gjennom vidare utvikling av nye teknologiar. Vi er stadig forplikta til å styrkje alliansens evne til å dele informasjon og etterretning om terrorisme, særleg til støtte for NATO-operasjonar. Alliansen er ein sentral transatlantisk dimensjon i forsvaret mot terrorisme, og nasjonane våre vil framleis medverke til full gjennomføring av UNSCR 1373 og tilknytte tryggingrådsresolusjonar, særleg UNSCR 1540, og til den vidare innsatsen verdssamfunnet gjer på dette området. Dialog og samarbeid med andre internasjonale organisasjonar der det er aktuelt, og med partnerane våre, er avgjerande, og vi ser positivt på innsats for å setje fart i gjennomføringa av Partnerskapshandlingsplan mot terrorisme. Vi seier oss på ny forplikta til operasjon Active Endeavour, den maritime operasjonen vår i Middelhavet, som framleis yter eit vesentleg bidrag til kampen mot terrorisme.
16. Vi er djupt uroa over valden og ugjerningane som held fram i Darfur, og ber alle partar om å innstille kamphandlingane. NATO er førebudd på å støtte den fredsbevarande innsatsen FN og Den afrikanske unionen (AU) driv i regionen, i samråd med og etter tilslutnad frå dei to organisasjonane. Etter oppmoding frå Den afrikanske unionen har NATO sagt seg villig til å yte støtte til AU-oppgdraget i Somalia, og vi er førebudde på å vurdere ytterlegare oppmodingar om støtte til oppdraget. Som eit eksempel på den samla tilnærminga vi arbeider etter, er vi positive til direkte samarbeid mellom NATO og AU, til dømes i form av avgjerda vi nyleg tok om å støtte AU-oppgdraget i Sudan, og at vi vidarefører støtta til den afrikanske beredskapsstyrken.

NATO ser positivt på EU-operasjonen EUFOR i Tsjad / Den sentralafrikanske republikken og EU-bidraget til stabilitet og tryggleik i regionen.

17. Vi gjentek at alliansen er forplikta til å støtte regjeringa og folket i Irak og å hjelpe til i utviklinga av irakiske tryggingssstyrkar. Vi har reagert positivt på ei oppmoding frå statsminister Al-Maliki om å forlengje NATO-opplæringsoppdraget i Irak (NTM-I) ut 2009. Vi ser òg positivt på oppmodinga frå regjeringa i Irak om å styrkje NTM-I-oppdraget på område som leiarskapsopplæring i marine og flyvåpen, politiopplæring, grensetryggleik, kamp mot terrorisme, forsvarsreform, institusjonsbygging i forsvaret og rekneskap med handvåpen og lette våpen. NTM-I yter framleis eit viktig bidrag til internasjonal innsats for å lære opp og utstyre irakiske tryggingssstyrkar og har til i dag lært opp over 10 000 medlemmer av desse styrkane. Som tillegg til denne innsatsen har NATO òg godkjent forslag til eit strukturert samarbeid for å utvikle det langsiktige tilhøvet mellom NATO og Irak og å vidareutvikle Iraks kapasitet til å møte felles utfordringar og truslar.
18. Den pågåande utvidingsprosessen i NATO har vore ein historisk suksess og fremja stabilitet og samarbeid og ført oss nærmare vårt felles mål om eit Europa som er heilt og fritt, sameint i fred, demokrati og felles verdiar. Døra til NATO blir ståande open for europeiske demokrati med vilje og evne til å ta på seg ansvaret og pliktene som følgjer med medlemskap, i samsvar med artikkel 10 i Washington-traktaten. Vi gjentek at det er NATO sjølv som skal gjere vedtak om utviding.
19. Invitasjonen til Albania og Kroatia om å innleie tiltredingssamtalar med sikte på å bli medlemmer i alliansen markerer byrjinga på eit nytt kapittel for Vest-Balkan og viser veg mot ei framtid der ein stabil region er fullt integrert i euroatlantiske institusjonar og i stand til å yte eit større bidrag til internasjonal tryggleik.
20. Vi anerkjenner det harde arbeidet og engasjementet for NATO-verdiane og allianseoperasjonane den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia¹ har lagt for dagen. Vi rosar dei for innsatsen dei har gjort for å byggje eit multietnisk samfunn. Innanfor ramma av FN har mange aktørar arbeidd saman for å løyse namnespørsmålet, men alliansen har merkt seg at desse samtalanane dessverre ikkje har ført fram. Difor var vi samde om at ein invitasjon til den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia vil bli send så snart ei gjensidig akseptabel løysing på namnespørsmålet er funnen. Vi oppmuntrar om at forhandlingane må takast opp att straks, og går ut frå at dei blir fullførte snarast råd.
21. Å ta opp Albania og Kroatia vil gjere alliansen betre i stand til å møte utfordringane i dag og i framtida. Desse landa har demonstrert eit solid engasjement for grunnprinsippa i Washington-traktaten og vist at dei kan og vil verne om fridommen og fellesverdiane våre ved å bidra til alliansens kollektive forsvar og til alle oppdraga i alliansen.
22. Vi vil omgåande setje i gang samtalar med sikte på å underteikne tiltredingsprotokollar innan utgangen av juli 2008 og å fullføre ratifikasjonsprosessen snarast. I tida fram til tiltreding vil NATO dra dei inviterte landa mest mogeleg med i allianseaktivitetane og vil halde fram med å yte støtte og bistand, mellom anna gjennom handlingsplanen for medlemskap (MAP). Vi ser fram til å få overlevert tidsskjema for reformer frå dei inviterte landa, og vidare framgang vil vere forventa både før og etter tiltreding slik at dei kan yte meir for alliansen.
23. NATO ser positivt på at Ukraina og Georgia nærer euroatlantiske ambisjonar om medlemskap i NATO. Vi var i dag samde om at landa skal bli medlemmer i NATO. Begge har ytt verdifulle bidrag til allianseoperasjonane. Vi gler oss over dei demokratiske reformene i Ukraina og Georgia og ser fram til frie parlamentsval i Georgia i mai. MAP er neste steget for Ukraina og Georgia på den direkte vegen mot medlemskap. Vi gjer det i dag klart at vi støttar MAP-søknadene frå desse landa. Difor vil vi no innleie ein periode med intensiv kontakt med begge på høgt politisk nivå for å ta fatt på dei spørsmåla som enno står att når det gjeld MAP-søknadene deira. Vi har bede utanriksministre om å gjere ei første evaluering av framgangen på desembermøtet sitt i 2008. Utanriksministrane har mynde til å avgjere MAP-søknadene for Ukraina og Georgia.
24. Vi er framleis forplikta til den strategisk viktige Balkan-regionen, der euroatlantisk integrasjon, basert på demokratiske verdiar og regional samarbeid, framleis er ein føresetnad for varig fred og stabilitet. Vi ser positivt på framgangen sidan Riga-toppmøtet når det gjeld å utvikle samarbeidet vårt med Bosnia-Hercegovina, Montenegro og Serbia. Vi oppmuntrar kvart av desse tre landa til å gjere størst mogeleg bruk av sjansane til dialog, reform og samarbeid som ligg i Euroatlantisk partnerskap, og vi har gitt Det faste rådet i oppdrag å følgje med på utvik-

- linga i relasjonane med kvar av desse partnarane.
25. Vi ser positivt på at Bosnia-Hercegovina og Montenegro har vedteke å utarbeide kvar sin individuelle partnarshipshandlingsplan (IPAP) med NATO. Vi ser fram til ambisiøse og substansielle handlingsplanar som vil fremje dei euroatlantiske ambisjonane til desse landa, og vi lovar å støtte dei i reforminnsatsen dei må gjere for å nå dette målet. For å hjelpe og rett-leie dei i denne innsatsen har vi vedteke å invitere Bosnia-Hercegovina og Montenegro til å innleie ein intensivert dialog om heile spekteret av politiske, militære, økonomiske og tryg-gingspolitiske spørsmål i tilknytning til medlem-skapsambisjonane deira, utan å forskottere eit eventuelt seinare alliansevedtak.
26. Vi er innstilte på å vidareutvikle eit ambisiøst og substansielt tilhøve til Serbia, der ein dreg full nytte av at landet er medlem av Partnarship for fred, med sikte på ytterlegare framgang mot serbisk integrasjon i det euroatlantiske felles-skapet. Vi seier oss på ny villige til å utdjupe samarbeidet med Serbia, særleg ved å utvikle ein IPAP, og vi vil vurdere ein intensivert dialog dersom Serbia ber om det.
27. Vi ventar at Serbia og Bosnia-Hercegovina vil samarbeide fullt ut med Den internasjonale straffedomstolen for det tidlegare Jugoslavia, og vil følgje nøye med på deira respektive inn-sats i så måte.
28. Vi minner om at partnarshipen mellom NATO og Russland var tenkt som eit strategisk ele-ment for å fremje tryggleiken i det euroatlan-tiske området, basert på sentrale prinsipp, ver-diar og tilsegner, mellom anna demokrati, sivile fridommar og politisk pluralisme. Når vi ser til-bake på ei meir enn tiårig historie, har vi utvikla ein politisk dialog og konkrete prosjekt i eit vidt spekter av internasjonale tryggingsspørsmål der vi har felles mål og interesser. Sjølv om vi i det siste har vore uroa over utsegner og hand-lingar på russisk hald i sentrale tryggingsspør-ssmål av gjensidig interesse, mellom anna CFE-avtalen, er vi framleis innstilte på å samarbeide med Russland som likeverdige partnarar på område av felles interesse, slik Roma-erklæ-ringa og Grunnlagsakta legg opp til. Vi bør vida-reføre den felles innsatsen i kampen mot terro-risme og innan ikkjespreiing av masseøyleg-gingsvåpen og leveringsmiddel for slike våpen. Vi ber Russland innstendig om å ta aktivt imot viktige samarbeidstilbod som er sette fram. Vi meiner at bilaterale diskusjonar mellom USA og Russland om mellom anna rakettforsvar og CFE kan vere eit viktig bidrag på dette områ-det. Vi meiner at potensialet i NATO–Russland-rådet ikkje er fullt utnytta, og vi står klar til å peike ut og følgje opp aktuelle område for felles innsats i 27-format, samtidig som vi minner om det prinsippet at NATO og Russland tek avgjer-der og handlar uavhengig av kvarandre. Vi stadfester overfor Russland at NATO med sin open-dør-politikk og sin noverande og eventu-elle framtidige rakettforsvarsinnsats har til mål at vi betre skal kunne møte tryggingssutfordrin-gane vi alle står overfor, og vi gjentek at dei ikkje er meinte som ein trussel mot forholdet oss imellom, men snarare kan brukast til å styr-kje samarbeidet og stabiliteten.
29. Vi merkjer oss at Russland har ratifisert styrke-statusavtalen for Partnarship for fred, og vonar at dette vil leggje til rette for praktisk samar-beid. Vi set pris på at Russland er klar til å støtte NATOs ISAF-oppdrag i Afghanistan ved å leg-gje til rette for transitt via russisk territorium. Vi vil sjå positivt på djupare samarbeid mellom NATO og Russland til støtte for og etter avtale med regjeringa i Afghanistan, og ser fram å bygge på det solide arbeidet som alt er utretta i opplæringa av afghanske og sentralasiatiske antinarkotikaoffiserar. Det vidare samarbeidet vårt etter samarbeidsinitiativet for luftrom og Russlands støtte til operasjon Active Endeavour i Middelhavet medverkar til vår felles kamp mot terrorismen. Vi ser òg positivt på samarbei-det vårt om militær samvirkeevne, kortdistan-serakettforsvar (TMD), søk og berging til havs og sivil naudplanlegging.
30. Vi stadfester at politikken for tilnærming gjen-nom partnarship, dialog og samarbeid er ein sentral del av alliansens formål og oppgåver. Partnarshipane verda over har ein varig verdi og medverkar til stabilitet og tryggleik både i og utanfor det euroatlantiske området. Med dette i minnet gler vi oss over framgangen som er oppnådd sidan siste toppmøtet vårt i Riga når det gjeld å styrkje politikken for partnarship og samarbeid, og stadfester vår forpliktande vilje til å gjere ytterlegare innsats på dette området.
31. Vi set stor pris på bidraga partnarane våre yter til oppdraga og operasjonane i NATO. Sytten nasjonar utanfor alliansen deltek i operasjo-nane og oppdraga våre, og mange andre yter ulike former for støtte. Vi vil framleis streve etter å skape større samvirkeevne mellom våre eigne styrkar og styrkar frå partnarland, auke informasjonsdelinga og konsultasjonane med nasjonar som bidreg til NATO-leidde operasjo-nar ytterlegare og tilby partnarland råd og

bistand i samband med forsvars- og tryggingssamarbeidssider ved reformer.

32. Vi helsar dei euroatlantiske partnerane våre velkomne til Bucuresti-toppmøtet og minner om den varige verdien av Euroatlantisk partnerskapsråd (EAPC) og Partnerskap for fred (PFP). Vi forpliktar oss framleis til substansielle politiske diskusjonar og effektivt samarbeid innanfor desse rammene. Vi ser positivt på at Malta er tilbake i PFP, og ser fram til landet skal engasjere seg aktivt i EAPC. Vi ser positivt på styrkinga av den politiske dialogen gjennom Tryggingssamarbeidet i EAPC. Vi vil prioritere ei rekkje nye praktiske initiativ som mellom anna omfattar integritetsbygging i forsvarsinstitusjonar og den viktige rolla kvinner spelar i konfliktløysing, som skissert i UNSCR 1325. Vi verdset Euroatlantisk samordnings-senter for katastrofereaksjon og dei gode resultatane det har oppnådd dei siste ti åra innan koordinering av bidrag til katastrofehjelp frå NATO-land og partnerland. Vi vil halde fram med å gjere full bruk av NATO/PFP-fonda og dra nytte av at dei opnar seg mot andre partnerland. Vi ser positivt på og vil framleis støtte at alle interesserte partnerar i heile det euroatlantiske området kan engasjere seg i program til støtte for forsvarsreformer og andre, vidare reformer, mellom anna Handlingsplan for individuelle partnerskapar. Vi minner om vedtaket vi gjorde på Istanbul-toppmøtet, og er forplikta til å engasjere partnerane våre i dei strategisk viktige regionane Kaukasus og Sentral-Asia, mellom anna ved å styrkje kontaktordningane i desse regionane, og vil vidareføre dialogen med dei sentralasiatiske partnerane våre om Afghanistan. Vi set pris på dei betydelege bidraga EAPC-partnarane våre yter til allianseoperasjonane, og ser fram til å samarbeide med dei om å løyse tryggingssamarbeidsutfordringane i det 21. hundreåret.
33. Vi gler oss over den vesentlege framgangen vi har hatt i Middelhavsdialogen sidan toppmøta i Istanbul og Riga. Dei politiske konsultasjonane med partnerane våre i Middelhavsdialogen er styrkte både i frekvens og innhald, og møtet mellom utanriksministrane våre og dei sju partnerane deira i Middelhavsdialogen i desember i fjor bidrog til ei ytterlegare utdjuping av partnerskapen. Vi planlegg difor å halde oppe denne framdrifta gjennom å utdjupe kontaktordningane våre med regionen, på frivillig basis. Det praktiske samarbeidet har auka på fleire område, og nye sjansar er skapte, særleg innan opplæring og utdanning. Vi ser positivt på framgangen som er oppnådd i gjennom-

føringsaktivitetane i NATO-initiativet for opplæringssamarbeid, i ei ånd av felles eigarskap og på bakgrunn av lanseringa av NATO-kurset i regionalt samarbeid ved NATOs forsvarshøgskule, der det med hell er gjennomført to pilotkurs. Vi oppmuntrar partnerane våre i Middelhavsdialogen til å arbeide saman med oss om å utvikle dette initiativet ytterlegare. Inngåinga av individuelle samarbeidsprogram (ICP) med Egypt og Israel vil vere til hjelp i å etablere eit langsiktig, strukturert og effektivt samarbeid med desse landa. Vi oppmuntrar dei andre partnerane våre i Middelhavsdialogen til å utvikle sine eigen ICP i nær framtid. Vi gler oss over gjennomføringa av det første prosjektet nokon gong med støtte frå Middelhavsdialogfondet, som skal hjelpe Jordan å kvitte seg med ueksploderte sprenglekamar og ammunisjon, og lanseringa av forstudien til fondsprosjektet som skal hjelpe Mauritania å kvitte seg med ammunisjon. Vi takkar partnerane våre i Middelhavsdialogen for dei ulike bidraga dei har ytt til operasjonane og oppdragane våre.

34. Vi ser positivt på responsen frå fire land i Golfregionen på tilbodet om samarbeid innanfor rammene av samarbeidsinitiativet frå Istanbul (ICI), og oppmuntrar andre land i regionen til å ta imot tilbodet. Med sikte på dette planlegg vi å utvikle kontaktordningane med denne regionen, på frivillig basis. Vi er nøgde med den aukande interessa og deltakinga deira i opplærings- og utdanningsaktivitetane i NATO, og står parat til å auke samarbeidet vårt på dette området og elles. Vi gler oss over framgangen som er oppnådd i gjennomføringsaktivitetane i samband med NATO-initiativet til opplærings-samarbeid, i ei ånd av felles eigarskap og på bakgrunn av lanseringa av NATO-kurset i regionalt samarbeid ved NATOs forsvarshøgskule, der det med hell er gjennomført to pilotkurs. Vi oppmuntrar ICI-partnarane våre til å arbeide saman med oss for å vidareutvikle dette initiativet. Vi oppmuntrar ICI-partnarane våre til å utarbeide individuelle samarbeidsprogram (ICP) med sikte på å strukturere samarbeidet vårt betre. Vi set stor pris på støtta ICI-partnarane våre har ytt til operasjonar og oppdrag i alliansen.
35. Alliansen ser på dei varierte og stadig meir omfattande relasjonane til andre partnerar verda over som svært verdifulle. Måla våre i slike relasjonar er mellom anna støtte til operasjonar, tryggingssamarbeid og auka felles forståing med sikte på å fremje felles tryggingssinteresser og demokratiske verdiar. Vi har gjort

vesentleg framgang når det gjeld å byggje politisk dialog og utvikle individuelle, skreddarsydd samarbeidspakkar med fleire av desse landa. Særleg ser vi positivt på det vesentlege bidraget Australia, Japan, New Zealand og Singapore har ytt til den NATO-leidde innsatsen i Afghanistan. Vi set òg pris på dei verdifulle bidraga Republikken Korea har ytt til innsatsen for å støtte det NATO-leidde oppdraget i Afghanistan. Sidan vi veit at desse landa ønskjer seg ulik grad av samkvem med NATO, og at kanskje andre land òg ønskjer seg dialog og samarbeid med NATO, seier vi oss på ny villige til å vidareutvikle eksisterande enkelttilhøve og opne for nye, med atterhald om at Nordatlantisk råd godkjenner det og i eit tempo som tek omsyn til gjensidige interesser.

36. Vi stadfester at Svartehavs-regionen framleis er viktig for den euroatlantiske tryggleiken. I den samanhengen ser vi positivt på framgangen med konsolidering av regional eigarskap gjennom effektiv bruk av eksisterande initiativ og mekanismar. Alliansen vil i aktuelle tilfelle halde fram med å støtte denne innsatsen i samsvare med regionale prioriteringar og på grunnlag av transparens, komplementaritet og inkludering for å utvikle dialog og samarbeid blant svartehavsstatane og med alliansen.
37. Spreiing av ballistiske missil utgjer ein aukande trussel mot styrkane, territoria og befolkningane til alliansen. Missilforsvar er ein del av eit vidare svar for å motverke denne trusselen. Difor anerkjenner vi det vesentlege bidraget til vern av allianselanda mot langtrekkande ballistiske missil som den planlagde utplasseringa av Europa-baserte amerikanske missilforsvarskapasitetar kjem til å utgjere. Vi undersøker no korleis denne kapasiteten kan knytast til pågåande NATO-missilforsvarsinnsats, som ein måte til å sikre at det ville bli ein integrert del av ein eventuell framtidig NATO-omspennande missilforsvarsarkitektur. På bakgrunn av prinsippet om den udelelege alliansetryggleiken og NATO-solidariteten gir vi Det faste rådet i oppgåve å utarbeide alternativ for ein omfattande missilforsvarsarkitektur som skal sikre deking for alle allierte territorium og befolkningar som elles ikkje kjem inn under det amerikanske systemet. Desse alternativa skal leggjast fram for oss til vurdering på toppmøtet i 2009 og skal tene som grunnlag for ei eventuell framtidig politisk avgjerd.
38. Vi rosar òg arbeidet som alt er i gang for å styrkje missilforsvarssamarbeidet mellom NATO og Russland. Vi er forplikta til maksimal transparens og gjensidige tillitsbyggjande tiltak for å dempe eventuelle bekymringar. Vi oppmuntrar Den russiske føderasjonen til å ta imot dei amerikanske forslaga til missilforsvarssamarbeid, og vi er klare til å sondere potensialet for å knyte saman missilforsvarssystem i USA, NATO og Russland når tida skulle vere inne.
39. Vi stadfester at rustingskontroll, nedrusting og ikkjespreiing framleis vil vere eit viktig bidrag til fred, tryggleik og stabilitet, mellom anna til å hindre spreiing og bruk av masseødeleggingsvåpen og leveringsmiddel for slike våpen. Vi merkte oss rapporten som er utarbeidd for oss om å heve NATO-profilen på dette området. Som ein del av eit breiare svar på tryggingsspørsmål bør NATO halde fram med å bidra til internasjonal innsats på området rustingskontroll, nedrusting og ikkjespreiing, og vi gir Det permanente rådet i oppgåve å ha desse spørsmåla til aktiv vurdering.
40. Alliansen har redusert dei konvensjonelle styrkane sine vesentleg sidan den kalde krigen og redusert mengda av NATO-disponible kjernevåpen med over 90 %. Allianselanda har òg redusert kjernevåpenarsenala sine. Frankrike har redusert talet på kjernevåpensystem til to og talet på leveringsmiddel for kjernevåpen med over halvparten, og har kunngjort at det vil redusere talet på kjernefysiske stridshovud til under 300, utan andre våpen enn dei det har i det operative arsenalet. Storbritannia har skore ned til eitt kjernevåpensystem og redusert sprengkrafta i det kjernefysiske arsenalet sitt med 75 % og talet på operativt tilgjengelege atomstridshovud til under 160. USA har redusert kjernevåpenlagera sine til under 25 % av det dei var mens den kalde krigen var på det verste, og har redusert talet på NATO-disponible taktiske kjernevåpen med nær 90 %.
41. Vi er framleis djupt uroa over spreingsrisikane ved dei kjernefysiske og ballistiske missilprogramma i Iran. Vi ber Iran rette seg fullt ut etter UNSCR 1696, 1737, 1747 og 1803. Vi er òg djupt uroa over spreingsaktivitetane til Den demokratiske folkerepublikken Korea og ber landet rette seg etter UNSCR 1718. Allianselanda stadfester si støtte til eksisterande fleirnasjonale ikkjespreingsavtalar, mellom anna ikkjespreingsavtalen om kjernefysiske våpen, og oppmodar alle land til å etterleve NPT og rette seg etter tilleggsprotokollen til IAEA-avtalen om sikringsmekanismar og å etterleve UNSCR 1540 fullt ut. Allianselanda er samde om å doble innsatsen for fullt ut å gjennomføre ikkjespreingsavtalane og relevante tryggingss-

rådsresolusjonar som allianselanda stadfester si støtte til og er bundne av.

42. Vi støttar fullt opp om erklæringa frå Nordatlantisk råd av 28. mars 2008 og stadfester at alliansen forpliktar seg til CFE-regimet, slik det kjem til uttrykk i alliansens posisjon som går fram av avsnitt 42 i erklæringa frå Riga-toppmøtet i 2006, slutterklæringa frå allianselanda på den ekstraordinære CFE-konferansen i Wien og allianseerklæringar som reflekterer seinare utviklingstrekk. Vi legg stor vekt på CFE-regimet med alle sine element og understrekar den strategiske betydninga CFE-avtalen, medrekna flankeregimet, har som ein hjørnestein for tryggleiken i det euroatlantiske området. Vi er djupt uroa over at Den russiske føderasjonen held fram med den einsidige "suspensjonen" av dei rettslege pliktene staten har teke på seg i CFE-avtalen. Denne handlinga fremjar ikkje den felles målsetjinga om å sikre eit levedyktig CFE-regime på lang sikt, og vi oppmodar Den russiske føderasjonen til å ta opp att etterlevinga. Den noverande situasjonen, der NATO-allierte CFE-partar gjennomfører avtalen, men Russland ikkje, kan ikkje halde fram i lengda. Vi har tilbydd eit sett konstruktive og framtidsretta forslag til parallelle tiltak i sentrale spørsmål, mellom anna tiltak frå NATO-alliert hald i samband med ratifikasjon av den tilpassa CFE-avtalen og frå russisk hald når det gjeld uoppfylte tilsegner i tilknytning til Georgia og Republikken Moldova. Vi meiner at desse forslaga tek for seg alle punkt som Russland har uttrykt uro over. Vi oppmuntrar russiske styresmakter til å samarbeide med oss og andre berørte CFE-partar for å komme til semje om grunnlaget for parallelltiltaksapakken slik at vi saman kan bevare fordelane med dette skjelsetjande regimet.
43. Vi er uroa over at dei regionale konfliktane i Sør-Kaukasus og Republikken Moldova varer ved. Nasjonane våre støttar territorial integritet, sjølvstende og suverenitet for Armenia, Aserbajdsjan, Georgia og Republikken Moldova. Vi vil halde fram med å støtte innsats for ei fredeleg løysing på desse regionale konfliktane på grunnlag av desse prinsippa.
44. Vi har alt gjort mykje for å omdanne styrkane og kapasitetane våre i samsvar med dei politiske måla, særleg prioriteringane som går fram av den samla politiske rettleiinga, og den operative erfaringa vi har. Vi vil vidareføre denne prosessen for å sikre at alliansen er i stand til å oppfylle dei operative oppgåvene han har teke på seg og å utføre alle sine oppdrag.

Operasjonane våre framhevar behovet for å utvikle og mønstre moderne, samvirkedyktige, fleksible og uthaldande styrkar. Desse styrkane må, når Rådet vedtek det, kunne utføre kollektive forsvars- og krisereaksjonsoperasjonar på og utanfor allianseterritorium, i utkanten av det og i strategisk avstand, med lite eller inga støtte frå vertsnasjonen. Vi vil òg sikre at vi har rett slag kapasitetar til å møte dei framvekssande utfordringane i det 21. hundreåret, og for å klare det vil vi omdanne, tilpasse og omforme slik det trengst.

45. Omdanning er ein kontinuerleg prosess og krev konstant og aktiv merksemd. Vi støttar difor forsvarsministrane våre i innsatsen dei gjer for å føre tilsyn med korleis forsvarsaspekta ved omdanninga blir handterte, for å sikre at NATO framleis kan vere effektivt og rasjonelt, særleg ved å vidareføre pågåande innsats på desse områda:
- Vi må sikre at vi har dei styrkane operasjonane våre og andre plikter krev. For å klare det vil vi vidareføre innsatsen for å kunne utplassere og vedlikehalde fleire styrkar. Vi er forplikta til å støtte NATO-reaksjonsstyrken ved å stille dei nødvendige styrkane og å forbetre tilgangen til operative og strategiske reservestyrkar for operasjonane våre. Vi vil søkje større heimleg støtte til operasjonane våre, mellom anna gjennom betring av det offentlege diplomatiet.
 - Vi vil vidareutvikle kapasitetane som er nødvendige for å utføre heile vårt spekter av oppdrag og rette på konkrete manglar. Særleg vil vi arbeide med å forbetre strategisk transport og lufttransport i krigsområde, særleg oppdragsdyktige helikopter, og ser positivt på nasjonale initiativ til støtte for dette arbeidet; i tillegg vil vi ta for oss fleirnasjonal logistikk. Vi vil skaffe oss endå sterkare informasjonsovertak gjennom nettintegrerte kapasitetar, mellom anna eit integrert luftkommando- og flykontrollsystem, auka maritim situasjonskjennskap og snarleg overlevering av bakkeovervåkingskapasiteten til alliansen. Vi vil halde fram med å betre kapasiteten og interoperabiliteten til spesialoperasjonsstyrkane våre. Med støtte i forsvarsplanleggingsprosessen vil vi auke innsatsen for å utvikle og stille dei rette kapasitetane og styrkane, med størst mogeleg interoperabilitet og standardisering. Dette kan fremjast ved å betre det transatlantiske forsvarsindustrisamarbeidet.

- Vi er forplikta til å utvikle politikk og kapasitet til å handtere framveksande utfordringar og truslar. Dette omfattar utvikling av ein samla politikk for å hindre spreiding av masseødeleggingsvåpen og forsvare oss mot kjemiske, biologiske, radiologiske og kjernefysiske truslar.
 - Vi arbeider med å tilpasse og omdanne strukturane og prosessane i alliansen. I denne samanhengen går vi gjennom fredstidsutforminga av kommandostrukturen i NATO for å gjere han slankare, meir effektiv og rasjonell og reformere forsvarsplanleggingsprosessane for å leggje til rette for rettidig framskaffing av dei kapasitetane den samla politiske rettleinga etterlyser.
46. Omdanning er ikkje mogeleg utan tilstrekkelege og rett prioriterte ressursar. Vi er forplikta til å halde fram med å stille til rådvelde, individuelt og kollektivt, dei ressursane som trengst for at alliansen skal kunne utføre oppgåvene vi krev av han. Difor oppmuntrar vi nasjonar med nedgang i forsvarsbudsjetta til å stanse nedgangen og sikte mot ein reell auke i forsvarsforbruket.
47. NATO er som før forplikta til å styrkje nøkkelinformasjonssystema i alliansen mot dataangrep. Vi har nyleg vedteke ein dataforsvarspolitik og er i ferd med å utvikle strukturane og fullmaktene for å setje han ut i livet. Dataforsvarspolitikken understrekar behovet for at NATO og nasjonane beskyttar nøkkelinformasjonssystem i samsvar med sine respektive oppgåver, deler beste praksis og etablerer ein kapasitet til etter oppmoding å hjelpe allierte nasjonar å motverke dataangrep. Vi ser fram til å vidareføre utviklinga av NATOs dataforsvarskapasitet og å styrkje tilknytingspunktta mellom NATO og nasjonale styresmakter.
48. Vi har merkt oss ein rapport om "NATOs rolle i energitryggleik", utarbeidd som svar på oppdraget frå Riga-toppmøtet. Allierte har identifisert prinsipp som vil styre NATOs tilnærmingmåte på dette området, og skissert alternativ og tilrådingar for ytterlegare aktivitetar. Basert på desse prinsippa vil NATO engasjere seg på følgjande område: fusjon og deling på informasjons- og etterretningssida, prosjektstabilitet, fremjing av internasjonalt og regionalt samarbeid, støtte til konsekvenshandtering og støtte til vern av livsviktig energiinfrastruktur. Alliansen vil halde fram med å rådføre seg om dei mest presserande risikoane på energitryggingsområdet. Vi vil sikre at NATO-innsatsen tilfører verdi og er fullt koordinert og innarbeidd i innsatsen til verdssamfunnet, som omfattar ei rekkje organisasjonar som er spesialiserte på energitryggleik. Vi har gitt Det faste rådet i oppdrag å utarbeide ein konsolidert rapport om oppnådd framgang på energitryggingsområdet, som vil skal få til vurdering på toppmøtet i 2009.
49. Dei siste tjue åra er det blitt stilt stadig meir komplekse krav til alliansen vår etter kvart som tryggingsmiljøet har endra seg og både oppdrags- og operasjonsspekteret vårt har auka og vi er blitt fleire medlemmer. Dette krev kontinuerleg tilpassing og reform av strukturar og prosessar i NATO-hovudkvarteret. Vi merkjer oss framgangen som er oppnådd på dette området som ein del av den samla omdanninga av NATO; men meir må gjerast, mellom anna for å få full nytte av flyttinga til ein ny hovudkvarterbygning. I evalueringa av kvar vi må endre oss, må vi i større monn dra nytte av lærdom vi har hausta gjennom erfaring med å levere kjernefunksjonane vår, mellom anna å møte operative krav, krav til kapasitetsutvikling, partnerskapskrav og strategiske kommunikasjonskrav. På grunnlag av arbeidet forsvarsministrane våre har gjort for å fremje forsvarsaspekta ved omdanninga, vil dei allierte også måtte vurdere korleis ein kan oppnå raskast og mest samanhengande flyt av gode politiske, militære og ressursmessige råd for å støtte vår konsensbaserte avgjerdstaking og å bli meir lydhøyre for tidssensitive operative behov som mellom andre dei militære NATO-sjefane måtte ha. Vi har bede generalsekretæren stake ut ein kurs, tidsnok til toppmøtet i 2009, som viser korleis desse måla kan nåast.
50. Vi takkar varmt for den gjestfrie måten regjeringa i Romania har teke mot oss på. Byen Bucuresti har vore arena for det største NATO-toppmøtet nokon gong, noko som understrekar kor fast bestemt alliansen er på å samarbeide nært med verdssamfunnet, og kor eineståande eit bidrag alliansen sjølv yter til tryggleik og stabilitet i eit strategisk klima i rask endring. På møtet har vi teke avgjerdar og gitt vidare rettleiing om korleis NATO sjølv kan tilpasse seg dette klimaet gjennom oppdraga og operasjonane sine, modernisering av strukturane og kapasitetane til alliansen og tettare medverknad av andre nasjonar og organisasjonar, samtidig som alliansen framleis stiller seg open for opptak av nye medlemsstatar. Vi har styrkt dialogen og samarbeidet med andre land og organisasjonar som er livsviktige for tryggleiken vår. Vi møtest igjen neste år i Strasbourg og

Kehl for å feire 60-årsjubileet for NATO, gjere
opp status for tilpassinga av organisasjonen og
gi rettleiing til moderniseringa av alliansen for

å møte trygging utfordringane i det 21. hundre-
året.

Vedlegg 2**Strategisk visjon for ISAF, Bucuresti 3. april 2008**

Erklæring frå stats- og regjeringssjefane i landa som medverkar til ISAF, den internasjonale NATO-leidde tryggingstyrken under FN-mandat i Afghanistan

1. Vi er samla i Bucuresti for å stadfeste at vi er fast bestemte på å hjelpe folket og den valde regjeringa i Afghanistan å byggje opp ein varig, stabil, trygg, framgangsrik og demokratisk stat, som respekterer menneskerettane og er fri frå trusselen om terrorisme. Afghanistan er ein nøkkelprioritet for alliansen. Etter dei tragiske hendingane 11. september 2001 innsåg vi at tryggleiken i og utanfor det euroatlantiske området heng saman med framtida og stabiliteten til Afghanistan. Vi er i Afghanistan etter ønske frå den afghanske regjeringa og mandat frå FN. Verken vi eller partnarane våre i Afghanistan vil tillate ekstremistar og terroristar som Taliban eller Al Qaida å ta tilbake kontrollen med Afghanistan eller bruke det som base for terror som truar folket i landa våre, og som mange av landa våre og andre har fått kjenne på kroppen. I arbeidet for å hjelpe Afghanistan å byggje seg opp att har vi som leiande prinsipp:

- eit fast og felles langsiktig engasjement;
- støtte til auka afghansk leiarskap og ansvar;
- ei brei tilnærming frå verdssamfunnets side, med både sivil og militær innsats;
- auka samarbeid og samhandling med nabolanda til Afghanistan, særleg Pakistan.

Vi ønskjer president Hamid Karzai og generalsekretæren i FN, Ban Ki-moon, saman med spesialrepresentanten hans, Kai Eide, velkomne til dette toppmøtet og stadfester den felles visjonen vi har for Afghanistan.

2. Ved at vi hjelper det afghanske folket å tryggje landet sitt i dag, forsvarer vi grunnleggjande verdiar vi alle deler, mellom anna fridom, demokrati og menneskerettar og i tillegg respekt for kva andre meiner og trur. Sjølv om mykje står att å gjere, har Afghanistan teke viktige steg for å utvikle demokratiet og gjere livet betre for innbyggjarane, og regjeringa i landet styrkjer kapasiteten sin på desse områda. Ein forsoningsprosess for nasjonal einskap har teke til, og den grunnleggjande tryggleiken og infrastrukturen er betra. Dei seks siste åra er

tilgangen til helsetenester tidobla, tilgangen til utdanning er seksdobla og kvinnene har på ny lovfeste rettar. Afghanske og internasjonale styrkar frå 40 land arbeider side om side for å skape tryggingstilstandar som gjer denne framgangen mogeleg. Likevel står fleire trygging utfordringar att. Valdsektremistar går framleis til angrep på ustabile statsinstitusjonar og på folket i Afghanistan. Dei går meir og meir tilbake til vilkårlege terroråtak og truslar, men Afghanistan og vi får stadig større evne til å motarbeide dei.

3. Vi har ein klar visjon om når vi har lykkast: ekstremismen og terrorismen skal ikkje lenger vere nokon trussel mot stabiliteten, dei nasjonale afghanske tryggingstyrkane skal stå i fremste rekkje og vere sjølvhjelpete, og den afghanske regjeringa skal vere i stand til å fremje eit godt styresett og gjenreising og utvikling i heile landet til beste for alle innbyggjarane. Denne erklæringa er underbygd av ein mellomlangsiktig, intern politisk-militær plan – i tråd med «Afghanistan Compact» (inngått under London-konferansen om Afghanistan i 2006) og den nasjonale afghanske utviklingsstrategien – som jamleg vil bli oppdatert og som vi vil måle framgangen etter.

Vårt felles langtidsengasjement

4. Vi vil framleis støtte regjeringa i Afghanistan i det vidare arbeidet med å etablere og oppretthalde eit trygt miljø og spreie godt styresett. For å styrkje tryggingssinnsatsen vil vi:
 - støtte kvarandre og dele på byrdene i Afghanistan;
 - skaffe dei militære sjefane våre dei verktøya dei treng for å lukkast, ved å fylle resterande manglar ved ISAF, mellom anna i styrkar, opplæringsteam og støttefunksjonar;
 - sikre ISAF-sjefen størst mogeleg fleksibilitet i bruken av styrkane våre;
 - halde fram med å sikre at alle tiltak blir sette i verk for å unngå sivile tap; og

- auke vår evne til å motverke ekstremistpropaganda og kommunisere meir effektivt overfor afghanske og internasjonale publikum kva vi har til mål, kva vi har utretta og kva utfordringar som framleis står att.

Styrkt afghansk leiarskap

5. Berre afghanskleidde tryggingsstyrkar og institusjonar kan sikre rettsstatlege tilstandar på lang sikt. Den afghanske nasjonalhæren viser i aukande grad evne til å planleggje og utføre komplekse operasjonar med våre styrkar til støtte. Etter kvart som dei afghanske tryggingsstyrkane blir i stand til å leie og halde gåande operasjonar på eiga hand, reknar vi med at ISAFs rolle skal kunne utvikle seg i retning av først og fremst opplæring og rettleiing. Vi ser positivt på den aukande internasjonale fokuseringa på å byggje opp kapasitet i det afghanske politiet, som er livsviktig for stabiliteten og tryggleiken i landet. Til støtte for alt dette vil vi:
 - mønstre dei opplæringsteama og hjelpe å skaffe det utstyret som trengst for å oppfylle målet om ein effektiv afghansk hær på 80 000 mann innan 2010;
 - arbeide mot gradvis å overføre leiande tryggingsansvar i heile landet til afghanske styrkar, støtta av ISAF, etter kvart som tilhøva ligg til rette for det og afghanarane har kapasitet til det; vi ser difor positivt på at Afghanistan uttrykkjeleg aktar å ta på seg hovudansvaret for tryggleiken i Kabul så snart det lèt seg gjere;
 - oppmuntre til at det blir utpeika ein overordna afghansk offiser til ISAF-hovudkvarteret når omstenda tillèt det;
 - bistå i utviklinga av effektive sivilkontrollerte tryggings- og forsvarsinstitusjonar, mellom anna gjennom Samarbeidsprogrammet NATO–Afghanistan;
 - hjelpe til med å utvikle det afghanske nasjonalpolitiet slik vi har midlar og kapasitet til, eventuelt i nært samråd med relevante internasjonale aktørar;
 - støtte regjeringa i Afghanistan i arbeidet med å byggje kapasitet til å kommunisere effektivt og svare på ekstremistpropaganda;
 - vere med og styrkje afghanske institusjonar som er nødvendige for fullt ut å etablere rettsstaten, verne menneskerettane og fremje dei felles verdiane våre samtidig som vi respekterer afghansk kultur og tradisjon;
 - yte tryggingsstøtte til føreståande val i Afghanistan;

- halde fram med å støtte afghanskleidde innsats for å takle narkotikaproblemet.

Betra samordning

6. Det blir ingen varig tryggleik utan utvikling, og inga utvikling utan tryggleik. Skal vi lukkast, må all tryggings-, forvaltnings- og utviklingsinnsats vere samordna, og lokale og internasjonale partnarar må arbeide saman til støtte for den afghanske regjeringa. Vi vil intensivere vårt eige bidrag til ei slik samla tilnærming, og vi:
 - ser positivt på tryggingsrådsresolusjon 1806, som skjerpar mandatet for FN-oppgdraget i Afghanistan og vedtek å styrkje samarbeidet med ISAF;
 - ser fram til å arbeide nært saman med Kai Eide, spesialutsendingen for generalsekretæren i FN, og med FN-oppgdraget i Afghanistan etter kvart som det ekspanderer til heile landet, til støtte for den leiande rolla det skal ha i arbeidet med å koordinere den samla internasjonale sivile innsatsen, forbedra sivil-militær samordning, politisk nærmiljøinnsats og styresett;
 - vil arbeide for meir regelmessig samråd med alle aktørar som er involverte i Afghanistan, slik det måtte passe og i nær samordning med den afghanske regjeringa,
 - ser positivt på den føreståande Paris-konferansen, som skal evaluere framgangen og styrkje den internasjonale innsatsen for å komme vidare i gjennomføringa av «Afghanistan Compact».
7. Regionale stabiliseringslag (Provincial Reconstruction Teams, PRTs) har ei viktig oppgåve i å leggje til rette for tryggleik, styresett og utvikling. Vi forpliktar oss til å stille så mange PRT som trengst, betre innsatskoordineringa mellom dei, styrkje den sivile komponenten i dei og ytterlegare bringe utviklingsstrategiane deira på linje med prioriteringane til den afghanske regjeringa inntil dei afghanske regjeringsinstitusjonane er sterke nok til å gjere PRT-ane unødvendige.

Nabolanda til Afghanistan, regionen

8. Nabolanda er viktige støttespelarar til Afghanistan i arbeidet for å skape ei tryggare og meir stabil framtid. Valdsektremisme og narkotika er truslar som ikkje berre rettar seg mot Afghanistan. Heile regionen kan dra nytte av at desse truslane blir tekne effektivt hand om. Vi vil vere med og skape grobotn for ei langsiktig regional

tilnærming til tryggingsutfordringar og tryggingssamarbeid. Det er med sikte på dette vi:

- oppmodar nabolanda til Afghanistan til å handle resolutt til støtte for den afghanske regjeringa i innsatsen for å byggje eit stabilt Afghanistan med trygge grenser;
- ser fram til å komme i djupare inngrep med nabolanda til Afghanistan, særleg Pakistan;
- støttar innsats for å forbetre tryggleiken og stabiliteten langs den afghansk-pakistanske grensa, og
- oppmuntrar til vidare samarbeid og intensivert dialog mellom Afghanistan og Pakis-

tan, mellom anna gjennom Jirga-mekanismane, Ankara-prosessen og Trepartskommisjonen.

5. Konklusjon

9. Som allierte og partnerar står vi fullt og fast saman om å hjelpe det afghanske folket å realisere sine draumar om eit betre liv. Styret og folket i Afghanistan tek stadig større ansvar for tryggleiken, gjenreisinga og utviklinga i landet. Saman vil vi sjå til at dei kan få den framtida dei så lenge har vore nekta, og dermed gjere livet tryggare for folk i alle våre land.

Vedlegg 3**Erklæring frå formannen, Bucuresti 4. april 2008***Møte i NATO–Russland-rådet på stats- og regjeringssjefnivå*

Stats- og regjeringssjefane i NATO–Russland-rådet møttest i Bucuresti i dag og vedtok å arbeide betre som 27 likeverdige partnerar for å kunne reagere samla på dei mangfaldige tryggingstrisikoane vi har felles. Dei sa seg på ny forplikta til måla og prinsippa som er nedfelte i Grunnakta og Roma-erklæringa. Dei stadfeste at NRC var tenkt som eit strategisk element i arbeidet for tryggleik i det euroatlantiske området, med utgangspunkt i det prinsippet at tryggleiken til alle statar i den euroatlantiske fellesskapen, som dei høyrer til, no som før er udeleg. Partnerskapen vår har ti års historie å sjå tilbake på. I denne tida har medlemsstatane i NRC utvikla ein politisk dialog i eit breitt spekter av internasjonale tryggingsspørsmål og konkrete prosjekt der dei har felles mål og interesser.

Etter kvart som dialogen mellom medlemmene er blitt utvida og intensivert, har NRC vist seg som eit nyttig forum for ærleg og open meningsutveksling, mellom anna i spørsmål der synspunkta har variert, til dømes: omdanninga av NATO, mellom anna utvidinga; missilforsvar; traktaten om konvensjonelle væpna styrkar i Europa (CFE) og Kosovo. Medlemsstatane i NRC vil framleis engasjere seg for at CFE-avtalen skal stå ved lag på lang sikt. I samsvar med dei relevante føresegnene i Roma-erklæringa og seinare NRC-vedtak vil NRC-medlemsstatane gjennom vidare dialog som ein del av ei mangesidig tilnærming søkje å leggje til rette for løysingar på uavklarte CFE-spørsmål. NRC innser at medlemmene har ulike syn på Kosovo, men står likevel fast på å skape ei stabil, demokratisk, multietnisk, fredeleg og trygg framtid for Vest-Balkan. NRC-medlemmene oppmoda alle på Vest-Balkan om å avstå frå vald og unngå alle handlingar som kan undergrave tryggleiken og det rettsstatlege styret i regionen. Spørsmål om tryggleiken i Kosovo står framleis høgt på saklista deira. NRC vil halde fram med den opne og aktive dialogen om missilforsvar trass i meningsmotsetnader i denne saka.

Det var semje i NRC om at det er av aller største verdi at den internasjonale innsatsen til støtte for den afghanske regjeringa i arbeidet for fred og sta-

bilitet i og rundt Afghanistan fører fram. Med tanke på dette er det definert ein mekanisme for å lette transitt av varer til ISAF over land via russisk territorium i samsvar med UNSCR 1386. NRC er klar over trusselen med narkotikatrafikk i regionen og har i dag også vedteke å gjere NRCs pilotprosjekt for antinarkotikaopplæring av afghansk og sentralasiatisk personell til ei vedvarande satsing.

Kampen mot terrorisme er framleis eit nøkkelområde i NRC-samarbeidet. NRC vil vidareføre arbeidet med å setje i verk NRC-handlingsplanen mot terrorisme, særleg tiltak for å hindre at terroristar får tak i masseødeleggingsvåpen. NRC set stor pris på det vidare marinesamarbeidet innanfor ramma av NATO-operasjonen Active Endeavour i Middelhavet, som framleis yter eit vesentleg tilskot til kampen mot terrorisme. Stats- og regjeringssjefane i NRC gav NRC i oppdrag å få fortgang i arbeidet med NRCs fellesprosjekt for å motverke terroristtruslar mot sivil luftfart, initiativet for luftromssamarbeid (CAI), slik at CAI-systemet kan nå førebels operativ evne innan utgangen av 2008 og full operativ evne rundt utgangen av 2009.

NRC vil arbeide vidare med å styrkje dialogen til støtte for innsats mot spreiding av masseødeleggingsvåpen og leveringsmiddel for slike våpen.

Stats- og regjeringssjefane i NRC rosa framgangen i NRC-prosjektet for å utvikle interoperabilitet mellom ulike TMD-system. NRC gjennomførte ei vellukka TMD-øving i Tyskland i januar 2008. Tilbod frå andre NRC-medlemsland om å vere vertskap for liknande øvingar i framtida blei òg verdsette. Forsvars- og militærsamarbeidet i NRC har òg vore med og fremja interoperabilitet og transparens. NRC vil halde fram med å styrkje det fagmilitære samarbeidet idet ein går inn i ein fase med meir praktiske aktivitetar, som mellom anna dei vellukka forsøka med søk og redning til havs har demonstrert. Stats- og regjeringssjefane i NRC har bedt NRC intensivere innsatsen for å komme fram til ein rammeavtale om lufttransport og påfølgjande gjennomføringsordningar for bruk av transportkapasitet frå dei russiske væpna styrkane. NRC set òg pris på dei positive resultatata NATO–

Russland-senteret for omplussing av dimittert militært personell frå dei russiske væpna styrkane har oppnådd.

NRC vil forbetre det viktige samarbeidet sitt innan sivil naudplanlegging, forskings- og miljøprosjekt for å auke beredskapen og vernet mot terrorhandlingar og natur- og menneskeskapte katastrofar.

Stats- og regjeringssjefane i NRC er overtydde om at mykje framleis kan gjerast for å gjere publikum betre kjende med arbeidet i NRC, mellom anna via Internet (www.nato-russia-council.info). Med tanke på dette gav dei NRC i oppdrag å få fortgang i arbeidet med å leggje til rette for andre for-

mer for dialog mellom statsvitarar, i det akademiske miljøet, i forskingsinstitusjonar og andre relevante organisasjonar.

Seks år etter at NATO–Russland-rådet vart oppretta, har det vist seg å vere eit nøkkelinstrument for politisk dialog, konsensbygging, samarbeid og felles avgjerdstaking der dei 27 medlemmene opptrer som nasjonale aktørar og på ein måte som er i tråd med deira kollektive tilsegner og plikter. Stats- og regjeringssjefane i NRC stadfeste at dei står fast på å arbeide vidare i ei slik konstruktiv ånd i framtida, for å sikre at NRC realiserer sitt fulle potensial ved å peike ut og ta opp eit breitt spekter av tryggingsspørsmål der det er rom for felles handling.

Vedlegg 4**Fellesfråsegn, Bucuresti 4. april 2008***Møte i NATO–Ukraina-kommisjonen på stats- og regjeringssjefnivå*

1. Vi, stats- og regjeringssjefane i Det nordatlantiske forsvarssambandet og Ukrainas president Jusjenko, møttest i Bucuresti i dag for å drøfte status og utsikter i tilhøvet og samarbeidet mellom NATO og Ukraina, mellom anna dei euroatlantiske ambisjonane som kjem til uttrykk i den ukrainske søknaden om ein eigen handlingsplan for medlemskap (MAP). Vi stadfeste kor viktig tilhøvet mellom NATO og Ukraina er.
2. Allianselanda minte om fråsegna si frå i går, der dei såg positivt på Ukrainas euroatlantiske ambisjonar om medlemskap i NATO. Dei var samde om at Ukraina kjem til å bli medlem av NATO. MAP er neste steg for Ukraina på den direkte vegen mot medlemskap. Allianselanda gjorde det klart at dei støttar den ukrainske søknaden om MAP-status. Difor vil dei frå no av samhandle intensivt med Ukraina på høgt politisk nivå for å ta hand om spørsmål rundt MAP-søknaden som enno er uløyste. Allianselanda har bede utanriksministrane i NATO om å gjere ei første evaluering av framgangen når dei møttest i desember 2008. Dei allierte utanriksministrane har fullmakt til å ta stilling til MAP-søknaden frå Ukraina.
3. Vi minner om vårt engasjement for den spesielle partnerskapen mellom NATO og Ukraina, som feira tiårsjubileum i fjor, og var samde om ytterlegare å styrkje den politiske dialogen og det praktiske samarbeidet mellom Ukraina og alliansen, noko som vil vere med og fremje Ukrainas omlegging til demokrati, reformmålsetjingar og oppfylling av internasjonale forpliktingar. Vi sa oss på ny overtydde om at ukrainsk suverenitet, sjølvstende og territorial integritet er nøkkelfaktorar for å sikre stabilitet i Europa. Vi var òg samde om at NUC-ambassadørane skulle møtast meir regelmessig for å utdjupe den politiske dialogen og forbetre den distinkte partnerskapen mellom NATO og Ukraina.
4. Vi tok føre oss utfordringane vi står overfor, og gledde oss over oppnådd framgang i gjennomføringa av handlingsplanen NATO–Ukraina og den intensiverte dialogen. Vi merkte oss framgangen Ukraina har oppnådd i aktuelle reformer, og understreka det viktige i at Ukraina forpliktar seg til å halde fram med å gjennomføre politiske og økonomiske reformer og reformer i forsvars- og tryggingssektoren. Vi ser fram til gjennomføringa av tiltaka i den årlege målplanen for 2008. Allianselanda er framleis bestemte på å støtte opp om denne innsatsen gjennom konsultasjonar og praktisk samarbeid.
5. Denne partnerskapen har ytt eit vesentleg bidrag til fred og stabilitet både i og utanfor det euroatlantiske området, eit bidrag vi verdset høgt. Ukraina er den einaste partnaren som aktivt støttar alle NATO-leidde operasjonar og oppdrag. Vi verdset den innsatsen vi saman gjer for å fremje regionalt samarbeid, mellom anna at Ukraina framleis medverkar til tryggleik i regionen. Dei allierte stats- og regjeringssjefane såg positivt på at Ukraina som ikkje-NATO-land medverka til ISAF i Afghanistan og var parat til å halde fram med å delta i KFOR i Kosovo og opplæringsoppdraget NATO utfører i Irak. Dei allierte stats- og regjeringssjefane gledde seg dessutan over at Ukraina var villig til å finne fram til ordningar for transitt av utstyr og forsyningar til ISAF gjennom Ukraina. Vi merkte oss tilfreds at det sjømilitære samarbeidet vårt held fram gjennom NATO-operasjonen Active Endeavour i Middelhavet. Dei allierte stats- og regjeringssjefane sa seg takknemlege for at Ukraina var parat til å bidra til NATOs reaksjonsstyrke. Gjennom slike bidrag demonstrerer Ukraina forpliktande vilje til å ta på seg sin del av dei felles tryggingssoppgåvene.
6. Dei allierte stats- og regjeringssjefane gledde seg over den ukrainske framgangen med reformer i forsvars- og tryggingssektoren, og gjentok at dette er ein innsats dei støttar opp om. Dei oppmuntra Ukraina til å fremje ytterlegare reformer ved å setje aktuell politikk ut i livet og stille tilstrekkelege ressursar til disposisjon. Dei rosa Ukraina for den nasjonale tryggingstrategien landet har vedteke, og oppmuntra Ukraina til å halde fram med gjennomgangen

av den nasjonale tryggingssektoren for å setje heile tryggingssektoren i Ukraina meir på linje med europeiske normer og standardar. Dei allierte stats- og regjeringssjefane oppmuntra Ukraina til å dra nytte av heile potensialet i verkemidla NATO–Ukraina-partnerskapen rår over, mellom anna den felles NATO–Ukraina-arbeidsgruppa for forsvarsreform.

7. Vi merkte oss det breie spekteret av fellesaktivitetar mellom NATO og Ukraina, mellom anna den ukrainske deltakinga i aktivitetane til NATO-forskningsprogrammet for fred og tryggleik. Dei allierte såg positivt på at Ukraina forpliktar seg til å ta i bruk PFP-fondet til øydelegging av overskotslager av ammunisjon og små og lette våpen, NATO-støtta omskoleringspro-

gram for dimittert militært personell og programmet for profesjonell utvikling av sivilt personell tilsett i tryggingsinstitusjonar. Vi ser fram til gjennomføringa av eit program for utveksling av luftsituasjonsdata mellom Ukraina og NATO som eit positivt teikn på auka samarbeid, transparens og støtte i kampen mot terrorisme.

8. Til slutt såg allianselanda positivt på den aukande innsatsen Ukraina gjer for å informere folket i landet om NATO–Ukraina-samarbeidet og om alliansen. Dei streka under det viktige i at Ukraina set av tilstrekkelege ressursar til dette arbeidet, og stadfeste si støtte til den folkeopplysninga Ukraina driv i heile landet.

Vedlegg 5**Erklæring frå formannen, Brussel 13. juni 2008***Møte i NATO–Russland-rådet på forsvarsministernivå i NATO-hovudkvarteret*

NATO–Russland-rådet møttest i Brussel på forsvarsministernivå 13. juni for å diskutere forsvars- og militærsamarbeid og aktuelle internasjonale tryggingsspørsmål.

Ministrane sa seg på ny forplikta til å vidareutvikle det praktiske samarbeidet, og såg i denne samanhengen positivt på at Russland planla å stille RFS *LADNIY* til operasjon ACTIVE ENDEAVOUR seinare i år. Ministrane såg på denne tredje utplasseringa av eit russisk fartøy i NATOs maritime antiterroroperasjon i Middelhavet som eit eksempel på utvida operativt samarbeid og eit signal på at NRC framleis engasjerer seg i kampen mot terrorismen.

Ministrane vedgjekk at det praktiske NRC-samarbeidet ikkje har nådd sitt fulle potensial enno, men merkte seg positive utviklingstrekk på område som avgrensa rakettforsvar (TMD), framgang i retning av ei innleiande operativ evne i det felles NRC-prosjektet for å motverke terrortruslar mot sivil luftfart (Initiativet for luftromsamarbeid (Cooperative Airspace Initiative, CAI)), og vedvarande innsats for å utvikle interoperabilitet på logistikkområdet. Ministrane såg òg positivt på framgangen som har vore på området søk og redning til havs, og særleg den vellukka russiske deltakinga i den nyleg avslutta NATO-øvinga i under-sjøisk søk og redning, BOLD MONARCH 08.

Ministrane stadfeste at NRC er forplikta til større operativt samarbeid, og godkjende NRC-visjonen for forsvars- og militærsamarbeid på lang sikt. Langtidsvisjonen er ei rettesnor for det praktiske forsvars- og militærsamarbeidet i ein 10- til 15-årsperiode og vil støtte utviklinga av ei evne til effektiv felles handling når eit politisk vedtak om dette skulle bli gjort. Som eit ledd i gjennomgangen av igangsette samarbeidstiltak godkjende ministrane òg framdriftsrapporten om samvirkeevne for 2007–2008, og dei gav NRC i oppdrag å ta hand om hindringar for vidare framgang i utviklinga av samvirkeevne mellom styrkar frå Russland og NATO-land.

Ministrane drøfta òg fleire aktuelle internasjonale tryggingsspørsmål, mellom anna Afghanistan, CFE, rakettforsvar og situasjonen på Vest-Balkan. Sjølv om dei måtte seie seg ueinige i enkelte saker, stadfeste dei at NRC var eit verdifullt forum for konstruktiv meningsutveksling. Ministrane uttrykte sterk felles interesse av å etablere fred og stabilitet i Afghanistan. I så måte såg dei positivt på ordningar for å lette transitt over land via russisk territorium av varer til støtte for ISAF, og på vedtaket om å vidareføre NRC-prosjektet for antinarkotikaopplæring av afghansk og sentralasiatisk personell. Ministrane sa seg på ny forplikta til auka praktisk samarbeid enno mens partane prøver å nærme seg kvarandre i vanskelege politiske spørsmål.

Vedlegg 6**Fellesfråsegn, Brussel 13. juni 2008**

Møte i NATO–Ukraina-kommisjonen på forsvarsministernivå i NATO-hovudkvarteret

1. Vi, forsvarsministrane i NATO–Ukraina-kommisjonen, møttest i Brussel 13. juni 2008. Vi diskuterte den vidare utviklinga i forsvars- og tryggingssrelasjonane mellom NATO og Ukraina. Diskusjonane fokuserte på Ukrainas framgang og innsats i gjennomføringa av reformer i forsvars- og tryggingssektoren og på Ukrainas bidrag til tryggleik og stabilitet. Vi tok òg føre oss dei ukrainske planane om å delta i fleire av NATOs forsvarspolitiske initiativ.
2. På bakgrunn av vedtaka som stats- og regjeringssjefane i NATO gjorde på NATO-toppmøtet i Bucuresti om at Ukraina skal bli medlem av NATO, vedtok vi å vidareføre samarbeidet vårt under NATO–Ukraina-kommisjonen og fremje den spesielle partnerskapen, særleg gjennom intensivt engasjement på høgt politisk nivå for å løyse dei forsvarsrelaterte spørsmåla som gjeld Ukrainas MAP-søknad. MAP er neste steg for Ukraina på den direkte vegen mot medlemskap. Ei første evaluering vil bli gjort av forsvarsministrane i desember 2008.
3. Vi set stor pris på det betydelege bidraget partnerskapen mellom NATO og Ukraina har ytt til fred og stabilitet i og utanfor det euroatlantiske området. I så måte såg dei allierte positivt på at Ukraina, som einaste partnerland, aktivt støtta alle NATO-leidde operasjonar og oppdrag. I samband med NATOs helikopterinitiativ var dei allierte dessutan glade over å merkje seg Ukrainas vilje til å bli med i det britisk-franske initiativet til støtte for oppgradert helikopterkapasitet og for pilotopplæring, med sikte på å stille fleire helikopter til disposisjon for fleirnasjonale operasjonar. Dei allierte såg òg positivt på at Ukraina aktar å halde fram med å tilby sin strategiske lufttransportkapasitet til støtte for NATO-operasjonane. Vi gledde oss òg over at Ukraina var blitt med i utvekslingsprogrammet for luftsituasjonsdata. Dei allierte forsvarsministrane merkte seg med glede at Ukraina var parat til å få i stand ordningar for transitt av utstyr og forsyningar til ISAF via Ukraina.
4. Vedtaket i Det nordatlantiske rådet om å takke ja til tilbodet frå Ukraina om å yte betydelege bidrag til NATO-reaksjonsstyrken er endå eit steg på vegen mot betra tilhøve mellom NATO og Ukraina, og dei allierte såg positivt på den innsatsen Ukraina gjer for å førebu seg på slike mogelege bidrag.
5. Vi gjorde òg opp status for framgangen og innsatsen Ukraina har gjort og gjer for å bringe dei ukrainske væpna styrkane meir på linje med NATO-standardane, mellom anna ved å auke samvirkeevna mellom allierte og ukrainske styrkar. I denne samanhengen inviterte dei allierte forsvarsministrane Ukraina til i samråd med dei allierte å leie den andre strategiske forsvarsgjennomgangen og å halde fram med gjennomgangen av hovudkvarteret i det ukrainske forsvarsministeriet. Vi streka dessutan under at det er viktig å skaffe nok av ressursar og planlegging til å støtte opp under nødvendige reformer.
6. Vidare tok vi for oss reforminnsatsen til dei ukrainske styresmaktene i den utvida tryggingssektoren og understreka det strategisk viktige i tryggingssektorreform i Ukraina. I så måte oppmuntra dei allierte forsvarsministrane Ukraina til å leggje særleg vekt på reformer i etterretnings- og tryggingssorgana og merkte seg oppmodinga frå Ukraina om vidare alliert bistand i gjennomføringa av desse reformene. Vi oppmuntra òg Ukraina til å styrkje reforminnsatsen, også gjennomføringa av reformene, og såg positivt på at Ukraina står fast på å gjennomføre den nasjonale tryggingssstrategien for Ukraina som ein integrert del av den nasjonale tryggingsssektorgjennomgangen. Dei allierte forsvarsministrane såg òg positivt på Ukrainas innsats med sikte på å leggje til rette for betre koordinering av euroatlantisk integreringsinnsats, mellom anna gjennom betra samordning etatane imellom for å handtere reformene.
7. Dei allierte forsvarsministrane gjorde det dessutan klart at NATO framleis støttar Ukraina i gjennomføringa av forsvars- og tryggingssektorreformer, særleg innanfor rammene av den

felles arbeidsgruppa for forsvarsreform (Joint Working Group on Defence Reform (JWGDR)). På dette området såg vi positivt på framgangen JWGDR har oppnådd i gjennomføringa av kritisk viktige program og initiativ, mellom anna JWGDR-programmet for profesjonell sivil personalutvikling og NATO–Ukraina-arbeidsgruppa for sivil og demokratisk kontroll med etterretningssektoren. Vi ser òg fram til gjennomføringa av forsvars- og tryggingssrelaterte tiltak i den årlege målplanen for 2008. Vi understreka kor viktig det er å vidareføre samarbeidet mellom NATO og Ukraina i samsvar med planleggings- og gjennomgangsprosessen (PARP) og den årlege arbeidsplanen for Militærkomiteen med Ukraina.

8. Vi stadfeste vår støtte til innsats som blir gjort med sikte på å handtere konsekvensane av reformer i forsvars- og tryggingsssektoren. I denne samanhengen såg vi positivt på framgangen som har vore i gjennomføringa av programma for omplassering av dimittert militært personell i Ukraina, mellom anna NATO/PFP-

fondet for Khmelnytsky, og understreka det viktige i fornya arbeid med NATO/PFP-fondet for destrueringsprosjekt for overskotslager av ammunisjon, handvåpen og lette våpen (SALW) og berbare luftforsvarssystem (MANPADS).

9. Dei allierte forsvarsministrane oppmuntra Ukraina til å halde fram med å styrkje den offentlege informasjonsinnsatsen med sikte på å spreie kunnskap om NATO. Denne innsatsen omfattar mellom anna forsvars- og tryggingsssektoren i Ukraina, dei væpna styrkane og anna tryggingsspersonell, og det skal samtidig gjerast best mogeleg bruk av Partnerskapsnettverket NATO–Ukraina for kompetanseutvikling i sivilsamfunnet.
10. Vi verdsette invitasjonen frå forsvarsministeren i Estland til å oververe høgnivåkonsultasjonane mellom NATO og Ukraina for 2008 i Tallinn 12. og 13. november, som vil vere med og fremje dei forsvars- og tryggingssrelaterte målsetjingane med det intensive engasjementet med Ukraina.

Vedlegg 7**Fråsegn, Brussel 19. august 2008**

Møte i Nordatlantisk råd på utanriksministernivå i NATO-hovudkvarteret

Nordatlantisk råd møttest i særskild ministerseksjon 19. august 2008, uttrykte si djupe uro over situasjonen i Georgia og diskuterte dei vidare implikasjonane denne situasjonen kan få for euroatlantisk stabilitet og tryggleik. Ei fredeleg og varig løysing på konflikten i Georgia må vere basert på full respekt for prinsippa om sjølvstende, suverenitet og territorial integritet for Georgia som er godtekne i folkeretten og resolusjonar frå FN's tryggingråd. Vi beklagar alle tap av liv og skade på sivile og på sivil infrastruktur som konflikten har ført med seg. Vi yter bistand til humanitær hjelpeinnsats. Vi møtte fungerande leiar i OSSE, den finske utanriksministeren Alexander Stubb, for å diskutere dei spørsmåla han meinte var dei viktigaste å ta fatt på.

Vi gler oss over avtalen som Georgia og Russland er komne til semje om og har underteikna etter diplomatisk innsats frå Den europeiske unionen, OSSE og USA, om å få slutt på kamphandlingane og få i stand ei politisk løysing på konflikten. Vi stiller oss fullt ut bak denne innsatsen. Vi understrekar det presserande i at avtalen blir sett i verk raskt, fullstendig og i god tru, mellom anna med ein ny internasjonal mekanisme for å sjå til at lønadene blir etterlevde. Militær innsats må opphøre fullstendig, og militære styrkar må vende tilbake til stillingane dei hadde før kamphandlingane braut ut. Det må setjast i gang verkeleg internasjonale diskusjonar om nærmare reglar for tryggleik og stabilitet i Abkhasia og Sør-Ossetia. Økonomisk aktivitet i Georgia, mellom anna internasjonal luftfart og skipsfart, må ikkje hindrast.

Vi er alvorleg bekymra over den humanitære situasjonen. Allierte regjeringar arbeider saman og i samråd med internasjonale organisasjonar og andre i verdssamfunnet for å sikre at sivilbefolkninga som er ramma av konflikten, får den hjelpa som trengst for å dekkje humanitære behov på kort og lang sikt. Vi ber om at alle partar, i samsvar med sine plikter etter den humanitære folkeretten, syter for at internasjonal humanitær hjelp kan nå fram til alle folkegrupper som er ramma.

Vi har i dag dessutan avtala å støtte Georgia, dersom dei ber om det, på ei rekkje område. I tillegg

har vi avtala å gi det permanente nordatlantiske rådet i oppdrag å gå saman med Georgia om snarast å utarbeide nærmare detaljar for ein NATO–Georgia-kommisjon. Denne kommisjonen skal overvake prosessen som det blei lagt opp til i Bucuresti, mellom anna støttetiltaka som blei avtala på møtet i dag. Desse tiltaka skal hjelpe Georgia, ein velsedd NATO-partnar gjennom lang tid, å evaluere skaden den militære innsatsen har valda og å bidra til å gjenreise tenester som vanleg offentleg liv og økonomisk verksemd er heilt avhengig av. Det er viktig for alliansen at Georgia kjem seg på fote og har trygge og stabile tilstandar. NATO vil vidareføre samarbeidet med Georgia innanfor Partnerskap for fred og Georgias individuelle handlingsplan for partnerskap med NATO, og vi vil sjå nærmare på ytterlegare oppmodingar om bistand som Georgia måtte komme med. Vi såg òg positivt på at fleire av regjeringane våre har antyda at dei vil støtte aktivt opp om tiltak for å hjelpe fram økonomisk gjenreising i Georgia.

Konflikten mellom Georgia og Russland har kompromittert regional stabilitet og tryggleik. Vi beklagar djupt maktbruken i konflikten mellom Georgia og Russland. Vi gjentek at det ikkje finst noka militær løysing på den uløyste konflikten. Vi minner alle partar om at fredeleg konfliktløysing er eit nøkkelp prinsipp i rammedokumentet til Partnerskap for fred.

Vi er framleis uroa over måten Russland har gått fram på under denne krisa, og minner om ansvaret Russland har for å sikre ro og orden i dei områda landet har kontroll over, særleg i lys av stadige meldingar om at Russland med vilje øydelegg sivil infrastruktur. Den russiske militærinnsatsen har vore urimeleg stor og ikkje i pakt med ei fredsbevarande rolle, og han strir mot prinsippa om fredeleg konfliktløysing som er nedfelte i Helsinkisluttakta, Grunnakta NATO–Russland og Romaerklæringa. Vi ber Russland om straks å gå i gang med å trekkje styrkane sine tilbake frå dei områda det er meininga at landet skal forlate etter seksprinsippavalen som vart underteikna av president Saakasjvili og president Medvedev. Alliansen tenkjer alvorleg over kva følgjer Russlands handlingar

skal få for tilhøvet mellom NATO og Russland. I 2002 etablerte vi NATO–Russland-rådet, ei ramme for diskusjonar med Russland, også i spørsmål der alliansen og Russland er splitta. Vi er komne til at vi ikkje kan halde fram som om ingenting var hendt. Vi oppmodar Moskva om å vise – både i ord og handling – at dei framleis kjenner seg forplikta av prinsippa som vi var samde om å byggje tilhøvet vårt på.

Vi stadfeste at vi er forplikta av vedtaka stats- og regjeringssjefane våre gjorde på toppmøtet i Bucuresti i april 2008, mellom anna om dei euroatlantiske ambisjonane i Georgia, og vil vidareføre det intensive engasjementet vi har med Georgia for at vi i desember skal kunne ta opp spørsmåla som gjeld MAP-søknaden deira sett på bakgrunn av utviklinga fram til då.

Vedlegg 8**Sluttkommuniké, Brussel 3. desember 2008**

Møte i Nordatlantisk råd på utenriksministernivå i NATO-hovudkvarteret

1. NATO er grunnlagt på det varige prinsippet om den udelelege alliansetryggleiken, og er framleis det sentrale forumet for tryggleikskonsultasjonar mellom dei allierte i Europa og Nord-Amerika og den transatlantiske ramma for sterkt kollektivt forsvar av alliansens befolkningar, territorium og styrkar, som er kjerneformålet til alliansen og den viktigaste tryggingsoppgåva han har. Vi stadfeste i dag samholdet, solidariteten og engasjementet vi kjenner for den felles visjonen og dei delte demokratiske verdiane i Washington-traktaten, som reflekterer formåla og prinsippa i FN-pakta. Vi avtala i dag tiltak som, samtidig som dei aukar evna vår til å halde ved lag kjerneformålet vårt, også vil setje oss i stand til meir effektivt å møte framveksande truslar og auke framdrifta i gjennomføringa av vedtaka som blei gjorde på NATO-toppmøtet i Bucuresti i april i år. Vi gav òg ytterlegare pålegg om arbeid som skal vere gjort før toppmøtet i Strasbourg og Kehl i april 2009 i samband med 60-årsjubileet for alliansen.
2. Utvidingsprosessen som går føre seg i NATO, har vore ein historisk suksess når det gjeld å fremje visjonen om eit Europa som er heilt og fritt, sameint i fred, demokrati og felles verdier. På toppmøtet vårt neste år tek vi sikte på å helse Albania og Kroatia velkomne som nye medlemmer av alliansen, og vi gler oss over at kollegane våre frå desse to landa, som stiller seg bak denne erklæringa, er saman med oss i dag. På ein måte som er i samsvar med prinsippa i FN-charteret, held NATO døra open for alle europeiske demokrati som har vilje og evne til å ta på seg oppgåvene og pliktene med medlemskap, i samsvar med artikkel 10 i Washington-traktaten.
3. Vi har i dag stadfest at vi er forplikta til ein felles visjon av korleis eksisterande tryggingsutfordringar kan møtast på måtar som bidreg til varig fred og tryggleik i det euroatlantiske området. Vi understrekar at eksisterande strukturar – NATO, Den europeiske unionen (EU), Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE) og Europarådet – grunnlagde på felles verdier framleis byr på alle sjansar til at land kan engasjere seg reelt i den euroatlantiske tryggleiken gjennom eit omfattande regelverk, etablert over fleire tiår, som omfattar respekt for menneskerettane, territorial integritet, suverenitet for alle statar, utan skiljelinjer, og kravet om å oppfylle internasjonale tilsegner og avtalar. Innanfor desse rammene er allianselanda opne for dialog innanfor OSSE om oppfatningar av tryggleik og korleis ein skal reagere på nye truslar, og søker breiast mogeleg samarbeid blant deltakarstatane for å fremje eit felles euroatlantisk område med fred og stabilitet. Det felles målet bør vere å forbetre gjennomføringa av eksisterande tilsegner og å fortsetje å forbetre eksisterande institusjonar og verkemiddel for effektivt å fremje verdiane våre og den euroatlantiske tryggleiken.
4. Vi hyller profesjonaliteten og motet til dei mange mennene og kvinnene frå allierte og andre land som er involverte i NATOs operasjonar og oppdrag. Vi uttrykkjer vår djupaste sympati med familiane og dei kjære til dei som har døydd er blitt skadde mens dei har gjort si plikt.
5. NATO seier seg på ny forplikta på lang sikt til å støtte regjeringa i Afghanistan med å byggje eit stabilt og demokratisk Afghanistan som respekterer menneskerettane, kan ta hand om eigen tryggleik og lever i fred med naboane. Vi erkjenner at det er nær samheng mellom eit trygt Afghanistan og tryggleik for oss, og stadfester at den NATO-leidde internasjonale styrken under FN-mandat, ISAF, framleis er hovudprioriteten for oss. Vi fordømmer taktikken og handlingane til opprørarar som med overlegg set respekten for menneskeliv til side. Vi sørgjer over alle sivile tap. ISAF held fram med å treffe alle mogeleghe tiltak for verne sivile og har forsterka innsatsen på dette området. Trass i at handlingane til ekstremistar og terroristar framleis er ein trussel mot det afghanske folket, styrkane våre og stabiliteten i regionen som heilskap, har vi saman med Afghanistan og partnerane våre gjort framgang i oppfyllinga av den strategiske visjonen som blei skissert på

toppmøtet i Bucuresti, ved å gjennomføre dei fire prinsippa i den samla strategiske politisk-militære planen vår:

- Ei fast og felles forplikting blant allierte: Vi er fast bestemte på å utstyre ISAF med nok styrkar, ressursar og fleksibilitet til å sikre at oppdraget kan lukkast. Sidan toppmøtet har vi utvida ISAF-bidraget til Afghanistan med mannskap og utstyr, og vi ser positivt på den sterke og aukande støtta frå partner-nasjonar i ISAF. President- og provinsvala som skal haldast i 2009, og parlaments- og distriktsvala som etter planen skal følgje i 2010, blir viktige merkesteinar for den demokratiske utviklinga i Afghanistan. ISAF vil støtte den afghanske regjeringa i innsatsen for å tryggje valprosessen, mellom anna gjennom mellombels utplassering av ek-strastyrkar.
- Støtte til auka afghansk leiarskap og ansvar: Det er gjort vesentleg framgang i utviklinga av dei afghanske nasjonale tryggingssstyrka-ne. Dei har teke på seg leiande tryggingssan-svar for Kabul by, i aukande grad teke førin-ga i tryggingsoperasjonar og begynt å utvi-de området sitt til heile landet. Vi er forplikta til å støtte utviding av den afghanske nasjo-nale hæren (ANA) og å skaffe fram nødven-dige ressursar, mellom anna fleire trenings-og mentoreringsslag. Vi ser dessutan på kor-leis ANA-fondet eventuelt kan lette denne utvidinga. Tilsvarende støttar vi større inn-sats frå allierte nasjonar og partnerar, i sam-ordning med program og oppdrag i regi av USA og EU, for å setje fart i utviklinga av det afghanske nasjonale politiet.
- Ei samla sivil-militær tilnærming frå verds-samfunnet: NATO erkjenner at ei reint mili-tær løysing ikkje finst, og står òg parat til å støtte afghanskleidd innsats for å komme fram til ei politisk løysing på konflikten. ISAF vil hjelpe den afghanske regjeringa med å skaffe seg autoritet over heile landet og nå fram til alle sine innbyggjarar for å leggje til rette for godt styre og utvikling, på grunnlag av den nasjonale afghanske utvi-klingsstrategien og tilsegnene frå «Afgha-nistan Compact» og Paris-konferansen. I denne samanhengen oppmuntrar vi den afghanske regjeringa til å halde fram med å investere i godt styresett. Vi understrekar vår sterke støtte til den leiarrolla FN's bi-standsoppdrag utfører i Afghanistan. Regio-nale stabiliseringslag (PRT) spelar framleis ei vesentleg rolle for å fremje godt styresett,

kapasitetsbygging, gjenreising og utvikling. Vi vil arbeide for å styrkje einskapen i PRT-innsatsen ytterlegare og vil halde fram med å styrkje samanhengane mellom PRT-aktivi-tetar og målsetjingane til den afghanske re-gjeringa når det gjeld godt styresett og en-gasjement i lokalsamfunna.

- Auka samarbeid med nabolanda til Afgha-nistan, særleg Pakistan: Som eit bidrag til å fremje regional fred og stabilitet ser vi posi-tivt på betringa i tilhøvet mellom Kabul og Islamabad og på militære tiltak Pakistan i det siste har sett i verk mot ekstremistar langs grensa til Afghanistan. Vi ser positivt på tettare samordning NATO-ISAF/Afgha-nistan/Pakistan gjennom Trepartskommi-sjonen og andre forum, og vil treffe tiltak for å forbetre grensetryggleiken, mellom anna sondere om det kan etablerast fleire grense-koordineringssenter og andre mogelege fellesinitiativ. NATO er ope for tettare fag-militært samarbeid og betre politisk dialog med Pakistan på høgt nivå. Vi vil vidareføre den utvida dialogen vi har med sentralasia-tiske partnerar til støtte for regionalt samar-beid og eit stabilt Afghanistan, samtidig som vi oppmuntrar til aktiv medverknad frå dei, mellom anna gjennom å avtale transitt-ordningar mellom sentralasiatiske land og alliansen.
6. Det robuste KFOR-nærværet under NATO-lei-ing og FN-mandat blir verande i Kosovo på grunnlag av tryggingrådsresolusjon 1244. I heile Kosovo vil NATO og KFOR samarbeide med styresmaktene, og på bakgrunn av sitt operative mandat vil KFOR samarbeide med og bistå FN, EU og andre internasjonale aktørar slik det fell seg, for å støtte utviklinga av eit sta-bilt, demokratisk, multietnisk og fredeleg Kosovo. Omgåande utplassering av EUs retts-statsoppdrag (EULEX) i heile Kosovo er ei høgt prioritert og presserande oppgåve, og i denne samanhengen merkjer vi oss at Tryggingrådet har vedteke ei erklæring frå formannskapet til støtte for ei omlegging av FN-oppdraget i Kosovo (UNMIK). Vi oppmuntrar styresmak-tene i Kosovo og Serbia sterkt til å samarbeide fullt ut med alle relevante aktørar i og etter tids-rommet for overføring av makta. Vi forventar at alle partar i Kosovo som saka vedkjem, blir med og førebyggjer vald. Vi legg vekt på tett sam-ordning mellom alle relevante internasjonale aktørar og med styresmaktene i Kosovo. Vi ser positivt på den vedvarande innsatsen desse sty-resmaktene gjer, og ventar at dei fullt ut oppfyl-

ler krav dei har teke på seg, særleg dei som gjeld rettsstat og vern av etniske minoritetar og grupper, og likeins vern av historiske og religiøse plassar, og arbeider mot kriminalitet og korrupsjon. NATO står parat til å spele si rolle i gjennomføringa av framtidige tryggingsordningar, og arbeider i samanheng med sine nye oppgåver vidare for å utvikle Vernekorpset for Kosovo og opprette Tryggingsstyrken for Kosovo på grunnlag av våre frivillige fond.

7. Vi gjentek at alliansen er forplikta til å støtte regjeringa og folket i Irak og å hjelpe til i utviklinga av irakiske tryggingsstyrkar. Vi har svart positivt på ei oppmoding frå statsminister Al-Maliki om å vidareføre NATO-treningsoppdraget i Irak (NTM-I) og utvide oppdraget på fleire område, mellom anna leiarskapsopplæring for marine og luftforsvar, politioplæring, grensevern, forsvarsreform, institusjonsbygging i forsvaret og kontroll med handvåpen og lette våpen. NATO samarbeider òg med regjeringa i Irak om ei strukturert samarbeidsramme for å utvikle alliansens langsiktige tilhøve til Irak.
8. I Afghanistan og Kosovo har vi sett at tryggingsutfordringane i dag krev ei samla tilnærming frå verdssamfunnets side, med samordna sivile og militære tiltak. Effektiv gjennomføring av ei samla tilnærming krev at alle større aktørar samarbeider og bidreg med ei open og bestemt innstilling. Det er sentralt at alle internasjonale aktørar handlar i ein samordna innsats som tek omsyn til deira respektive mandat og sterke sider. I tråd med handlingsplanen som blei vedteken i Bucuresti, blir det arbeidd for å forbetre NATOs eige bidrag til ei slik samla tilnærming, mellom anna gjennom meir konsekvent bruk av NATO sine krisehandteringsverkemiddel og innsats for å kople dei militære kapasitetane til organisasjonen med sivile ressursar. Som ein del av handlingsplanen utviklar vi metodar til å forbetre planlegginga og gjennomføring av pågåande og framtidige operasjonar, der det fell seg slik, og å sikre eigna bruk av lærdom vi har hausta, mellom anna i opplæring, utdanning og øvingar. Vi er òg i gang med å styrkje vår evne til å arbeide effektivt saman med partnerland for å auke synergien på alle nivå. Vi har merkt oss ein framdriftsrapport og ser fram til vidare konkrete resultat innan neste toppmøte. Vi har delt hovudtyngda av arbeidet med større internasjonale aktørar for å dra nytte av deira synspunkt og innspel.
9. Meir enn ti års samarbeid mellom NATO og FN, særleg på Balkan og i Afghanistan, har vist

verdien av effektiv samordning mellom dei to organisasjonane. Vi er fast bestemte på å vidareutvikle samarbeidet vårt på ein strukturert måte for betre å kunne handtere truslane og utfordringane som verdssamfunnet blir bedt om å reagere på. Felleseerklæringa frå FN og NATO, som dei to generalsekretærarane undertekna i september 2008, er eit stort steg framover i denne retninga. Ho stadfester dessutan at vi, innanfor dei mandat og kapasitetar vi kvar på vår side rår over, er villige til å yte bistand til regionale og subregionale organisasjonar, etter oppmoding og slik det passar.

10. Som den raske utplasseringa av NATO-operasjonen Allied Provider viste, er vi sterkt opptekne av den aukande førekomsten av sjørøveri utanfor kysten av Afrikas horn, og vi er forplikta til å bistå i kampen mot dette vondet, med full respekt for relevante tryggingsrådsresolusjonar. Som svar på oppmodingar frå FNs generalsekretær er marinestyrkar frå NATO og allierte enkeltnasjonar i gang med å utføre eit avskrekkingesnærvar og eskorterer fartøy chartra av Verdas matvareprogram som fraktar humanitær bistand til Somalia. Marinestyrkar frå NATO har òg stått for eit maritimt tryggingsnærvar og eskortert fartøy chartra av Den afrikanske unionen som fraktar logistikkforsyningar til AMISOM, operasjonen Den afrikanske unionen driv i Somalia. Vi ser positivt på den føreståande EU-operasjonen ATALANTA. Etter kvart som fleire aktørar engasjerer seg i denne viktige innsatsen, er det avgjerande å sikre komplementaritet mellom dei. NATO står parat til å vurdere ytterlegare oppmodingar om bruk av alliansens marineressursar for å slå tilbake sjørøveriet i denne regionen.
11. I tillegg til bistand i arbeidet mot sjørøveri er NATO forplikta til å bistå Den afrikanske unionen (AU) også på andre måtar i dei fredsbevarande og stabilitetsfremjande operasjonane organisasjonen driv. Vi samordnar framleis lufttransportstøtte til AMISOM. Vi yter òg støtte til kapasitetsoppbygging innanfor dei langsiktige fredsbevaringsressursane til AU, særleg den afrikanske beredskapsstyrken, etter oppmoding frå AU. Vi er villige til å vurdere ytterlegare oppmodingar om å støtte AU, mellom anna innan regional maritim kapasitetsbygging.
12. Som det vart påpeikt i Bucuresti, dekkjer relasjonane mellom NATO og EU eit breitt spekter av saker av felles interesse i tilknytning til tryggleik, forsvar og krisehandtering, mellom anna kamp mot terrorisme, utvikling av heilskaplege og gjensidig forsterkande militære kapasitetar

og sivil kriseplanlegging. NATO og EU har òg felles verdiar og strategiske interesser, og vil halde fram med å arbeide side om side i sentrale krisehandteringsoperasjonar, og vil unngå unødige dobbeltarbeid i ei ånd av gjensidig openheit som respekterer autonomien til kvar organisasjon. Sidan Bucuresti er det teke fleire initiativ som ledd i den vidare innsatsen for å forbetre den strategiske partnerskapen mellom NATO og EU, slik det er avtalt mellom dei to organisasjonane. NATO erkjenner det viktige i eit sterkare og meir kompetent europeisk forsvar og ser positivt på det EU gjer for å skaffe seg større evne og kapasitet til å møte felles trygging utfordringar som både NATO og EU står overfor i dag. Denne utviklinga har omfattande implikasjonar og relevans for heile alliansen, og NATO står difor parat til å støtte og samarbeide med EU i slik gjensidig forsterkende innsats, samtidig som ein er klar over at enkelte allianseland stadig er betenkte. Allianseland utanfor EU har ytt og yter framleis viktige bidrag til denne innsatsen. I denne samanhengen meiner vi framleis det er viktig at alle som er med i denne innsatsen, gjer alt dei kan, og at også allianseland utanfor EU må få høve til å engasjere seg i størst mogeleg grad.

13. Informasjonsklimaet i dag understrekar behovet for passande, rettidig, nøyaktig og lydhør kommunikasjon med lokale og internasjonale publikum om NATOs politikk og engasjement i internasjonale operasjonar. Vi ser positivt på framgangen i arbeidet med å skaffe NATO auka strategisk kommunikasjonskapasitet, som både det hurtigarbeidande Medieoperasjons-senteret og fjernsynskanalen NATO har lansert på Internett, er døme på. Vi understrekar at vi er forplikta til å støtte ytterlegare forbetring av vår strategiske kommunikasjon innan toppmøtet vårt i 2009.
14. Vi fordømmer i dei sterkaste ordelag angrepa i Mumbai sist veke og uttrykkjer vår djupaste medkjensle med offera og deira pårørande.
15. Vi uttrykkjer på ny vår fordømming av alle terrorhandlingar, utan omsyn til motiv og form. Vi er fast bestemte på å kjempe mot terrorismen enkeltvis og samla så lenge det er nødvendig, i samsvar med folkeretten og prinsippa i FN-pakta. Alliansen utgjør framleis ein sentral transatlantisk dimensjon i reaksjonen på terrorisme, og vi er framleis forplikta til full gjennomføring av tryggingsrådsresolusjonane i tilknytning til terrorisme. Vi fordømmer eintydig alle terrorhandlingar som uakseptable og kriminelle og beklagar taktikkar som sjølvmoeds bombing og gisseltaking, og likeins rekruttering av unge og svakarestilte til slike formål. Vi fordømmer òg terroristar som misbruker fri-dommar som er sjølvavgitte i demokratiske samfunn, til å spreie hat og hisse til vald. Fast bestemte på å verne våre befolkningar, territorium, infrastruktur og styrkar mot terroriståtak vil allianselanda halde fram med å utvikle sine nasjonale evner på dette viktige feltet, og å styrkje alliansen i evna til å dele informasjon og etterretning om terrorisme. Operasjon Active Endeavour, den maritime operasjonen vår i Middelhavet, yter framleis eit verdifullt bidrag til kampen mot terrorisme. Vi er framleis forplikta til å ytterlegare å forbetre dialogen og samarbeidet med partnerane våre på dette viktige området, mellom anna innanfor ramma av Partnerskapshandlingsplan mot terrorisme.
16. Vi ser fram til å helse Albania og Kroatia velkomne som nye medlemmer i alliansen, noko som vil styrkje tryggleiken for alle i det euroatlantiske området. Albania og Kroatia har alt gjennomført viktige reformer og yter betydelege bidrag til tryggleiken vår. Når dei snart blir med oss i den kontinuerlege omdannings- og reformprosessen i alliansen, oppmuntrar vi Albania og Kroatia til å gjere vidare reformframgang, både før dei fullfører det pågåande arbeidet med handlingsplanen for medlemskap (MAP), og etter tiltredinga, for å auke bidraget deira til alliansen. Vi rosar undertekninga av tiltredingsprotokollane i juli 2008 og ser fram til fullføringa av ratifikasjonsprosessen. Målet vårt er å ta opp dei to nye medlemmene i alliansen på det neste toppmøtet vårt.
17. Vi stiller oss bak semja mellom stats- og regjeringssjefane på toppmøtet i Bucuresti om å sende ein invitasjon til Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia så snart ei gjensidig akseptabel løysing på namnespørsmålet er oppnådd innanfor FN-rammene, og tek til orde for intensivert innsats mot det målet. På same tid vil vi halde fram med å støtte og bistå reforminnsatsen til regjeringa i Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia.
18. Vi stadfester alle element i vedtaka om Ukraina og Georgia som stats- og regjeringssjefane våre gjorde i Bucuresti. Begge landa har gjort framgang, men begge har òg mykje att å gjere. Difor har vi vedteke å gi ytterlegare bistand til begge landa i gjennomføringa av tiltrengde reformer etter kvart som dei går vidare på vegen mot NATO-medlemskap.
19. Gjennom ein resultatbasert prosess vil NATO yte maksimal rådgiving, bistand og støtte til

reforminnsatsen deira innanfor rammene av NATO–Ukraina-kommisjonen og NATO–Georgia-kommisjonen, som har ei sentral rolle å spele ved å overvake prosessen som blei sett i gang på Bucuresti-toppmøtet. I denne sammenhengen har vi bestemt oss for å endre NATO–Ukraina-charteret om ein distinkt partnerskap saman med dei ukrainske partnerane våre for å reflektere denne sentrale rolla til NATO–Ukraina-kommisjonen, slik tilfellet allereie er i NATO–Georgia-kommisjonen. Vi har òg bestemt oss for å forsterke informasjons- og liaisonkontora til NATO i Kiev og Tbilisi. Endelig har vi, utan å forskottere framtidige vedtak som må takast når det gjeld MAP, avtalt at det under NATO–Georgia-kommisjonen og NATO–Ukraina-kommisjonen skal utarbeidast nasjonale årsprogram for å hjelpe Georgia og Ukraina å fremje reformene sine, program som skal reviderast årleg av allianselanda.

20. Vi ser positivt på framgangen Bosnia-Hercegovina og Montenegro har gjort i samarbeidet med alliansen og utviklinga av ambisiøse individuelle partnerskapshandlingsplanar med begge landa. Vi ventar at begge landa vil halde oppe framdrifta i gjennomføringa av desse handlingsplanane, og merkjer oss i positiv lei at dei aktar å auke integreringa gjennom regionale samarbeidsinitiativ. Vi ser positivt på starten av ein intensivert dialog med begge landa om heile spekteret av politiske, militære, finansielle og tryggingssrelatererte spørsmål i samband med medlemskapsambisjonane deira, utan å forskottere eit seinare alliansevedtak. Utan å forskottere vår framtidige avgjerd om oppmodinga frå Montenegro om å få delta i MAP, ser vi positivt på at Montenegro viser interesse for å nærme seg euroatlantisk integrasjon.
21. Trass i framgang på nokre område er vi uroa over forverringa i det politiske klimaet i Bosnia-Hercegovina dei siste månadene, som set landets konstitusjonelle struktur og euroatlantiske integrasjonsutsikter på spel. Vi oppmuntrar alle politiske leiarar i landet til å ta ei meir ansvarleg haldning og oppmodar om tidleg gjennomføring av nyleg inngåtte avtalar, mellom anna om forsvarseigedom. Vi er djupt uroa over uansvarleg politisk retorikk og tilsvarende handlingar som svekkjer den bosniske staten og stiller spørsmålsteikn ved eksistensen til einingane der, mellom anna om deling av staten Bosnia-Hercegovina, alt ting som kan ha djuptgripande implikasjonar. Den politiske avtalen av 8. november mellom nokre bosniske leiarar er eit kjærkomme teikn på dialog. Vi oppmodar

sterkt alle politiske leiarar i Bosnia-Hercegovina til å gjennomføre konkrete endringar i tråd med fredsgjennomføringsrådets krav om stenging av kontoret til den høge representanten. NATO er framleis på vakt og vil følgje nøye med på den politiske utviklinga. Vi ser det som viktig at det internasjonale nærværet i Bosnia-Hercegovina tek omsyn til den politiske og tryggingssmessige situasjonen. NATO er framleis forplikta til å halde fram med å støtte operasjonen EUFOR-ALTHEA gjennom Berlin-plussordningane. Såleis legg vi den største vekt på effektivt samarbeid og konsultasjonar mellom EU og NATO og allianseland utanfor EU.

22. I lys av at den nye serbiske regjeringa har sagt seg forplikta til euroatlantisk verdisyn og partnerskap, går NATO framleis inn for at Serbia skal bli integrert i den euroatlantiske nasjonsfelleskapen. Vi ser positivt på Serbias ønske om å forfølge ytterlegare praktisk samarbeid med NATO, mellom anna gjennom full bruk av Partnerskap for fred (PFP). Avtalen som nyleg vart undertekna med NATO om informasjonstryggleik, representerer eit viktig steg i så måte. Vi står parat til å vidareutvikle partnerskapen vår, særleg gjennom utarbeiding av ein individuell partnerskapshandlingsplan i samsvar med PFP-prinsippa om inkludering og sjølvdifferensiering. Alle vegar til politisk konsultasjon og praktisk samarbeid som NATO-partnerskap inneber, ligg opne for Serbia. Vi ber Serbia påverke dei aktuelle partane i Kosovo til å avstå frå vald.
23. Vi takkar Serbia for pågripinga og utleveringa av den krigsbrotsverktaltale Radovan Karadzic nyleg, og ber Serbia innstendig om å halde fram med innsatsen, særleg for å pågripe og utvise Ratko Mladic og andre som er på flukt. Vi forventar framleis at Serbia og Bosnia-Hercegovina samarbeider fullt ut med Den internasjonale straffedomstolen for det tidlegare Jugoslavia, og vil følgje nøye med på det dei føreteik seg i så måte.
24. Samtidig som vi framleis trur at det er viktig for den euroatlantiske tryggleiken å ha relasjonar mellom NATO og Russland som er baserte på konstruktiv dialog – også i spørsmål som splittar alliansen og Russland – og på samarbeid, har russiske handlingar og utsegner i det siste alvorleg svekt tilliten vår til at Moskva framleis kjenner seg forplikta av dei grunnleggjande verdiane og prinsippa i tilhøvet mellom NATO og Russland. Etter dei uforholdsmessige militære handlingane frå russisk side under konflikten med Georgia i august avgjorde vi at

det ikkje kunne bli snakk om å halde fram som før i relasjonane med Russland. Den påfølgjande russiske godtakinga av regionane Sør-Ossetia og Abkhasia i Georgia, som vi fordømmer og ber Russland gjere om, er i strid med OSSE-prinsippa som tryggleiken i Europa kviler på, og med tryggingsrådsresolusjonane om Georgias territoriale integritet som Russland har slutta seg til. Vi stadfester vår oppslutnad om desse verdiane og prinsippa og ber Russland vise at dei òg forpliktar seg til dei. Vi ber Russland avstå frå konfronterande utsegner, også påstandar om ein påverknadssfære, og frå truslar mot tryggleiken til allianseland og partnarar, mellom anna trusselen om utplassering av kortdistanseraketar i regionen Kaliningrad. Vi oppmodar òg Russland om fullt ut å gjennomføre tilsegnene som blei avtala med Georgia etter mekling ved EU 12. august og 8. september 2008. I samanheng med Georgia ser vi på Russlands tilbaketrekking frå områda det har forplikta seg til å forlate, som eit sentralt steg, og ser positivt på det som hittil er gjort for å gjennomføre desse tilsegnene, samtidig som det blir understreka som viktig at internasjonale kontrollørar får fullt tilgjenge og at Russland blir mint om sitt ansvar for tryggleik og orden. Vi uttrykkjer vår støtte til dei konstruktive meningsutvekslingane mellom alle involverte parter i dei internasjonale diskusjonane i Genève med sikte på å komme raskt vidare i uavklara spørsmål knytte til tryggleik og humanitære saker. Vi ber Russland og alle andre relevante aktørar om å halde fram med å engasjere seg konstruktivt for å løyse desse uteståande spørsmåla når Genève-samtalane held fram.

25. Partnarskapen NATO–Russland var tenkt som eit strategisk element til å fremje tryggleiken i det euroatlantiske området. Dialog og samarbeid er framleis viktig for vår samla evne til å møte felles tryggingsrelaterte truslar og utfordringar på ein effektiv måte. Vi har ikkje hatt vanleg verksemd i NATO–Russland-rådet (NRC) sidan august. I ein partnarskap basert på felles verdiane fører mangel på felles oppslutnad om desse verdiane naturleg nok til at både tilhøvet og rommet for samarbeidsaktivitetar blir skadelidande. Såleis har vi i dag lite høve til praktisk samarbeid. På bakgrunn av dette har vi avtalt ei moderat og fasedelt tilnærming: Vi har gitt generalsekretæren mandat til å ta opp att kontakten med Russland på politisk nivå, blitt samde om uformelle diskusjonar i NRC og bede generalsekretæren melde tilbake til oss før eit eventuelt vedtak om å engasjere Russland formelt i NRC.
26. NATO-politikken med samfunnsinnsats gjennom partnarskapar, dialog og samarbeid er ein sentral del av formålet og oppgåvene til alliansen. Partnarskapane våre rundt om i verda er av varig verdi og medverkar til stabilitet og tryggleik både i og utanfor det euroatlantiske området. Vi set stor pris på bidraga partnarane våre yter til NATOs oppdrag og operasjonar.
27. Vi engasjerer oss framleis for substansielle politiske diskusjonar og effektivt samarbeid i Euroatlantisk partnarskapsråd (EAPC) og Partnarskap for fred, basert på felles verdier og prinsipp. NATO forventar at alle partnarar oppfyller sine forpliktingar til desse verdiane og prinsippa. Vi oppmuntrar og vil fortsetje å støtte ytterlegare reformer i forsvar og på andre område, mellom anna i dei strategisk viktige regionane Kaukasus og Sentral-Asia. Vi ser fram til tryggingsforumet i EAPC som skal heldast i Kasakhstan i juni 2009.
28. I går hadde vi møte med dei sju Middelhavs-partnarane våre for å gå gjennom den betydelege framgangen i Middelhavsdialogen sidan siste møtet vårt i 2007 og diskutere andre spørsmål av felles interesse. Vi ser fram til å byggje vidare på denne framgangen og utdjupe forholdet vårt ytterlegare gjennom politisk dialog og praktisk samarbeid, mellom anna i samanheng med NATO-initiativet til opplæringssamarbeid og gjennom bruk av fondsmekanismar, som til dømes med Jordan. Vi ser på fred og stabilitet i Middelhavsregionen som vesentleg for vår eigen tryggleik. Vi ser positivt på tilbodet frå den spanske regjeringa om å vere vertskap for neste minister møte i Middelhavsdialogen våren 2009.
29. Vi er nøgde med responsen frå dei fire golfstatane som deltek i samarbeidsinitiativet frå Istanbul (ICI), mellom anna på NATO-initiativet til opplæringssamarbeid, og er bestemte på ytterlegare å intensivere samarbeidet vårt på dette og andre område. Den noverande utplasseringa av NATOs ståande maritime gruppe 2 i Golfregionen og øvingane denne driv saman med ICI-partnarar, viser vår gjensidige interesse av å utvikle evna vår til å operere saman.
30. Vi er òg nøgde med den aukande interessa i mange land utanfor det euroatlantiske området for å utvikle tettare relasjonar med NATO. Mange av desse landa støttar operasjonane våre, er involverte i praktisk samarbeid med alliansen på nøkkelområde som utdanning og opplæring og engasjerer seg i regulære konsul-

tasjonar med NATO i spørsmål som kamp mot terrorisme og spreining av masseødeleggingsvåpen. Vi er interesserte i at NATO skal engasjere seg saman med partnarar verda over og vidareutvikle den politiske dialogen og det praktiske samarbeidet vi har med desse landa på område av felles interesse.

31. Omdanninga av NATO er ein kontinuerleg prosess som krev konstant politisk merksemd og aktivt engasjement frå allianselanda. Vi må sikre at det kan stillast styrkar som gjer at alliansen kan utføre heile sitt spekter av oppdrag, også fellesforsvar og krisereaksjonsoperasjonar, slik det strategiske konseptet og den samla politiske rettleiinga ser føre seg. Som allianse er vi forplikta til å utvikle politikk og kapasitetar til å handtere framveksande utfordringar og truslar, idet det blir teke omsyn til regionale og nasjonale forhold, og å ta hand om dei omgåande tryggingbehova til alle allianseland. Til dette ser vi positivt på vedtaket som blei gjort om å auke dei politiske måla for utplasseringsevne hos bakkestyrkar. I tillegg vil alliansen vidareføre innsatsen for å kunne utplassere NATO-reaksjonsstyrken ved å stille dei nødvendige styrkane til disposisjon. Gjennom ein forsvarsplanleggingsprosess i stadig utvikling vil NATO vidareutvikle evnene som er nødvendige for å utføre heile vårt spekter av operasjonar og å rette på konkrete manglar. Særleg vil vi arbeide med å forbetre strategisk lufttransport, auke tilgangen på oppdragsdyktige helikopter og ytterlegare styrkje dataforsvaret. Vi er framleis forplikta til å utvikle ein samla politikk for å hindre spreining av masseødeleggingsvåpen og å betre det kjemiske, biologiske, radiologiske og kjernefysiske forsvaret i alliansen.

32. Spreiing av ballistiske missil utgjer ein aukande trussel mot alliansens styrkar, territorium og folk. Missilforsvar er ein del av eit vidare svar for å motverke denne trusselen. Vi erkjenner difor det vesentlege bidraget til vern av alliansen mot langtrevende missil som den planlagde utplasseringa av amerikanske missilforsvarskapasitetar med base i Europa vil utgjere. Som det blei gitt pålegg om på toppmøtet i Bucuresti, ser vi nærmare på korleis denne kapasiteten kan knytast til pågåande missilforsvarsinnsats i NATO for å sikre at han vil bli ein integrert del av ein eventuell framtidig NATO-omspennande missilforsvarsarkitektur. Sett på bakgrunn av prinsippet om udeleleg allianse-tryggleik og NATO-solidaritet merkte allianselanda seg framgangen i utarbeidinga av alternativ for ein samla missilforsvarsarkitektur for å

utvide dekninga til alle europeiske allianselands territorium og folk som elles ikkje er dekte av USA-systemet; desse alternativa skal vurderast på toppmøtet i 2009 og skal tene som grunnlag for eit eventuelt framtidig politisk vedtak. Sidan alle alternativa inneheld den planlagde utplasseringa av amerikanske missilforsvarskapasitetar med base i Europa, merkjer vi oss som ei relevant utvikling at Den tsjekkiske republikken og Polen har underteikna avtalar med USA om desse ressursane. Som forsvarsministrane gjorde på ministermøtet i Budapest i oktober 2008, merkte også vi oss i dag planen om å fullføre analysen av alternativ for ein samla missilforsvarsarkitektur innan forsvarsministermøtet i Krakow i februar 2009. Ein rapport om desse alternativa vil bli lagd fram for stats- og regjeringssjefane til vurdering på deira neste toppmøte. Vi støttar framleis arbeidet som er i gang for å styrkje missilforsvarssamarbeidet mellom Russland og NATO, og er framleis forplikta til maksimalt innsyn og gjensidige tillitsskapande tiltak for å dempe eventuelle bekymringar, slik det blei sagt på toppmøtet i Bucuresti. Vi oppmuntrar også Russland til å dra fordel av forslag frå USA om missilforsvarssamarbeid, og vi er parat til å sonde potensialet for å knyte missilforsvarssystem i USA, NATO og Russland saman når tida skulle vere inne.

33. Vi stadfester at rustingskontroll, nedrusting og ikkjespreiing kjem til å vere eit viktig bidrag til fred, tryggleik og stabilitet også heretter, som ein del av eit vidare svar på tryggleiksspørsmål. Vi har merkt oss gjennomføringsrapporten om ein høgare NATO-profil på dette området. Rapporten viser eit breitt spekter av tiltak som blir gjennomførte, mellom anna vidare innsats for å hindre spreining av masseødeleggingsvåpen, og destruksjon av overskotslager av lette våpen, handvåpen og ammunisjon. Vi har til siktemål å auke kunnskapen blant publikum om kva NATO gjer på området rustingskontroll, nedrusting og ikkjespreiing. Det faste rådet vil halde desse spørsmåla under aktivt oppsyn.

34. Vi legg den største vekt på CFE-avtalen med alle sine element. Vi strekar under den strategisk viktige rolla CFE-avtalen, med flankeregimet, har som hjørnestein i den euroatlantiske tryggleiken. Vi gjentek stats- og regjeringssjefane sin tilslutnad på Bucuresti-toppmøtet til erklæringa frå Nordatlantisk råd av 28. mars 2008. Vi stadfester at alliansen er forplikta til CFE-regimet slik det er uttrykt i alliansens posisjon som går fram av avsnitt 42 i erklæringa frå Riga-toppmøtet i 2006, slutterklæringa frå allian-

selanda under den ekstraordinære CFE-konferansen i Wien og allianseerklæringer som svar på seinare utviklingstrekk. Vi er djupt uroa over at Russland i nesten eit heilt år, sidan 12. desember 2007, einseitig har "suspendert" sine juridiske plikter etter CFE-avtalen. Vidare har måten Russland har gått fram på i Georgia, stilt spørsmålsteikn ved kor vidt landet kjenner seg forplikta av dei grunnleggjande OSSE-prinsippa som stabiliteten og tryggleiken i Europa kviler på, prinsipp som underbyggjer CFE-avtalen. Desse handlingane strir mot vår felles målsetjing om å sikre at CFE-regimet er livskraftig på lang sikt, og vi oppmodar Russland til å begynne å etterleve avtalen igjen utan opphald. Fordi vi er forplikta til tryggleik gjennom samarbeid og oppfylling av internasjonale avtalar, og fordi vi ser på tilliten som følgjer med militær openheit og føreseielegheit som svært viktig, har vi halde fram med å etterleve avtalen trass i den russiske "suspensjonen". Den noverande situasjonen, der NATO-allierte CFE-land gjennomfører avtalen, mens Russland ikkje gjer det, kan ikkje vare ved i lengda. For over eit år sidan tilbød vi eit sett konstruktive og framtidsretta forslag til parallelle tiltak i nøkkelsaker; for NATO-allierte mellom anna tiltak med tanke på ratifikasjon av den tilpassa CFE-avtalen, for Russland tiltak i samband med uinnfridde tilsegner om Georgia og Republikken Moldova. Vi meiner framleis at desse forslaga dekkjer alle bekymringar Russland har gitt uttrykk for. Vi oppmodar Russland innstendig til å samarbeide med oss og andre vedkommande CFE-partar om å nå fram til semje på basis av parallelltiltakspakken, slik at vi saman kan ta vare på goda ved dette skjelsetjande regimet.

35. Vi er framleis bekymra over at dei regionale konfliktane varer ved i Sør-Kaukasus og Republikken Moldova. Vi støttar framleis den territoriale integriteten, sjølvstendet og suvereniteten til Armenia, Aserbajdsjan, Georgia og Republikken Moldova. Fredeleg konfliktløsning på grunnlag av desse prinsippa er blitt meir relevant for den samla tryggleiken i regionen. Vi vil halde fram med å støtte innsats til dette formålet og står parat til å innleie samråd med desse landa i saker av regional interesse. Vi vil òg støtte desse landa i innsatsen deira for å dra full nytte av mekanismene for konfliktførebygging og fredeleg konfliktløsning.
36. Vi rosar initiativa som skal styrkje samarbeidet, tryggleiken og stabiliteten i Svartehavsregionen,

og vil framleis støtte den regionale innsatsen med sikte på dette.

37. I tråd med rapporten frå Bucuresti-toppmøtet om NATOs rolle innan energitrygging har alliansen halde fram med å rådføre seg om dei mest nærliggjande risikoane på energitryggingsområdet, som ein del av vår uro over risikoen for brot i tilførsel av livsviktige ressursar. I Bucuresti identifiserte allianselanda prinsipp som styrer korleis NATO stiller seg til energitryggleik, og skisserte alternativ og tilrådingar for vidare aktivitetar. Alliansen har såleis starta ein prosess for implementering av aktivitetar på fem område som er utpeika i rapporten, mellom anna gjennom dialog og praktisk samarbeid frå sak til sak med partnarar, relevante internasjonale organisasjonar og privat sektor, med sikte på å fremje energitryggleik på område der NATO kan tilføre verdi. Vi merkjer oss framgangen som er oppnådd, og ser fram til å få ein konsolidert rapport om emnet energitryggleik til vurdering på toppmøtet i 2009.
38. Vi er bestemte på å skape ny framdrift i reformene ved NATO-hovudkvarteret. Målet vårt er å gjere arbeidet ved hovudkvarteret meir effektivt, lydhøyr, transparent og ressurseffektivt for å støtte opp under dei konsensusbaserte vedtaksprosessane våre. Vi ser positivt på arbeidet som blei sett i gang av generalsekretæren som svar på oppmodinga frå stats- og regjeringssjefane våre i Bucuresti, og merkjer oss den substansielle diskusjonen i påfølgjande forsvarsministtermøte i London og Budapest. Vi ser fram til at generalsekretæren skal rapportere til neste forsvarsministtermøte, og til vårt eige neste møte, om framgangen i dette arbeidet og med andre framlegg for å styrkje alliansen i evna til å utføre heile sitt spekter av operasjonar og oppdrag og å møte trygging utfordringane i dag.
39. På møtet vårt i dag har vi teke for oss framgangen i gjennomføringa av vedtaka frå Bucuresti-toppmøtet, diskutert nøkkelutfordringane alliansen står overfor, og avtalt tiltak for å styrkje allianseoperasjonane. Vi har lagt til rette for eit vellykka toppmøte i samband med 60-årsjubileet neste år der stats- og regjeringssjefane våre vil vedta ei erklæring om alliansetryggleik som skal uttrykkje korleis alliansen ser føre seg si rolle når det gjeld å møte dei framveksande utfordringane i det 21. hundreåret og halde ved lag evna til å utføre heile sitt spekter av oppdrag, kollektivt forsvare tryggleiken vår heime og medverke til stabilitet ute.

Vedlegg 9**Fråsegn frå leiaren, Brussel 3. desember 2008**

Møte i NATO–Georgia-kommisjonen på utanriksministernivå i NATO-hovudkvarteret

NATO–Georgia-kommisjonen (NGC) på utanriksministernivå møttest for første gong i Brussel i dag for å diskutere tryggingssituasjonen i den euroatlantiske regionen, den pågåande reformprosessen i Georgia og NATO-bistanden til desse reformene, og den vidare utviklinga i NATO–Georgia-partnerskapen.

NGC-ministrane stadfeste det viktige i tilhøvet mellom NATO og Georgia og sin forpliktande vilje til å skape meir substans i dette tilhøvet. Dei sa seg glade for den raske utviklinga av NATO–Georgia-kommisjonen. Dei tok for seg framgangen i tilhøvet mellom NATO og Georgia sidan Bucuresti-toppmøtet i april 2008 og gledde seg over det stadig djupare politiske og praktiske samarbeidet mellom NATO og Georgia. Dei merkte seg tilfreds den velukka gjestinga av Nordatlantisk råd i Georgia i september 2008, det første forsvarsministermøtet i NGC-format i oktober 2008 og den konkrete bistanden NATO har ytt på ei rekkje område etter konflikten i august.

NATO-ministrane minte om fråsegna dei gav 19. august 2008, der dei stadfeste tilsegnene frå Bucuresti, og uttrykte djup uro over den militære konflikten i Georgia og måten Russland hadde opptredd på under krisa. Dei minte òg om fråsegna frå Nordatlantisk råd i fast sesjon 27. august 2008, der rådet fordømde Russland for å ha anerkjent dei georgiske regionane Sør-Ossetia og Abkhasia. NATO-ministrane stadfeste at dei NATO-allierte støttar Georgias fulle sjølvstende, suverenitet og territoriale integritet, slik det er anerkjent av folkeretten og resolusjonar frå Tryggingsrådet. NATO-ministrane tok til orde for omgåande og fullstendig gjennomføring av sekspunktsplanen frå 12. august 2008 og avtalen frå 8. september 2008 mellom presidentane Saakasjvili og Medvedev. Dei allierte ministrane uttrykt si sterke støtte til den internasjonale forhandlingsprosessen i Genève og bad alle sider innstendig om å engasjere seg konstruktivt i desse samtalanene med sikte på å få i stand fredelege og trygge tilstandar i regionen.

NATO-ministrane orienterte sine georgiske kollegaer om vedtaka om Georgia og Ukraina som blei gjorde på møtet i Nordatlantisk råd 2.–3.

desember 2008. På det møtet stadfeste NATO-ministrane alle elementa i vedtaka om Ukraina og Georgia som stats- og regjeringssjefane i NATO gjorde i Bucuresti. Dei merkte seg at Georgia har gjort framgang, men òg har mykje ugjort. Difor vedtok dei å støtte Georgia vidare med reformer som landet må gjennomføre på vegen mot NATO-medlemskap. Gjennom ein resultatbasert prosess var NATO-ministrane også samde om å gjere maksimalt ut av NATOs rådgiving, bistand og støtte til Georgias reforminnsats innanfor ramma av NATO–Georgia-kommisjonen, som har ei sentral rolle i tilsynet med prosessen som blei sett i gang på toppmøtet i Bucuresti. NATO-ministrane vedtok òg å forsterke NATO-liaisonkontoret i Tbilisi. Endeleg avtala dei, utan å forskottere andre vedtak som må gjerast om MAP, at det under NATO–Georgia-kommisjonen skal utviklast eit nasjonalt årsprogram som skal fremje reformarbeidet i Georgia og skal reviderast av dei NATO-allierte kvart år.

NATO-ministrane sa seg framleis fast bestemte på å hjelpe Georgia med den demokratiske utviklinga og reformprogrammet i regi av NGC. Dei rosa Georgia for den vedvarande innsatsen for å styrkje vala, den politiske pluralismen og profesjonaliteten og sjølvstendet i det juridiske apparatet. Dei merkte seg den nyleg avslutta evalueringa av den individuelle handlingsplanen for partnerskap (IPAP) og oppmuntra Georgia til å halde fram med meir djuptgåande reformer, særleg på område som valreform, innsyn og ansvarleggjering i statsstyringa, mediefridom og fungerande rettsstatsordningar. Dei allierte ministrane slo fast at alliansen kjem til å følgje nøye med på at Georgia held fram med å gjennomføre reforminitiativ, og understreka sin forpliktande vilje til å assistere Georgia i desse reformene.

NATO-ministrane oppmuntra Georgia til å halde fram med reformer på forsvars- og tryggingssområdet, etter først å ha sett på kva lærdommar som kan trekkjast av konflikten nyleg, og deretter innarbeide desse lærdommane i den planlagde breie gjennomgangen av tryggingsspolitiske dokument. Dei oppmuntra Georgia til vidare inn-

sats for å betre personalforvaltninga i militæret, transparensten i forsvarsbudsjettet og interoperabiliteten mellom georgiske og NATO-allierte styrkar. Dei allierte ministrane gav uttrykk for at dei verdsette det georgiske bidraget til NATO-leidde operasjonar. Som på andre område uttrykte ministrane sin forpliktande vilje til å hjelpe Georgia med dei forsvarsreformene det må gjennomføre for å nå NATO-standard.

Utanriksminister Tkesjelasjvili gav uttrykk for at Georgia var takksam for støtta og bistanden frå NATO i kjølvatnet av konflikten med Russland i august, og understreka Georgias forpliktande vilje til å halde fram med reformer og å gå vidare på vegen mot medlemskap i NATO. Ministeren understreka at den georgiske regjeringa er forplikta til fredeleg konfliktløysing, konstruktiv deltaking i den internasjonale forhandlingsprosessen i Genève og full gjennomføring av sekspunktsavtalen frå 12. august 2008 og avtalen frå 8. september 2008. På vegner av Georgia hevda ministeren at Russland bryt både 12. august- og 8. septemberavtalane, og bad NATO-landa om hjelp til å sikre

full gjennomføring av desse avtalane, mellom anna i form av full tilgang for internasjonale kontrollørar til regionane Sør-Ossetia og Abkhasia i Georgia. Ministeren gjentok òg at Georgia akta å delta fullt og gjennomsiktig i den EU-leidde granskinga av augustkonflikten. Endeleg skisserte utanriksminister Tkesjelasjvili fornya innsats frå den georgiske regjeringa si side for å gjennomføre demokratiske reformer med sikte på å føre Georgia nærare den euroatlantiske integrasjonen landet har til mål.

Avslutningsvis streka ministrane i NATO–Georgia-kommisjonen under at jamleg dialog var viktig for å forsterke det praktiske samarbeidet, og forplikta seg til å gjere full bruk av dei eksisterande verkøya og mekanismane for samarbeidet NATO–Georgia, mellom anna utarbeidinga av eit nasjonalt årsprogram. NGC-ministrane var samde om at tilhøvet mellom NATO og Georgia er til fordel for tryggleiken og stabiliteten i det euroatlantiske området, og at dialogen burde halde fram på alle nivå.

Vedlegg 10**Fråsegn frå leiaren, Brussel 3. desember 2008**

Møte i NATO–Ukraina-kommisjonen på utanriksministernivå i NATO-hovudkvarteret

Utanriksministrane i NATO–Ukraina-kommisjonen møttest i Brussel i dag for å diskutere samkvemmet mellom NATO og Ukraina og eit intensivt engasjement i samband med vedtaka frå Bucuresti-toppmøtet om dei euroatlantiske ambisjonane til Ukraina.

Dei har stadfest kor viktig tilhøvet mellom NATO og Ukraina er, og teke føre seg utviklinga i samkvemmet dei imellom sidan Bucuresti-toppmøtet. Dei merkte seg med glede at den politiske dialogen mellom NATO og Ukraina er ytterlegare utdjupa, og eit aukande tal kontaktar på høgt nivå har funne stad i perioden med intensiv samhandling, mellom anna den vellukka gjestinga Nordatlantisk råd var på i Ukraina i juni 2008, og høgnivå-konsultasjonane i Tallinn mellom forsvarsministrane i NATO og Ukraina i november 2008. Dei gjentok at det velstrukturerte tilhøvet som har vore mellom NATO og Ukraina dei siste 11 åra i den distinkte partnerskapen, og som begge sider har fordel av, har medverka og kjem til å medverke til tryggleiken regionalt og i euroatlantisk samanheng.

Utanriksministrane orienterte sin ukrainske kollega om vedtaka om Ukraina og Georgia som vart gjorde under møtet i Nordatlantisk råd 2. og 3. desember 2008. På det møtet stadfeste dei alle elementa i vedtaka om Ukraina og Georgia som stats- og regjeringssjefane gjorde i Bucuresti. Dei merkte seg at Ukraina har hatt framgang, men har mykje att å gjere. Difor har dei vedteke å yte vidare hjelp til Ukraina i gjennomføringa av reformer som Ukraina må gjere på vegen mot NATO-medlemskap.

Gjennom ein resultatbasert prosess er utanriksministrane i NATO dessutan blitt samde om å maksimere NATOs rådgiving, bistand og støtte til reforminnsatsen i Ukraina innanfor NATO–Ukraina-kommisjonen, som har ei sentral rolle i tilsynet med prosessen som blei sett i gang på toppmøtet i Bucuresti. I denne samanhengen har NATO-utanriksministrane saman med dei ukrainske partnarane sine vedteke å endre charteret om ein distinkt partnerskap mellom NATO og Ukraina, slik at det kan spegle denne sentrale rolla

til NUC. Dei har òg bestemt seg for å forsterke NATO-senteret for informasjon og dokumentasjon og liaisonkontoret for NATO i Kiev. Endeleg har dei, utan å forskottere ytterlegare vedtak som må gjerast om MAP, avtalt at det under NATO–Ukraina-kommisjonen skal utarbeidast eit årleg nasjonalt program som skal hjelpe Ukraina å fremje sine reformer, og som skal gjennomgåast av allianselanda kvart år.

Dei allierte utanriksministrane sa seg på ny overtydde om at suverenitet, sjølvstende og territorial integritet for Ukraina er nøkkelfaktorar for å sikre stabiliteten i Europa.

Idet dei gjekk gjennom utfordringane ein står overfor, og med glede merkte seg framgangen som er oppnådd i gjennomføringa av NATO–Ukrainahandlingsplanen og den intensiverte dialogen, la NATO-utanriksministrane vekt på at Ukraina må halde fram med å gjennomføre demokratiske, politiske og økonomiske reformer og reformer i forsvars- og tryggingssektoren. Særleg oppmoda dei innstendig om at Ukraina måtte halde fram med å konsolidere dei demokratiske institusjonane sine, og understreka det viktige i eit sjølvstendig rettsvesen. Dei understreka at ytterlegare betring av den politiske dialogen og det praktiske samarbeidet mellom Ukraina og alliansen vil vere til hjelp for landet i å fremje demokratiomlegging, reformmålsetjingane og oppfyllinga av internasjonale plikter. Dei allierte oppmoda dei politiske leiarane i Ukraina om å ordne opp seg imellom på ein måte som sikrar stabiliteten innanlands.

Utanriksminister Ohryzko merkte seg vedtaka til NATO-utanriksministrane og såg fram til at dei skulle bli iverksette. Han minte om vedtaka i NUC under toppmøtet i Bucuresti og understreka at den politiske dialogen og det praktiske samarbeidet mellom Ukraina og NATO både er blitt vesentleg breiare og djupare i 2008. Samarbeidet mellom NATO og Ukraina utvikla seg aktivt og dynamisk og dekte større område av felles interesse, og auka i intensitet og omfang. Dei uløyste spørsmåla i samband med Ukrainas MAP-søknad blei tilfredsstillande behandla.

Den ukrainske utanriksministeren stadfeste på ny at Ukrainas strategiske kurs er euroatlantisk integrasjon, med sikte på å oppnå full medlemskap i alliansen. Han stadfeste at Ukraina er fast bestemt på å fullføre relevante reformer og å intensivere samarbeid som er til nytte for begge parter for å sikre regional fred og stabilitet, mellom anna gjennom støtte til NATO-leidde oppdrag og operasjoner. Minister Ohryzko streka vidare under framgangen i reformarbeidet i forsvars- og tryggingsektoren, den ukrainske gjennomføringa av årsmålplanen for 2008 og utarbeidinga av utkast til ny slik plan for 2009, den vellukka vidare gjennomføringa av NATO-støtta omskoleringsprogram for dimittert militært personell og programmet for fagleg utvikling hos sivilt personell tilsett i tryggingsinstitusjonar, og vesentleg auka offentleg informasjonsinnsats i Ukraina, som har ført til positive trendar i folkemeininga.

NATO-utanriksministrane understreka at Ukraina må følgje opp reformplanar med tilstrekkelege ressursar, forbetre systemet for samordning og samarbeid med NATO og auke kjennskapen til NATO-spørsmål blant publikum.

Allianselanda takka for den aktive ukrainske støtta til fire NATO-leidde operasjonar og oppdrag: i Kosovo, i Middelhavet i operasjon Active Endeavour,

i Afghanistan og i NATO-opplæringsoppdraget i Irak (NTM-I). Gjennom slike bidrag demonstrerer Ukraina forpliktande vilje til å ta sin del av dei felles tryggingsoppgåvene. Dei såg fram til at det operative samarbeidet skulle bli endå betre i framtida. Dei allierte ministrane oppmuntra Ukraina til å arbeide vidare for regionalt samarbeid og godt naboskap.

Utanriksministrane i NATO-Ukraina-kommisjonen sette pris på at det praktiske samarbeidet er blitt endå betre i siste perioden ved at Ukraina har bestemt seg for å bidra til det fransk-britiske helikopterinitiativet, tiltreidd utvekslingsprogrammet for luftsituasjonsdata (ASDE), tilbydd seg å delta i NATO-reaksjonsstyrken (NRF) og vist interesse for samarbeid om dataforsvar. Dei såg fram til å underteikne ei brevveksling for å lette landverts transitt gjennom ukrainsk territorium av utstyr og forsyningar til ISAF.

Til sist merkte dei seg ein rapport om gjennomføringa av årsmålplanen for 2008 og arbeidsplanen for militærkomiteen med Ukraina for 2009/2010. I denne samanhengen stadfeste dei allierte ministrane på ny at NATO er fast bestemt på å hjelpe Ukraina i innsatsen gjennom konsultasjonar og praktisk samarbeid.

Offentlege etatar kan tinge fleire eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Kopi- og distribusjonsservice
www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefaks: 22 24 27 86

Opplysningar om abonnement, laussal og pris får ein hos:
Akademika AS
Avdeling for offentlege publikasjonar
Postboks 84 Blindern
0314 OSLO
E-post: offpubl@akademika.no
Telefon: 22 18 81 00
Telefaks: 22 18 81 01
Grønt nummer: 800 80 960

Publikasjonen finst på Internett:
www.regjeringa.no

Trykk: Lobo Media AS - 05/2009

